Avfallsgebyret gjelder pr hele kalendermåned. Gebyrplikten for nytt abonnement gjelder fra den første i måneden etter at abonnenten er omfattet av forskriften. Lov om eiendomsskatt § 25 3. ledd, § 26 og § 27 gjelder tilsvarende for oppgjør og innkreving av avfallsgebyret.

Avfallsgebyret er sikret med legalpant etter Lov om pant § 6-1.

§ 10 Kontroll

BIR kan foreta kontroll og granskning for å sikre gjennomføringen av bestemmelsene i denne forskrift.

Fremgangsmåten ved kontroll skal følge lov om behandlingsmåten i forvaltningssaker (forvaltningsloven) § 15, med mindre hjemmel for annet foreligger.

BIR kan kontrollere oppsamlingsenheter for misbruk og forsøpling. Avfall som er ulovlig hensatt og som kan spores tilbake til en person eller virksomhet, vil kunne bli belastet for opprydning etter denne forskrift § 11, 2. ledd.

Når abonnenten/kunden leverer avfall ved avfallsmottak, kan BIR kreve dokumentasjon på at avfallet er husholdningsavfall. BIR kan også foreta kontroll av de opplysningene som blir gitt.

Administrative bestemmelser

§ 11 Pålegg om opprydding og hjemmel for kostnadsdekning og straff

BIR kan gi pålegg om at den som har etterlatt, tømt eller oppbevart avfall i strid med forurensningsloven § 28 eller denne forskriften, skal fjerne avfallet og rydde opp innen en viss frist.

Dersom det er nødvendig at BIR foretar fjerning og opprydding, skal den som har overtrådt ovennevnte bestemmelser dekke rimelige kostnader BIR har hatt til dette arbeidet.

Alvorlige overtredelser av denne forskriften kan straffes med bøter.

§ 12 Delegert myndighet til å fatte enkeltvedtak mv.

Myndighet til å fatte enkeltvedtak etter denne forskriften er delegert fra kommunen til BIR med hjemmel i forurensningsloven § 83 annet ledd.

Kommunens oppgave med å innfordre gebyret kan delegeres til BIR.

§ 13 Klageadgang

Forvaltningslovens regler gjelder for behandling av saker etter denne forskriften.

Klage på enkeltvedtak med hjemmel i denne forskriften fremsettes for BIR. Dersom BIR opprettholder vedtaket oversendes det til en særskilt klagenemnd. Nemnda er politisk oppnevnt av BIRs eierkommuner. Klagenemndas vedtak kan ikke påklages.

§ 14 Forholdet til annen lovgivning

Denne forskriften griper ikke inn helselovgivning og regelverk gitt med hjemmel i slik lovgivning, som regulerer forurensing og håndtering av avfall.

§ 15 Ikrafttredelse

Denne forskriften vedtas i det respektive kommunestyre/ bystyre/ heradstyre og trer i kraft etter offentlig kunngjøring. Fra samme tid oppheves «Forskrift for håndtering av husholdningsavfall mv». av 16. mai 2007.

1.2 BKK AS

§ 1 Selskapets navn og selskapsform

1-1 Selskapets navn er BKK AS.

1-2 Selskapet skal være privat aksjeselskap.

§ 2 Formål

2-1 Selskapets formål er produksjon, overføring, distribusjon og omsetning av energi samt annen virksomhet knyttet til disse områdene.

Virksomheten kan også drives i samarbeid med eller ved deltakelse i andre foretak med tilsvarende eller lignende formål.

2-2 Selskapet skal drives på en sunn forretningsmessig basis med vekt på langsiktig verdiskapning for aksjonærene.

§ 3 Forretningskontor

3-1 Selskapets forretningskontor og hovedkontor er i Bergen.

§ 4 Aksjekapital

4-1 Selskapets aksjekapital er NOK 3.692.625.000 fordelt på tre aksjeklasser med;

74.000 aksjer i klasse A (nr 1 – 74.000)

49.230 aksjer i klasse B (nr 74.001 – 123.230)

24.475 aksjer i klasse C (nr 123.231 – 147.705)

I alt 147.705 aksjer à NOK 25.000 pr. aksje, lydende på navn.

4-2 Selskapet skal ha en egenkapital som skal være forsvarlig hensyntatt omfanget av den virksomhet selskapet driver og den risiko virksomheten innebærer.

§ 5 Eierbegrensning

5-1 Aksjer i klasse A kan bare eies av kommuner og fylkeskommuner i fylkene Møre og Romsdal, Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland.

5-2 Aksjer i klasse B er fritt omsettelige.

Aksjer i klasse C kan bare eies av slike juridiske personer som til enhver tid kan eie aksjer i selskapet uten at selskapet etter konsesjonslovgivningen mister rettigheter som en følge av at selskapet ikke lenger anses som «offentlig eiet».

§ 6 Selskapets ledelse

6-1 Selskapet ledes av adm. direktør og styret. Generalforsamlingen er selskapets

øverste organ.

6-2 Selskapet forpliktes av styrets leder eller av to øvrige styremedlemmer, i begge tilfeller sammen med adm. direktør.

Styret kan meddele prokura.

6-3 Forvaltningen av selskapets anliggender hører inn under styret som sammen med adm. direktør skal sørge for en tilfredsstillende organisasjon av selskapets virksomhet.

6-4 Adm. direktør representerer selskapet utad i saker som faller inn under dennes myndighet etter § 7.

§ 7 Daglig ledelse (Adm. direktør)

7-1 Styret ansetter adm. direktør og fastsetter vedkommendes lønn og øvrige betingelser.

7-2 Adm. direktør forestår den daglige ledelse og skal følge de retningslinjer og pålegg som styret gir.

7-3 Den daglige ledelse omfatter ikke saker som etter selskapets forhold er av uvanlig art eller av stor betydning.

§ 8 Styrets sammensetning

8-1 Styret består av 12 medlemmer med personlige varamedlemmer, hvorav 7 velges av generalforsamlingen, og 4 velges av de ansatte. Hordaland fylkeskommune har dessuten rett til å utpeke ett styremedlem med varamedlem, da slik at hvis denne rett ikke benyttes så skal generalforsamlingen velge 8 styremedlemmer.

8-2 Funksjonstiden for styret er 2 år. Styremedlemmer fungerer inntil nytt medlem er valgt.

§ 9 Styrets forretningsorden

9-1 Styrets leder innkaller til styremøte så ofte styrets leder finner det nødvendig eller når adm. direktør eller fire av styrets medlemmer forlanger det.

Innkallingen skal vanligvis skje skriftlig med angivelse av de saker som skal behandles og så vidt mulig med 7 dagers varsel. Adm. direktør gir innstilling i alle saker så langt det er mulig. Styreleder leder møtet, eller om styrets leder har forfall, nestlederen.

9-2 Styret er vedtaksført når mer enn halvparten av medlemmene er til stede.

Styret fattar sine beslutninger ved vanlig flertall. Ved stemmelikhet er

fungerende styreleders stemme avgjørende.

9-3 Fra styrets møter føres protokoll som undertegnes av samtlige tilstedeværende styremedlemmer.

§ 10 Generalforsamlingen

10-1 Ordinær generalforsamling holdes innen 6 måneder etter utløpet av hvert regnskapsår. Regnskapsåret er fra 01.01. til 31.12.

10-2 På ordinær generalforsamling skal følgende spørsmål behandles og avgjøres.

(a) Fastsettelse av resultatregnskap og balanse, herunder anvendelse av årsoverskudd eller dekning av underskudd.

(b) Fastsettelse av konsernresultatregnskap og konsernbalanse.

(c) Valg av medlemmer til styret med varamedlemmer.

(d) Andre saker som etter lov eller vedtekter hører under generalforsamlingen.

Ekstraordinær generalforsamling holdes når styret finner det nødvendig.

Ekstraordinær generalforsamling skal også innkalles innen to uker når det til behandling av bestemt angitt emne kreves skriftlig av revisor eller aksjeeiere som representerer minst 1/10 av aksjekapitalen.

10-3 Generalforsamlingen holdes i den kommune der selskapet har sitt forretningskontor.

10-4 Generalforsamlingen innkalles av styret. Innkallelse skal skje skriftlig senest

14 dager før generalforsamlingen og skal angi de saker som skal behandles.

Vil vedtektene bli foreslått forandret, må hovedinnholdet av forslaget gjengis i innkallelsen. Saker som ikke er nevnt i innkallelsen kan ikke avgjøres av generalforsamlingen med mindre alle selskapets aksjonærer samtykker.

Generalforsamlingen skal velge en møteleder. Styrets leder eller annen person utpekt av styret, åpner generalforsamlingen og leder forhandlingene til møteleder er valgt.

10-5 Hordaland fylkeskommune har rett til å møte på generalforsamlingen med 2 representanter. Representantene har talerett på generalforsamlingen.

10-6 Som generalforsamlingens beslutning gjelder det forslag som har oppnådd

mer enn halvparten av de avgitte stemmer unntatt i de tilfeller hvor aksjeloven eller disse vedtekter bestemmer noe annet. Står stemmetallet likt, gjelder det som møtelederen slutter seg til, selv om han ikke er aksjonær.

Blanke stemmer anses ikke som avgitte stemmer.

10-7 Ved valg (herunder valg av møteleder) eller ansettelse anses den eller de valgt/ansatt som får flest avgitte stemmer. Står stemmetallet likt, treffes avgjørelse ved loddtrekning.

§ 11 Overdragelse av aksjer – styresamtykke og forkjøpsrett

11-1 Aksjer i klasse A kan bare overdras til kommuner og fylkeskommuner i fylkene Møre og Romsdal, Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland.

11-2 Aksjer i klasse B kan fritt overdras.

11-3 Aksjer i klasse C Aksjene kan bare overdras til slike juridiske personer som til enhver tid kan eie aksjer i selskapet uten at selskapet etter konsesjonslovgivningen mister rettigheter som en følge av at selskapet ikke lenger anses som «offentlig eiet».

11-4 Overdragelse av aksjer skal godkjennes av styret. Slik godkjennelse kan bare nektes dersom det foreligger saklig grunn for dette. Styret kan ikke godkjenne erverv i strid med § 5.

11-5 Ved overføring av aksjer har aksjeeiere i samme aksjeklasse forkjøpsrett. Aksjeeiere i andre aksjeklasser har forkjøpsrett bare dersom ikke aksjeeiere i samme aksjeklasse gjør forkjøpsrett gjeldende.

Følgende bestemmelser gjelder om meldinger, fastsettelse av løsningssum og betaling:

(1) Når det er inngått avtale om aksjekjøp, skal erververen straks gi skriftlig melding til styret. Det samme gjelder når aksjer er overtatt på annen måte.

Styret skal straks sende skriftlig varsel til de forkjøpsberettigede.

Er kjøpesum eller annet vederlag avtalt, skal erververens melding inneholde opplysninger om kjøpesummen/vederlaget og øvrige vilkår som er avtalt.

(2) Forkjøpsretten gjøres gjeldende ved melding til selskapet.

Meldingen må være kommet frem innen to måneder etter at styret sendte skriftlig

varsel etter pkt (1). Subsidiær forkjøpsrett må gjøres gjeldende innen samme frist.

(3) Løsningssummen skal være lik avtalt kjøpesum, eller lik verdien av vederlaget hvis vederlag skal ytes i annet enn penger. Løsningssummen forfaller til betaling én måned etter at styret fikk varsel om bruk av forkjøpsretten.

Er dette forfalltidspunkt senere enn kjøpesummens forfalltidspunkt etter kjøpsavtalen, skal den forkjøpsberettigede betale rente fra kjøpsavtalens forfalltidspunkt. Renten skal være to prosentpoeng under lovbestemt forsinkelsesrente. Ved betalingsforsinkelse påløper forsinkelsesrente etter loven.

(4) Aksjeeier som skriftlig har meddelt at han gjør forkjøpsrett gjeldende, er forpliktet til å overta aksjene.

(5) Inntil det viser seg om forkjøpsretten blir benyttet, kan aksjeerververen ikke utøve andre aksjerettigheter i selskapet enn fortrinnsretten ved kapitalforhøyelse og retten til utbytte.

Forkjøpsretten må i tilfelle gjøres gjeldende til alle aksjer som retten samtidig kan gjøres gjeldende for. Benyttes forkjøpsrett av to eller flere aksjeeiere, fordeles aksjene i forhold til antall aksjer den enkelte eier i selskapet.

Er det ikke mulig å dele forholdsmessig, overtas den eller de overskytende aksjer etter loddtrekning.

§12 Vedtektsendringer

12-1 Vedtektsendringer og beslutning om å oppløse selskapet krever tilslutning fra minst 2/3 av den totale aksjekapital i selskapet.

12-2 Endring av vedtektenes § 3, § 5 og 11-1 krever tilslutning fra samtlige aksjeeiere.

Det samme gjelder endringer av punkt 4.1 som medfører at antall A-aksjer utgjør mindre enn 50,01 % av det totale antall aksjer i selskapet.

§13 Ikrafttreden

Disse vedtekter gjelder fra 1. juli 2002.

1.3 E134 Haukelivegen AS

Vedtekter for E134 Haukelivegen AS

§ 1. Namn.

Selskapet sitt namn er E134 Haukelivegen AS.

§ 2. Forretningskontor.

Selskapet sitt forretningskontor er i Vinje kommune.

§ 3. Føremål.

Selskapet har som føremål å arbeide for utbygging og standardheving av E134 Haukelivegen og RV23. I tillegg kan selskapet arbeide for å fremje interessene til viktige sidegreiner til denne transportkorridoren, etter fylkesvise prioriteringar, når dette styrker arbeidet for korridoren.

Selskapet kan ta initiativ til å opprette finansieringsselskap og utbyggingsselskap.

Selskapet har høve til å delta i og/eller arbeide saman med andre selskap med tilsvarande føremål.

Selskapet står elles fritt til å setje i verk tiltak og bruke dei verkemiddel som er tilgjengeleg og aktuelle for å fremje føremålet til selskapet.

Overskot/underskot skal disponerast etter norske lover og vedtekter. Selskapet skal ikkje betale utbyte.

§ 4. Aksjekapital.

Selskapet skal ha ein aksjekapital på 450.000 kr fordelt på 450 aksjar á 1000 kr. Alle aksjar har lik vekt på generalforsamlinga.

§ 5. Overdraging av aksjar.

Overdraging av aksjar skal godkjennast av styret. Andre aksjonærar har forkjøpsrett til pålydande verdi.

§ 6. Styret.

Styret i selskapet skal vere på 10 medlemer. Den eine styreplassen blir øymerka ein representant for næringslivet. Styremedlemer blir valde for 2 år om gongen. I tillegg skal det velgast personlege vararepresentantar. Desse fylgjer valperioden til dei faste representantane.

Styret vel sjølv leiar og nestleiar.

For at eit styrevedtak skal vere gyldig, må minst 5 styremedlemer vere til stades, deriblant leiar eller nestleiar. Ved likt stemmetal har leiaren av styret dobbeltstemme.

Styret er ansvarleg for oppfølging av dei mål som er sett for selskapet, og for å gjennomføre vedtak gjort i generalforsamlinga.

Sentrale oppgåver er:

☐ Vedta budsjett, avgje årsmelding og tilrå årsoppgjer

☐ Tilsette dagleg leiar og fastsetje løn for denne

☐ Utarbeide planar for utvikling og drift av selskapet, og vurdere korleis selskapet sine oppgåver til ei kvar tid kan løysast på beste måte.

Det skal førast protokoll frå styremøta. Styremedlem og dagleg leiar har rett til protokollmerknader.

§ 7. Generalforsamlinga.

Ordinær generalforsamling skal haldast kvart år innan utgangen av juni månad.

Generalforsamlinga blir innkalla av styret med minst ein månad skriftleg varsel til aksjonærane i selskapet.

Generalforsamlinga vel sjølv dirigent for møtet.

Ekstraordinær generalforsamling kan krevjast halde av eit fleirtal av styret eller av aksjonærer som representerer minst 1/3 av aksjekapitalen. Innkalling skal skje etter dei same fristar som for ordinær generalforsamling.

På ordinær generalforsamling blir avgjort:

1. Fastsetjing av resultatrekneskap og balanse for selskapet.
2. Bruk av overskot eller dekking av underskot.
3. Val av styremedlemer og valkomité. Val av revisor.
4. Fastsetjing av godtgjersle til styret og revisor.
5. Andre saker som i medhald av lov eller vedtekter høyrer inn under generalforsamlinga.

På generalforsamlinga i selskapet har kvar aksje ei røyst. Aksjonærane kan la seg representere ved fullmektig med skriftleg fullmakt.

Det skal førast protokoll for generalforsamlinga. Protokollen skal underskrivast av to

representantar for aksjonærane, valde av generalforsamlinga.

§ 8. Dagleg leiar.

Dagleg leiar skal ha det overordna ansvaret for drift av selskapet i samsvar med styret sine vedtak.

Dagleg leiar er sekretær for styret, og set i samråd med styreleiar opp sakliste og gjer saksutgreiingar og framlegg til vedtak i dei saker som blir lagt fram for styret.

§ 9. Prokura m.m.

Styreleiar og dagleg leiar bind selskapet i fellesskap med sine underskrifter. Styret kan gje prokura.

§ 10. Vedtektsendringar.

Vedtektsendringar kan gjerast av ordinær eller ekstraordinær generalforsamling med 2/3 fleirtal. Framlegg til endring av vedtekter skal stå på sakskartet og fylgje innkalling til årsmøtet.

§ 11. Oppløysing.

Vedtak om oppløysing av selskapet kan gjerast av ordinær eller ekstraordinær generalforsamling med 2/3 fleirtal. Overskot etter avviklinga skal betalast til eigarane i same forhold som dei har aksjar.

Vedteke 10. januar 2001 med endringar seinast 06.06.2014.

1.4 Hardanger AKS AS

Vedteke 21.01.2015

§ 1

Selskapet sitt namn er Hardanger AKS AS.

§ 2

Selskapet sitt føremål er attføring og/eller sysseletjing av yrkeshemma, herunder å eiga andre selskap med liknande føremål. Verksemda skal ikkje gje aksjonærane økonomisk utbyte. Alt overskot skal bli i verksemda og koma attføringsverksemda til gode. Ved likvidasjon skal formuen nyttast i samsvar med føremålet.

§ 3

Selskapet skal ha forretningskontor i Kvam herad.

§ 4

Aksjekapitalen er kr. 110 000,00 fordelt på 110 aksjar à kr. 1 000,00.

§ 5

Overdraging av aksjane skal ha styret sitt samtykkje. Styret skal ikkje gje samtykkje vlss overdraginga fører til at aksjemajoriteten ikkje vert verande hjå kommunar eller fylkeskommunar.

§ 6

Selskapet skal leiast av eit styre på inntil fem personar. Tre av styremedlemmen i felleskap teiknar selskapet sitt firma.

§ 7

Ordinær generalforsamling skal haldast innan seks månader etter utgangen av kvart rekneskapsår. På denne skal følgjande spørsmål behandlast og avgjerast:

- 1. Fastsetjing av resultatrekneskap og balanse**
- 2. Bruk av årsoverskot eller dekning av underskot i samsvar med den fastsette balansen.**
- 3. Andre saker som etter lov og vedtekter høyrer inn under generalforsamlinga. Innkalling til ordinær og ekstraordinær generalforsamling skjer med åtte dagars varsel. På generalforsamlinga har kvar aksje ei stemme.**

1.5 Hardangerrådet AS

Godkjent i Hardingtinget 26.10.06

§ 1 FIRMA

Selskapet sitt namn er Hardangerrådet AS. Selskapet er eit interkommunalt Aksjeselskap, oppretta med heimel i lov om aksjeselskap. Selskapet skal ikkje registrerast i Verdipapirsentralen.

§ 2 FORRETNINGSKONTOR

Hardangerrådet AS har forretningskontor i Ullensvang herad.

§ 3 FØREMÅLET FOR SELSKAPET

Selskap har eit ideelt føremål å styrkja regionen gjennom større grad av forpliktande samarbeid. Samarbeidet skal leggja til grunn deltaking frå likeverdige partar og skal vera eit supplement og ei støtte til kommunane si eiga verksemd. Selskapet skal ikkje betala aksjeutbytte. Overskot i selskapet skal gå til auka aktivitet.

§ 4 AKSJEKAPITALEN

Selskapet har ved stiftinga aksjekapital på 100.000 norske kroner, fordelt på 100 aksjar pålydande 1.000 kroner på namn.

§ 5 STYRE

Styret for selskapet skal har frå 7 til 9 medlemmer med personlege varamedlemmer.

§ 6 SIGNATUR

Styreleiar og dagleg leiar har saman signatur. Dagleg leiar har i tillegg prokura.

§ 7 GENERALFORSAMLING.

Den ordinære generalforsamlinga skal haldast kvart år innan utgangen av juni. Stad for generalforsamlinga rullerer mellom aksjeeigarkommunane.

Innkalling til generalforsamling skal sendast 3 veker før møtet skal haldast. Innkallinga skal ha oversyn over dei sakene som skal handsamast.

Årsregnskap, årsmelding og revisjonsmelding skal seinast ei veke før generalforsamlinga sendast til kvar aksjeeier.

Aksjeeigarane kan la seg representera på generalforsamlinga ved fullmektig med skriftlege fullmakter. På ordinær generalforsamling skal følgjande saker handsamast:

1. Fastsetjing av resultatrekneskap og balanse
2. Bruk av overskott eller dekning av underskot i høve til den fastsette balansen.
3. Val av styremedlemmer etter kommunevalet eller ved suppleringsval.
4. Val av revisor
5. Saker frå styret
6. Andre saker som i høve til lov og vedtekter høyrer inn under generalforsamlinga.

§ 8 RÅDMANNSFORUM

Selskapet skal ha eit rådgjevande organ samasett av rådmennene i eigarkommunane. Rådmennene kan la seg representera med fullmakt. Leiar i Rådmannsforum har møte-, tale- og framleggsrett i styret.

§ 9 OPPLØYSING.

Selskapet har ikkje til føremål å skaffa økonomisk vinning for aksjonærane. Selskapet sine midlar kan ikkje delast ut som utbytte, og eventuelt overskot skal leggjast til selskapskapitalen. Ved oppløysing av selskapet skal selskapet sine midlar tilfalla aksjonærane

§ 10 AKSJELOVA.

Selskapet er regulert av den til ei kvar tid gjeldande aksjelovgjeving.

1.6 Kommunekraft AS

Vedtekter vedtatt på stiftelsesmøte 28. april 1993.

§ 1. Selskapets navn

Selskapets navn er Kommunekraft AS.

§ 2. Selskapets formål

Selskapets formål er å formidle aksjeeiernes disponible kraft, herunder konsesjonskraft, og drive annen virksomhet tilknyttet slik formidling.

§ 3. Selskapets forretningskontor

Selskapets forretningskontor er i Oslo.

§ 4. Selskapets aksjekapital

Selskapets aksjekapital er på kr. 320 000,-, fordelt på 320 aksjer pålydende kr. 1 000,-, fullt innbetalt og lydende på navn.

§ 5. Aksjenes omsettelighet

Aksjeeiere kan bare være Landssamanslutninga av Vasskraftkommunar (LVK), primærkommuner som er medlemmer av LVK, og fylkeskommuner.

Primærkommuner og fylkeskommuner kan bare eie en aksje hver.

Ved endring av kommunestruktur skal den nye kommune/fylkeskommune ikke kunne eie mer enn en aksje. LVK forplikter seg til å kjøpe den/de overskytende aksje(r) til pålydende.

LVK skal til enhver tid eie 50 % eller mer av aksjekapitalen.

§ 6. Selskapets styre

Styret i selskapet skal bestå av i alt 5 medlemmer. 2 styremedlemmer med personlig vararepresentant velges blant representantene i LVKs landsstyre og 2 styremedlemmer med personlig vararepresentant blant selskapets aksjeeiere, hvorav minst en med vararepresentant fra primærkommune. Som styrets leder skal velges en person som ikke representerer aksjeeierne eller LVK. Nestleder skal være en av LVKs representanter.

LVKs sekretariat deltar i styrets møter med forslags- og uttalerett.

§ 7. Styrets kompetanse

Forvaltningen av selskapets anliggender hører under styret, som skal sørge for en tilfredsstillende organisasjon av selskapets virksomhet.

§ 8. Daglig ledelse

Selskapets daglige ledelse forestås av LVKs sekretariat i samsvar med styrets retningslinjer og pålegg.

LVKs sekretariat kan gi innstilling i saker som skal behandles av styret.

§ 9. Representasjon/signatur

Selskapet forpliktes av styrets leder eller i dennes fravær av to styremedlemmer i forening.

§ 10. Generalforsamlingen

Ordinær generalforsamling holdes hvert år innen utgangen av juni måned.

Styret møter i generalforsamlingen.

§ 11. Generalforsamlingens kompetanse

Den ordinære generalforsamlingen skal:

1. fastsette resultatregnskap og balanse for foregående regnskapsår, avsluttet pr. 31.12., og revidert

2. treffe bestemmelser om anvendelse av disponibelt overskudd, eller dekning av underskudd i henhold til den fastsatte balanse
3. velge selskapets styre, styrets leder og nestleder
4. behandle saker som styret måtte forelegge generalforsamlingen og er nevnt i innkallingen
5. ivareta andre saker som etter lov og vedtekter hører under generalforsamlingen

§ 12. Selskapets tjenester

Selskapets tjenester skal prises slik at prisen dekker kostnadene og en betryggende avsetning i fond.

1.7 Kvam kraftverk AS

Vedteke av Kvam heradsstyre 16.12.1997, HST-sak 97/113. Siste revisjon 08.05.2007

§ 1. Namn

Selskapet sitt namn er Kvam Kraftverk AS.

§ 2. Føremål

Selskapet sitt føremål er energiforsyning og energiøkonomisering, og under dette:

- a) produksjon av energi
- b) kjøp og sal av energi
- c) eige og drive overføringsanlegg og syte for ei rasjonell og sikker energiforsyning
- d) stimulere til gjennomføring av ENØK-tiltak
- e) drive anna verksemd som naturleg har tilknytning til ovannemnde føremål og som kan gje inntekter
- f) delta i eller samarbeide med andre verksemdar som har same eller liknande føremål
- g) utføre det lokale el-tilsyn

§ 3. Forretningskontor

Selskapet sitt forretningskontoret skal vere i Kvam herad. Selskapet si målform er nynorsk.

§ 4. Aksjekapital

Selskapet sin aksjekapital er på kr.10.000.000,- fordelt på 1000 aksjer, kvar pålydande kr.10.000,- fullt innbetalt.

§ 5. Krav om samtykke ved eigarskifte

Alle kjøp/sal av aksjer må godkjennast av selskapet si generalforsamling med minst 2/3 fleirtal.

§ 6. Forkjøpsrett

Aksjeeigarane har rett til å overta ein aksje som skal avhendast eller skifter eigar, på dei vilkår som går fram av dei til ei kvar tid gjeldande lovverk.

§ 7. Utbytte.

Selskapet skal drivast på ein sunn forretningsmessig basis med vekt på verdiskaping for aksjonærane samt ivaretaking av forsvarleg eigenkapital. Avkastninga bør minst tilsvare eigar si alternative avkastning på midlar til same risiko.

Med mindre det til ei kvar tid gjeldande aksjelovverk er til hinder for det, skal minst 40% av årsoverskottet etter skatt utbetalast som utbytte.

§ 8. Leing.

Selskapet skal leiast av eit styre.

Den daglege leiinga høyrer under ein administrerande direktør.

Adm.direktør har det daglege ansvaret for at selskapet vert leia i samsvar med gjeldande lover, vedtekter og etter vedtak som vert gjort i selskapet sine formelle organ.

§9. Styre

Styret skal ha fem medlemer og tre varamedlemer.

Fire styremedlemer med to varamedlemer skal veljast av generalforsamlinga. Ein styremedlem og ein observatør med varamedlemer skal veljast av og mellom dei tilsette. Alle medlemene vert valde for to år om gongen. For dei styremedlemene som skal veljast av generalforsamlinga gjeld likevel at fyrste gongen skal to styremedlemer og ein varamedlem trekkjast ut ved lutdraging etter eit år for å kome på val. Generalforsamlinga vel styreleiaren og nestleiarer mellom medlemene valde av generalforsamlinga.

§10. Styremøte

Styremøte vert halde så ofte møteleiaren finn det turvande, eller når ein styremedlem eller adm. direktør krev det.

Leiaren kaller inn til styremøte, og innkallinga skal nemne dei saker som ein skal ha føre. Styret er vedtaksført når tre medlemer er til stades, mellom dei leiaren eller nestleiarer. Det skal førast protokoll frå styret sine møte. Styret sine vedtak vert gjort med simpelt fleirtal. Ved likt stemmetal, har styreleiaren dobbeltstemme.

Adm.direktør har rett og plikt til å møte i styremøta med forslag- og talerett, dersom styret i einskildhøve ikkje avgjer noko anna.

§11. Styret sine gjeremål

Styret leier selskapet i samsvar med lover og vedtekter. Forvaltninga av selskapet høyrer under styret, som skal syte for ei forsvarleg organisering av selskapet si verksemd.

Under dette óg:

- a) Gjera vedtak om kraftavtaler med bindingstid på meir enn eitt år. Fastsetje rammer og vilkår for kjøp og levering av energi.
- b) Fastsetje budsjett og langsiktige planar for selskapet i samsvar med vedteken strategiplan.
- c) Tilsetje og sei opp administrerande direktør. Styret fastset løn og utformer instruks for administrerande direktør.
- d) Val av medlemskap i arbeidsgjevarorganisasjon.
- e) Avskriving av fordringar utover budsjetttramma.
- f) Andre ting av uvanleg art og stor verdi.

Innan ramma av §8-7, 2.lekk, 3.punkt i aksjelova frå 1976 og §6-14, 3.lekk i aksjelova av 1997, kan styret delegere deler av sin kompetanse til administrerande direktør. Styreleiaren saman med ein styremedlem teiknar selskapet sitt firma. Styret kan tildele prokura.

§12. Generalforsamling

Kvam heradsstyre er generalforsamling.

Ordinær generalforsamling skal haldast kvart år innan 20.juni.

Ekstraordinær generalforsamling skal haldast når styret krev det.

Det skal og kallast inn til ekstraordinær generalforsamling innan 14 dagar til handsaming av eit særleg emne, når det er kravd skriftleg av selskapet sin revisor,

eller av aksjonærar som representerer minst ein tiendepart av aksjekapitalen. Generalforsamlinga vert innkalla skriftleg av styreleiaren med minst 14 dagars varsel.

Innkallinga skal nemne dei saker som skal vere føre på møtet, og saksdokumenta skal sendast ut i god tid før møtet.

Styreleiaren opnar generalforsamlinga. Deretter vel generalforsamlinga møteleiar.

Generalforsamlinga avgjer sakene med simpelt fleirtal, når ikkje anna er fastsett i vedtekter eller lov.

Endring av vedtektene krev 2/3-dels fleirtal så vel av dei avgitte stemmene som av den aksjekapitalen som er representert på generalforsamlinga.

§13. Generalforsamlinga sine gjeremål

Ordinær generalforsamling skal handsame og treffe avgjerder i fylgjande saker:

- a) Vedtektsendring, føremål og strategi for selskapet
- b) Kjøp og sal av kraftverk og annan eigedom av vesentleg verdi
- c) Handsaming av styret si årsmelding
- d) Fastsetjing av resultatrekneskap og balanse for føregåande rekneskapsår.
- e) Gjere vedtak om disponering av overskott, eller dekking av underskott i samsvar med den fastsette balansen og om utdeling av utbytte.
- f) Val av styre med styreleiar og nestleiar.
- g) Etter framlegg frå styret velje revisor. Revisor skal vere statsautorisert.
- h) Fastsetje godtgjersle til styre og revisor.
- i) Gjere vedtak i andre saker som er nemnt i saklista og saker som etter lov eller vedtekter høyrer under generalforsamlinga.

§14. Generelt

Ein viser elles til den til ei kvar tid gjeldande aksjelovgjeving.

§15. Valnemnda

Valnemnda for Kvam herad er også valnemnd for Kvam Kraftverk AS.

1.8 Visit Hardangerfjord AS

Frå innkallinga til generalforsamlinga:

Sak 10. Namneendring på selskapet

Noverande namn på selskapet er Reisemål Destination Hardanger Fjord AS. Dette har vore namnet på selskapet sidan etableringa i 1993. I løpet av dei 25 åra som har gått har det utvikla seg ein praksis i Noreg og i utlandet der Visit Regionnamn har vorte vanleg. Døme på dette er Visit Trondheim, Visit Telemark og Visit Stockholm. Bruken av Visit namn på destinasjonsselskap vert oppfatta av reisande og i bransjen som eit tydeleg signal om at det dreier seg om eit destinasjonsselskap.

På NTW i Stavanger i år deltek 27 norske «Visit» selskap, og 8 «Destination/destinasjon» selskap.

Styret gjer framlegg om at selskapet endrar namn til Visit Hardangerfjord AS.

Vedtekter

for Reisemål Destination Hardanger Fjord AS

fastsett 25.3.93.

Endra 11.4.96, 26.4.99, 30.4.01, 12.4.02, 15.05.07, 22.3.12 og 26.4.16

1.

Namnet til selskapet er REISEMÅL/DESTINATION HARDANGER FJORD AS

2.

Selskapet sitt forretningskontor er i Kvam herad.

3.

Målet til selskapet er som konsulent på tilskotts- og konsulentbasis å samordne all marknadsføring i Hardangerregionen og tiltak som kan vere med å styrke reiselivsnæringa i regionen.

Målet til selskapet er vidare på vanlege vilkår å utføre oppdrag for verksemdar og andre når det gjeld marknadsføring og reklameretta verksemd, produktutvikling m.v., samt å delta i forretningsretta verksemd relatert til reiseliv.

4.

Selskapet sin aksjekapital er kr 522.000 fordelt på 522 aksjar a kr 1.000,- kontant innbetalt og lydande på namn.

5.

Selskapet sitt styre er sett saman av 5-7 medlemmer, av desse skal 6 veljast av generalforsamlinga. Eit medlem med personleg vararepresentant vert oppnemnt av Hardangerrådet.

Valet gjeld for 2 år om gongen. Styreleiar og nestleiar vert vald av generalforsamlinga i eige val for 1 år om gongen.

Leiar i styret og 2 styremedlemmer i fellesskap eller 3 styremedlemmer i fellesskap teiknar selskapet. Styret kan meddela prokura og tilsetje dagleg leiar.

6.

Den ordinære generalforsamlinga skal handsame:

1. Fastsetjing av resultatrekneskap og balanse
2. Bruk av overskott eller dekning av underskot i høve til den fastsette balansen samt utdeling av utbyte.
3. Val av styre og valnemnd.

Valnemnda vert sett saman av 3 medlemmer: 1 representant frå kommunane., 1 representant frå overnatting/servering og 1 representant frå andre aksjonærar.

Valnemnda si innstilling til generalforsamlinga skal gjenspegle mangfaldet i medlemsverksemdene, og skal ved oppstart av sitt arbeid gjennomføre eit møte med dagleg leiar og styreleiar i selskapet.

4. Andre saker som i høve til lov og vedtekter høyrer inn under generalforsamlinga.

Ingen kan personleg og/eller som fullmektig på generalforsamlinga stemme for meir enn 1/5 av dei frammøtte stemmene.

7.

Overdraging av aksjar skal godkjennast av styret.

8.

Elles viser ein til den til ei kvar tid gjeldande aksjelovgjeving.

2 Samvirkelag - vedtekter

2.1 Biblioteksentralen SA

Vedtekter, link:

<http://www.bibsent.no/Om%20Biblioteksentralen/Vedtekter%20for%20Biblioteksentralen%20SA.aspx>

av 4. februar 1952 med senere endringer, sist av årsmøtet 21. april 2016

§ 1 Selskapsform, foretaksnavn og forretningssted

Biblioteksentralen SA er et samvirkeforetak med skiftende kapital og skiftende medlemstall. Foretaket har forretningskontor er i Oslo kommune. Medlemmenes ansvar er begrenset til andelskapitalen.

§ 2 Formål

Hovedformålet for Biblioteksentralen er å være serviceorgan for og hovedleverandør av produkter og tjenester til offentlige bibliotek, skoler og andre offentlige institusjoner.

I tillegg kan Biblioteksentralen etablere og investere i virksomheter med det formål å betjene det totale bok-, informasjons- og kunnskapsmarkedet.

Biblioteksentralen skal drives etter vanlige bedriftsøkonomiske prinsipper, slik at det skapes økonomisk trygghet og utviklingsmuligheter og slik at medlemmenes interesser ivaretas på beste måte.

Biblioteksentralen har ikke økonomisk fortjeneste i seg selv som formål for virksomheten - herunder heller ikke for medlemmene, jf. § 15.

§ 3 Medlemmer

Som medlemmer kan opptas:

1. Landets kommuner.
2. Landets fylkeskommuner
3. Norsk Bibliotekforening
4. Kommunenes Sentralforbund (KS)
5. Universiteter, vitenskapelige høyskoler og statlige høyskoler som omfattes av Lov om universiteter og høyskoler (Lov av 1.4.2005 nr. 15).

Medlemmene betaler ikke medlemskontingent. Søknad om å bli opptatt som medlem rettes skriftlig til styret. Foretaket kan bare nekte noen å bli medlem dersom det er saklig grunn for det. Avslås søknaden, skal dette begrunnes. Avgjørelsen kan innankes til første regulære årsmøte. Skriftlig anke må være kommet styret i hende innen 3-tre-måneder fra underretning om avslag ble gitt, jf. også § 6, nest siste ledd.

§ 4 Ansvarsinnskudd

Foretakets driftskapital tilveiebringes ved at medlemmene innbetaler andeler á kr. 300,- etter følgende regler:

- a) Kommunene minst 1 andel for hver 1200 innbyggere, men minst 1 andel. Tallet for statens siste folketelling før innmeldelingsdagen legges til grunn.
- b) Fylkeskommunene minst 30 andeler for hver fylkeskommune.
- c) Norsk Bibliotekforening minst 1 andel. KS minst 1 andel.
- d) Universiteter, vitenskapelig høyskoler og statlige høyskoler som omfattes av Lov om universiteter og høyskoler, minst 1 andel.

Andelene innbetales innen 1 måned etter innmeldingen. Dersom innbyggertallet i en kommune stiger, og pr. 1. januar et år når en høyde som betinger innbetaling av ytterligere andel(er), kan styret bestemme at ytterligere innbetaling skal finne sted. Synker innbyggertallet, kan styret etter søknad tilbakebetale tegnede andeler tilsvarende. Andelene kan ikke overdras til andre eller pantsettes, og heller ikke kan noen ved rettsforfølgning eller på annen måte søke utlegg i andelene eller bli eier av dem.

Andelsinnskuddet forrentes ikke. Ved utmelding betales andelsinnskuddet tilbake, jf. § 14.

§ 5 Selskapets organer

Biblioteksentralens organer er årsmøtet og styret.

§ 6 Årsmøte

Årsmøtet er selskapets øverste myndighet. Ordinært årsmøte holdes hvert år innen utgangen av april. Tid og sted bestemmes av styret, som sender innkalling med 14 dagers varsel til alle medlemmene, ledsaget av dokumenter for de saker som skal behandles. Meddelelse skjer bare i brev og ikke i offentlige publikasjoner.

Årsmøtet skal behandle følgende saker:

1. Valg av møteleder.
2. Valg av 2 deltakere til å undertegne protokollen.
3. Godkjenne styrets årsberetning.
4. Godkjenne foretakets årsregnskap, herunder gjøre vedtak om disponering av årsoverskudd som er foreslått av styret.
5. Valg av styre med varamedlemmer.
6. Valg av styrets leder og nestleder.
7. Valg av valgkomité med leder for neste årsmøte, herunder fastsetting av retningslinjer for valgkomiteens arbeid. Valgkomiteen skal bestå av 3 medlemmer og 2 varamedlemme. KS utpeker ett medlem og ett varamedlem til valgkomiteen. Styret innstiller til valg av 2 medlemmer samt ett varamedlem til valgkomiteen.
8. Valg av revisor.
9. Fastsetting av godtgjørelse til styret.
10. Andre saker som er nevnt i innkallingen forelagt av styret eller medlemmer.

Saker som ønskes behandlet på det ordinære årsmøtet, må meldes skriftlig til styret innen 1.februar eller i så god tid at styret har anledning til å behandle sakene og ta dem med i innkallingen til årsmøtet.

§ 7 Ekstraordinært årsmøte

Ekstraordinært årsmøte holdes når styret bestemmer det. Styret skal også innkalle til ekstraordinært årsmøte når revisor eller minst en tidel av medlemmene krever det for å få tatt opp en klart oppgitt sak. Ekstraordinært årsmøte skal avholdes innen en måned etter at kravet ble framsatt. Bare de saker som har foranlediget innkallingen, kan behandles. Ekstraordinære årsmøter treffer beslutninger med samme myndighet som det ordinære årsmøtet.

§ 8 Stemmerett

Hvert medlem har én stemme på årsmøtet. Et medlem kan dessuten stemme som fullmektig for ett annet medlem. Medlemmer som skal stemme som fullmektig, skal legge fram skriftlig og datert fullmakt.

§ 9 Selskapets ledelse

Biblioteksentralen ledes av et styre og en administrerende direktør.

Styret består av 7 medlemmer. 5 representanter velges av årsmøtet og 2 representanter valgt av og blant medarbeidere ansatt i Biblioteksentralen SA eller datterselskaper eid med minst 51 % av Biblioteksentralen SA. Styret skal ha 2 varamedlemmer valgt av årsmøtet og 2 varamedlemmer valgt av og blant de ansatte i BS konsern. Styremedlemmene fungerer for to år av gangen. Varamedlemmene fungerer for ett år av gangen. Et styremedlem blir stående inntil nytt medlem er valgt, selv om

tjenestetiden er utløpt. Når særlige forhold foreligger, har et styremedlem rett til å tre tilbake før tjenestetiden er ute. Melding om tilbaketreden gis med rimelig forhåndsvarsel til styret.

Styremedlemmene velges eller utpekes på følgende måte: Annet hvert årsmøte velger henholdsvis 2 og 3 medlemmer etter innstilling fra valgkomiteen. Gjenvalg kan finne sted. De ansattes 2 medlemmer med varamedlemmer velges av og blant de ansatte.

Styrets varamedlemmer fungerer for ett år av gangen. Hvert årsmøte velger 2 varamedlemmer i numerisk rekkefølge etter innstilling fra valgkomiteen. De ansattes 2 varamedlemmer velges av og blant de ansatte i numerisk rekkefølge.

Styrets leder og nestleder velges av årsmøtet for to år av gangen, etter innstilling fra valgkomiteen i samsvar med retningslinjene for valgkomiteens arbeid. Valget skal skje skriftlig hvis minst én representant ønsker det.

Styret har overordnet ansvar for virksomheten i Biblioteksentralen i samsvar med vedtektene og årsmøtets beslutninger samt i samsvar med bestemmelsene i samvirkeloven om styrets forvaltnings- og tilsynsansvar.

Styret skal i den forbindelse sørge for forsvarlig organisering av virksomheten, fastsette overordnede planer og budsjetter for virksomheten samt påse at regnskap og formuesforvaltning er gjenstand for betryggende kontroll.

Styret er beslutningsdyktig når minst 4 medlemmer er til stede. Sakene avgjøres ved vanlig flertall. Ved stemmelikhet er styreleders stemme avgjørende.

Administrerende direktør har ansvar for den daglige ledelse av virksomheten i samsvar med de retningslinjer og pålegg styret har gitt samt i samsvar med bestemmelsene i samvirkeloven om daglig leders ansvar og plikter. Styret skal fastsette en styreinstruks. Styreinstruksen skal inneholde nærmere regler om styrets arbeid og saksbehandling, samt gi retningslinjer om hvilke saker som skal styrebehandles og administrerende direktørs arbeidsoppgaver og plikter overfor styret.

§ 10 Hvordan selskapet forpliktes

Biblioteksentralen forpliktes ved underskrift av styrets leder (eller i hans/hennes fravær nestleder) og den ansatte administrerende direktør i fellesskap. Styret kan meddele prokura.

§ 11 Revisjon

En revisor skal velges av årsmøtet. Revisor skal i den utstrekning det følger av god revisjonsskikk, granske selskapets årsoppgjør, regnskaper og behandling av andre saker.

§ 12 Årsoppgjør

Ved utløpet av hvert kalenderår foretas fullstendig regnskapsoppgjør. Før avslutning skal alle poster som vedrører året være avsluttet i samsvar med forsiktig og god forretningsskikk. Herunder skal de nødvendige avskrivninger være foretatt. Foretaket skal alltid ha en forsvarlig egenkapital.

Foretakets årsoverskudd kan disponeres til:

1. Avsetning til annen egenkapital.
2. Etterbetaling.
3. Avsetning til etterbetalingsfond. Eventuell utbetaling fra etterbetalingsfond skal foretas med grunnlag i medlemmenes omsetning med BS de siste tre regnskapsår før årsmøtet.
4. Avsetning til medlemskapitalkonti.
5. Forrenting og annen økning av andelsinnskudd og medlemskapitalkonti.

Årsmøtet kan ikke vedta disponering av høyere beløp enn det styret foreslår.

§ 13 Vedtektsendringer

Vedtektsendringer kan besluttes av årsmøtet med 2/3 av de avgitte stemmene.

For vedtektsendringer som innebærer

1. vesentlige endringer av formålsparagrafen,
2. bestemmelser om å øke medlemmenes heftelser,
3. skjerpet plikt til å gjøre innskudd i foretaket,
4. innføring av omsetningsplikt med foretaket eller vesentlig skjerping av slik plikt, eller
5. begrensninger av retten til å melde seg ut, kreves tilslutning fra minst 4/5 av de avgitte stemmene.

§ 14 Utmeldelse

Utmelding fra Biblioteksentralen kan skje med 3 måneders skriftlig varsel til styret. Tilbakebetaling av andelsinnskudd skjer 3 måneder etter neste regnskapsoppgjør.

Er selskapets midler mindre enn den samlede andelskapital, nedskrives det utmeldte medlems tilgodehavende i forhold til dette. Utmeldte medlemmer har ingen rett til etterbetaling.

2.2 LL Det norske teater

VEDTEKTER FOR L/L DET NORSKE TEATRET

Revidert april 2016

- **1**

Det Norske Teatret er eit lag med avgrensa ansvar, som har til føremål å syna fram skodespel på norsk mål i bygd og by.

- **2**

Lutmedelen (aksjekapitalen) er kr 4.908.800 fordelt på 12.272 luter (aksjar) på kr 400 kvar, og utskrivne på namn. Laget (selskapet) har sete (forretningskontor) i Oslo. Lutene skal registrerast i aksjeeigarbok.

- **3**

Laget har eit styre på sju medlemer. Årsmøtet vel to av desse for to år om gongen. Årsmøtet vel òg to varamedlemer for eitt år om gongen. Vidare skal årsmøte velje tre styremedlemer og inntil to varamedlemer i rekkje mellom personar som Kulturdepartementet har gjort framlegg om. Desse skal veljast for fire år. Fast tilsette og heilårstilsette på teatret vel to styremedlemer med tre varamedlemer for kvar av dei. Ein av desse styremedlemene og varamedlemene hennar/hans skal veljast mellom kunstnarane på teatret, den andre og varamedlemene hennar/hans mellom dei andre tilsette på teatret. Teatersjef og direktør kan ikkje veljast.

Den valnemnda som er omtalt i § 5, skal koma med framlegg til årsmøtet om medlemer i styret.

- **4**

På teatret skal det vera samarbeidsorgan til å fremja godt samarbeid i samsvar med organisasjonsmessige avtalar eller etter vedtak i styret. Slike samarbeidsorgan skal òg drøfta repertoarplanar og andre kunstnarlege spørsmål.

- **5**

Eit målpolitisk råd valt av årsmøtet gjev råd om korleis teatret skal fremja føremålet sitt på beste måte. Rådet kan ta opp spørsmål som gjeld både teatret og målorganisasjonane. Rådet fastset sjølv arbeidsskipnaden.

Rådet har 5 medlemer, med 5 numeriske varamedlemer valde for to år. Ingen kan ha ombod i rådet og teaterstyret samstundes. Rådet vel sjølv leiar mellom dei 5 medlemene. Teaterstyret og dei tilsette kan vera med i rådsdrøftingane. Rådet gjev melding om arbeidet sitt til årsmøtet.

Årsmøtet vel ei valnemnd på 3 medlemer, som skal koma med framlegg til årsmøtet om medlemer i teaterstyret og i Målpolitisk råd. Tenestetida i nemnda er 3 år, og slik at årsmøtet vel ein ny medlem kvart år. Medlem i nemnda kan ikkje samstundes ha ombod i rådet eller i teaterstyret. Leiar i nemnda er den som har lengst tenestetid. Noregs Mållag, Noregs Ungdomslag og teaterstyret kjem kvar med framlegg til ein medlem i valnemnda

- **6**

Styret konstituerer seg sjølv, og vel leiar mellom dei årsmøtevalde styremedlemene som ikkje er valde etter framlegg frå Kulturdepartementet. Styret har det allmenne og overordna ansvar for drifta av teatret og for at føremålet vert etterlevd. Det tilset teatersjef (dagleg leiar) og direktør og gjev instruksar for dei to stillingane. Styret vedtek budsjettet og fastset retningslinjer for verksemda. Det skal halda seg orientert om økonomiske tilhøve som vedkjem teatret og sjå til at det er trygg kontroll med rekneskapen og formuesforvaltninga.

Teatersjefen er dagleg leiar for verksemda på teatret og skal følgja dei retningslinjer som styret har vedteke. Ho/han skal leggja fram for styret saker som er uvanlege eller som har mykje å seia for verksemda på teatret.

Styreleiaren kan med si underskrift på vegner av styret forplikta teatret. Saker som har med lån, kausjon, pant og avhending eller kjøp av fast eigedom å gjera, skal medunderskrivast av ein av dei årsmøtevalde styremedlemene. Teatersjefen kan forplikta teatret i alle saker som er omfatta av hennar/hans funksjon som dagleg leiar for heile verksemda. Ho/han kan innanfor sitt område delegera retten til å forplikta selskapet.

- **7**

Styret skal sjå til at selskapet oppfyller avtalar, vilkår og føresetnader for statlege tilskotsordningar og senda Kulturdepartementet årsmelding, rekneskap med revisormelding og årsmøteprotokollen.

Framlegg til vedtektsendringar skal styret leggja fram for Kulturdepartementet til fråsegn.

- **8**

Rekneskapsåret går frå 1. januar til 31. desember.

- **9**

Årsmøtet skal haldast i Oslo innan utgangen av april etter skriftleg innkalling til luteigarane, sendt seinast 14 dagar før møtedagen.

Årsmøtet skal:

1. Velja styremedlemer og varamedlemer etter § 3, første ledd, andre til femte punktum, målpolitisk råd etter § 5, og revisor.
2. Godkjenna årsrekneskapen, årsmeldinga og honorar til revisor
3. Avgjera andre saker som styret har lagt fram av eige tiltak eller etter oppmoding frå luteigarar. Gjeld saka vedtektsendringar, må framlegget få to tredjedels fleirtal både av røystene og av aksjekapitalen attom dei om endringa skal verta vedteken.

- **10**

Ingen på årsmøtet kan ha råderett over meir enn 10 røyster, for seg sjølv og etter fullmakt samanlagt.

- **11**

Styret kan kalla inn til omframt årsmøte når minst 20 luteigarar skriftleg grunngjev eit krav om det, revisor ber om det skriftleg, eller når styret meiner det er nødvendig. Fristen for innkallinga er minst ei veke.

2.3 Tørvikbygd vasslag SA

VEDTEKTER FOR

TØRVIKBYGD VASSLAG SA datert 26. november 2010

§ 1

Selskapet sitt namn er TØRVIKBYGD VASSLAG SA.

§ 2

Selskapet sitt forretningskontor er i KVAM HERAD.

§ 3

Selskapet sitt føremål er å skaffa vatn til medlemene i Tørvikbygd, so langt det forsvarleg let seg gjera.

§ 4

Selskapet er eit lag med upersonleg ansvar, med vekslande medlemstal og med vekslande kapital. Kvart medlem heftar åleine for sin ansvarskapital (andelsinnskott) kr 6.000,00. Ansvarskapitalen skal ikkje forrentast og kan ikkje betalast attende ved utmelding jf.vedtektene § 12. Medlemene skal ikkje betala medlemskontingent. Elles gjelder Lov 2007-06-29 nr.81: Lov om samvirkeforetak (samvirkelova) så langt den høver.

§ 5

Selskapet sitt styre skal ha 5 –fem- medlemmer. Styremedlemene vert valgt for to år om gongen. Styreleiaren vert valgt for eit år om gongen.

§ 6

Firma vert teikna av styreleiaren åleine. Styret kan meddela prokura. Styret organiserer seg med ein nestleiar og ein skrivar. Styret er vedtaksført når fire medlemmer møter. Står røystetalet likt, gjer leiaren si røyst utfallet. Styret skal føra møtebok.

Styret skal:

1. Leia laget si verksemnd i samsvar med vedtektene.
2. Føreslå endringar av gjeldande ansvarskapital ved opptak av nye medlemmer.
3. Føreslå endringar i årleg vassavgift i takt med prisstigning og økonomien i laget.
4. Avgjera tvister og usemjer som måtte oppstå.
5. Tilsetja forretningsførar som skal vera direkte underlagt leiaren.
6. Styret har rett til å stengja av vatnet for medlemmer som ikkje betalar ansvarskapital eller vassavgift i rett tid.

§ 7

Årsmøtet er høgste styreorgan i laget og skal haldast kvart år innan 30. juni og vera tillyst med minst ei veke varsel.

Årsmøtet skal handsama:

1. Styret si årsmelding.
2. Fastsetja resultatrekneskap og balanse, herunder bruk av overskot eller dekning av årsunderskot.
3. Val av styreleiar og styremedlemer.
4. Val av revisor.
5. Godkjenna årleg vassavgift og gjeldande ansvarskapital for nye medlemer av laget.
6. Andre saker som etter lov eller vedtekter høyrer under årsmøtet.
7. Alle vedtak vert gjort med vanleg fleirtal, med unntak når det gjeld lovendringar eller ved endringar i eigartilhøve. Då vert det kravt 2/3 dels fleirtal.

§ 8

Omfram årsmøte kan haldast når styret gjer vedtak om det, eller minst 10 –ti-medlemer krev det.

§ 9

På årsmøtet har kvart medlemskap ei røyst.

§ 10

Alle vert rekna som medlemer når halvparten av ansvarskapitalen er betalt. Heile ansvarskapitalen må likevel vera innbetalt seinast eit år frå den dag vedkomande har fått vatn, elles vert medlemskapet rekna for ugyldig. Styret kan når særlege tilhøve gjer seg gjeldande, frita einskilde for innbetaling av ansvarskapital heilt eller delvis for ei bestemt tid.

§ 11

Medlemer skal gjeva fri grunn til framføring av turvande vassleidning over sin eigedom.

§ 12

Melder eit medlem seg ut av laget, tilfell hans ansvarskapital laget.

§ 13

Vassavgifta forfell til betaling kvart år i juli månad.

§ 14

Tillet den økonomiske stoda til laget det, kan laget betala ut kjøpeutbytte (etterbetaling) i høve til betalt vassavgift siste år jf. samvirkelova § 26. Ved eventuell oppløysing av laget, gjelder reglane i samvirkelova § 135. Gjenverande midlar (nettoformuen) tilfell dei som er medlem på oppløysingstidspunktet og skal fordelast mellom medlemene i høve til betalt vassavgift dei siste 5 år.

2.4 Vikøy vasslag SA

V e d t e k t e r

for
V i k ö y V a s s l a g

- " -

§ 1.

Vikøy Vasslag har til föremål å skaffa vatn til underskrivne skiparar og så langt det let seg gjera til andre fastbuande i grenda. Det er eit lag med avgrensa ansvar, vekslande medlemstal og kapital. Partmennene betalar den tilkoplingsavgifta og den årsavgifta som gjeld til kvar tid.

§ 2.

Årsmötet har högaste rådvelde i laget. Det skal kvart år haldast innan 1. mars og vert samankalla ved oppslag eller anna god lysingsmåte, med minst ei veker varsel. På årsmötet skal styret leggja fram årsmelding og rekneskap til godkjenning.

Alle vedtak på årsmötet skal gjerast med vanleg fleirtal av dei som er tilstades. Kvart medlem har ei røyst, Framnes ungdomsskule 15 røyster, Kvam herad 5 røyster.

Årsmötet skal velja formann for 1 år om gongen og eit styremedlem for 2 år. Skipingsmötet vel to styrelemer. På første vanlege årsmöte skal 1 av desse gå ut ved lutkast. Formannen er også formann i styret.

- 2 -

§ 3.

Styret skal setja til og seia opp kassastyrar. Styret skal fastsetja den årsavgifta som medlemene (partmennene) skal betala.

Likeeins skal det fastsetja tilkoplingsavgifta for dei som vil verta medlemmer (partmenn). Desse avgiftene må til kvar tid vera så høge at dei bryggjer den økonomiske drifta for laget.

Styret kallar medlemene inn til møte når det finn det turvande.

Styret skal leida verksemda til laget. Kassastyraren krev inn avgiftene. Utbetalingar skal tilvisast av formannen.

Styret har rett til å stengja for vatnet til dei medlemene som ikkje betalar avgifta si i rett tid.

§ 4.

Dersom nokon vil melda seg ut or laget, pliktar han å betala sin part av laget si skuld på utmeldingstida, likeval ikkje mindre enn årsavgifta for 5 år.

§ 5.

Alle partmenn skal utan vederlag tola at det vert lagt leidningar over deira eigedomar.

§ 6.

Nye medlemmer har rett til å bli med i laget på same vilkår som dei som er med frå starten. Dei vilkår som vert sett for opptaking av nye medlemmer (partmenn) treng godkjenning av Euan Formannskapet.

- 3 -

§ 7.

Vassavgifta må godkjennast av Landbruksdepartementet og må inn til vidare ikkje setjast mindre enn det som er föresetnaden for statstilskotet. Over- skot på drifta, etter at renta og avdrag på gjeld, tilsyn og vedlikehald er betalt, skal setjast av til fond.

§ 8.

Brigde i desse vedtektene - eller avvik frå dei - må ikkje gjerast utan etter samråd med Landbruksdepartementet.

§ 9.

Landbruksdepartementet har rett til å setja i verk den kontroll ein finn turvande, for å sjå etter at vedtektene og dei vilkåra som er sette for statstilskotet blir fylgde.

§ 10.

Oppløysing av laget må ikkje finna stad utan samtykkje av Landbruksdepartementet.

— " —

3 Interkommunale selskap - selskapsavtalar

3.1 Driftsassistanse i Hordaland IKS

Selskapsavtale for DRIFTSASSISTANSEN I HORDALAND – VANN OG AVLØP IKS

Selskapet er stiftet med hjemmel i Lov om interkommunale selskaper av 22. desember 1999 nr. 102, og skal være et interkommunalt selskap som drives etter lovens bestemmelser.

I medhold av lovens §4 er det inngått slik selskapsavtale:

1. Firma

Selskapets firma er DRIFTSASSISTANSEN I HORDALAND – VANN OG AVLØP IKS.
Forkortelsen er DIHVA.

2. Deltakere

Deltakerne i selskapet og deltakernes eier- og ansvarsandel fremgår av vedlegg 1.

Andre kommuner, fylkeskommuner eller interkommunale selskaper kan bli deltakere i selskapet etter vedtak i representantskapet. Vedlegg til selskapsavtalen endres i tråd med dette.

3. Formål

Selskapets formål er å være et kompetansesenter for vann- og avløpstjenester. Selskapet skal utføre og formidle tjenester og produkter, slik som driftsassistanse eller driftsansvar, kvalitetssikring, analysevirksomhet, opplæring, erfaringsutveksling og informasjonsvirksomhet.

Selskapet kan inngå samarbeidsavtaler eller delta i andre foretak i den grad dette er formålstjenlig.

4. Hovedkontor

Selskapet har sitt hovedkontor i Bergen kommune.

5. Styret

Styret skal ha syv medlemmer med personlige varamedlemmer. Bergen kommune skal ha minst ett medlem med personlig varamedlem.

Styremedlemmene velges for to år av gangen og slik at vekselvis tre og vekselvis fire står på valg hver gang. Styret velger selv leder og nestleder, for to år av gangen.

Daglig leder er styrets sekretær og saksbehandler. Daglig leder har tale- og forslagsrett i styrets møter dersom ikke styret i enkeltsaker vedtar at daglig leder ikke skal kunne møte.

Godtgjørelse til styrets medlemmer følger reglement fastsatt av representantskapet.

6. Innskuddsplikt

Selskapet har ikke som mål å gi fortjeneste/utbytte til deltakerne. Overskudd skal settes av til å dekke eventuelle senere underskudd og/eller komme deltakerne til gode i form av bedre tjenester og økt aktivitet.

Hver deltaker betaler et årlig innskudd, som fastsettes av representantskapet. Innskuddet er sammensatt av en fast avgift og en avgift pr. innbygger.

Innskuddet forfaller til betaling innen 31. mars for inneværende år (jfr §5).

7. Eier- og ansvarsdel

Den enkelte deltaker har eier- og ansvarsdel i henhold til innskudd som er gjort i selskapet.

Fordelig av eier- og ansvarsdel framgår av vedlegg 1 til selskapsavtalen.

Eiendeler og rettigheter til Driftsassistansen i Hordaland overføres til det nye selskapet.

8. Representantskapet

Bergen kommune skal ha to representanter med personlige vararepresentanter. De øvrige deltakerne skal hver ha én representant med personlig vararepresentant.

Valgperioden er fire år og følger kommunevalgperioden. Representantskapets medlemmer fremgår av vedlegg 2.

Representantskapet velger leder og nestleder for to år av gangen.

Avgjørelser av stort økonomisk omfang må være enstemmige. Dette gjelder større driftsomlegginger eller omdisponeringer samt kjøp og salg av eiendommer eller rettigheter når verdiene er betydelige.

Godtgjørelse til representantskapets medlemmer følger reglement fastsatt av representantskapet.

3.2 Interkommunalt arkiv i Hordaland

Gjeldande frå og med 01.01.2017

§ 1 Namn

Interkommunalt arkiv i Hordaland IKS er ei interkommunal verksemd som er oppretta med heimel i lov om interkommunale selskap. Kommunar og interkommunale selskap i Hordaland kan vere deltakarar i selskapet. Selskapet sitt firma er "Interkommunalt arkiv i Hordaland. IKS". Deltakarar i selskapet er:

- | | | |
|---------------------|----------------------|---------------------|
| • Askøy kommune | • Jondal kommune | • Samnanger kommune |
| • Austevoll kommune | • Kvam herad | • Stord kommune |
| • Austrheim kommune | • Kvinnherad kommune | • Sund kommune |
| • Bømlo kommune | • Lindås kommune | • Sveio kommune |
| • Eidfjord kommune | • Masfjorden kommune | • Tysnes kommune |
| • Etne kommune | • Meland kommune | • Ullensvang herad |
| • Fedje kommune | • Modalen kommune | • Ulvik herad |
| • Fitjar kommune | • Odda kommune | • Vaksdal kommune |
| • Fjell kommune | • Os kommune | • Voss kommune |
| • Fusa kommune | • Osterøy kommune | • Øygarden kommune |
| • Granvin herad | • Radøy kommune | |

§ 2 Rettsleg status

Selskapet er eige rettssubjekt og arbeidsgivaransvaret ligg til styret. Selskapet skal registrerast i Føretaksregisteret.

§ 3 Hovudkontor

Selskapet har sitt hovudkontor i Bergen kommune.

§ 4 Føremål og ansvarsområde

1. Selskapet sitt føremål er å arbeide for at for at verdifullt arkivmateriale i deltakarkommunane vert tatt vare på og sikra som informasjonskjelder for samtid og ettertid, og gjort tilgjengeleg for offentleg verksemd, forskning og andre administrative og kulturelle formål, jf. *Arkivlova § 6*.

2. Selskapet skal yte deltakarane desse tenestene som er finansierte gjennom det årlege driftstilskotet:

- a) ordning og katalogisering av deltakarane sine eldre arkiv
- b) utarbeiding og revisjon av overordna arkivplanar for deltakarane
- c) lokale kurs om arkivfaglege emne
- d) tilsyn med at arkivdanning og arkivlokale hos deltakarane er i samsvar med føresegnene i lov om arkiv og forskrift om offentlege arkiv
- e) rettleiing om arkivfaglege spørsmål
- f) rettleiing om bevaring av elektroniske arkiv

Selskapet skal drive fagleg utviklingsarbeid for å gi deltakarane nødvendig og oppdatert rettleiing om arkivfaglege spørsmål. Kvar deltakarkommune har rett til å få utført arbeid i samsvar med kommunen sitt driftstilskot. Styret gjer vedtak om dei årlege rammene for dette arbeidet. Interkommunalt arkiv i Hordaland og den einskilde deltakarkommunen avtalar årleg kva oppgåver dette arbeidet skal omfatte.

3. Selskapet kan etter avtale med den enkelte deltakaren vere arkivdepot for papirbaserte og elektroniske arkiv, jf. *forskrift om offentlege arkiv §§ 5-1 – 5-6*. Avtale om arkivdepot skal ha ei oppseiingstid på eitt år. Depotfunksjonen skal finansierast av ei særskilt deponeringsavgift etter satsar vedtekne av representantskapet.

4. Selskapet kan ut over det som er fastsett i nr. 1 og 2 ovanfor, tilby tenester som deltakarane skal betale for, etter satsar vedtekne av styret. Dette skal vere tenester som deltakarane har ulik etterspurnad etter, eller som ikkje blir gitt til alle deltakarar.

5. Selskapet kan etter vedtak i styret gjennomføre spesielle prosjekt som ligg utanfor arkivet sine ordinære arbeidsoppgåver, når desse er fullfinansierte av deltakarar eller andre som samarbeider om prosjektet.

6. Selskapet kan etter vedtak i styret ta på seg konsulentoppdrag for utanforståande, når oppdragsgivar betalar for tenesta og den ikkje går ut over arkivet sine hovudoppgåver. Definisjonen av føremål og oppgåver er uttømmende. Representantskap og styre har ikkje fullmakt til å fatte vedtak på område som ikkje er nemnt ovanfor.

§ 5 Tilskotsplikt og eigardel

Deltakarane betalar inn årlege tilskot til drift av selskapet etter vedtak i representantskapet. Driftstilskotet skal reknast ut etter fordelingsnøkkel vedteke av representantskapet. Eigardelen skal justerast kvart fjerde år på grunnlag av samla innbetalt tilskot, og ved innmelding og utmelding. Eigardelen for kvar deltakar er utrekna i prosent i forhold til deltakartilskotet og gjev slik fordeling:

Deltakar/Kommune og eigardel i prosent:

Askøy kommune	4,49	Jondal kommune	1,92	Samnanger kommune	1,92
Austevoll kommune	2,78	Kvam kommune	3,63	Stord kommune	4,49
Austrheim kommune	1,92	Kvinnherad kommune	4,49	Sund kommune	3,63
Bømlo kommune	4,49	Lindås kommune	4,49	Sveio kommune	3,63
Eidfjord kommune	1,92	Masfjorden kommune	1,92	Tysnes kommune	1,92
Etne kommune	2,78	Meland kommune	3,63	Ullensvang herad	2,78
Fedje kommune	1,92	Modalen kommune	1,92	Ulvik herad	1,92
Fitjar kommune	2,78	Odda kommune	3,63	Vaksdal kommune	2,78
Fjell kommune	4,49	Os kommune	4,49	Voss kommune	4,49
Fusa kommune	2,78	Osterøy kommune	3,63	Øygarden kommune	2,78
Granvin herad	1,92	Radøy kommune	3,63	Sum:	100 %

(Sist endra på representantskapsmøte 27.04.16)

§ 6 Ansvarsfordeling

Dei enkelte deltakarane heftar uavgrensa for selskapet sine forpliktingar i samsvar med sine eigardelar.

§ 7 Selskapet sine organ

Selskapet skal ha tre organ: Representantskapet, styret og dagleg leiar (arkivsjef).

§ 8 Representantskapet

Representantskapet er det øvste organet i Interkommunalt arkiv i Hordaland IKS. Kvar deltakar er representert med eit medlem i representantskapet. Ved votering skal representantane sine røyster telje ulikt og i høve til deltakarane sine eigardelar, jf. § 5. Kvar deltakar oppnemner eit medlem med varamedlem til representantskapet, med funksjonstid lik den kommunale valperioden. Deltakarane har instruksjonsmyndigheit overfor sine representantar. Representantskapet konstituerer seg sjølv og vel leiar og nestleiar.

§ 9 Representantskapsmøte

Leiar i representantskapet kallar inn til representantskapsmøte med fire vekers varsel. Innkallinga skal vere skriftleg og innehalde sakliste. Deltakarkommunane skal få varsel om representantskapsmøte med same frist. Ordinært representantskapsmøte skal gjennomførast årleg innan utgangen av april månad.

Ordinært representantskapsmøte skal behandle:

1. Årsmelding og rekneskap.
2. Val til styret.
3. Overordna mål og retningslinjer for drifta.
4. Økonomiplan, budsjettføresetnader og -rammer.
5. Rammer for låneopptak og tilskot frå deltakarane.
6. Val til valnemnd.
7. Andre saker som er førebudd ved innkallinga.

Ekstraordinært representantskapsmøte skal kallast inn når leiaren i representantskapet finn det naudsynt, eller når styret, revisor, minst ein av deltakarane eller minst ein tredjedel av representantskapsmedlemmene krev det, for å handsame ei særskilt nemnd sak.

Representantskapsmøta skal leiast av leiar, eller nestleiar når denne ikkje er til stades. Dersom begge er fråverande skal det veljast ein møteleiar.

Møteleiar er ansvarleg for at det blir ført protokoll frå møta. Protokollen skal underskrivast av møteleiar og to representantskapsmedlemmer som blir valde ved møtestart.

Representantskapet er vedtaksført når minst halvparten av medlemmene er til stades og desse representerer minst to tredjedelar av røystene. Representantskapsvedtak skal ha fleirtalet av røystene. Ved røysteliskap er møteleiar si røyst avgjerande. Ved val blir den vald som får flest røyster. Med mindre representantskapet bestemmer noko anna for behandlinga av ei enkelt sak, har dagleg leiar og styremedlemmene møte- og talerett på representantskapsmøta. Dagleg leiar og styreleiar har plikt til å vere til stades på representantskapsmøta.

(Endra på representantskapsmøte 29.4.2004)

§ 10 Styret

Styret skal ha fem medlemmer. Representantskapet vel Styreleiar, nestleiar og tre styremedlemmer samt tre varamedlemmer frå liste, etter framlegg frå ei valnemnd på tre medlemmer. Styremedlemmer og varamedlemmer blir valt for to år. Vala skal gjennomførast slik at minst to styremedlemmer med varamedlemmer står på val kvart år.

Dagleg leiar eller representantskapsmedlem kan ikkje vere medlem i styret.

Ein representant for dei tilsette har møte- og talerett i styret i saker som gjeld tilhøvet mellom selskapet som arbeidsgivar og dei tilsette, jf. *kommunelova § 26 nr. 1*. Dagleg leiar har møte- og talerett på styremøte, om ikkje styret bestemmer noko anna for behandlinga av ei enkelt sak.

§ 11 Styret sine møte

Styreleiar kallar inn til styremøte når dette trengst. Styremedlem og dagleg leiar kan krevje at det blir kalla inn til styremøte. Innkallinga skal normalt vere skriftleg med sakliste.

Styret er vedtaksført når minst halvdelen av medlemmene er til stades. Styret gjer vedtak med alminneleg fleirtal. Ved røysteliskap er møteleiar si røyst avgjerande.

Det skal førast protokoll frå styremøta. Protokollen skal underskrivast av dei styremedlemmene som har deltatt i møtet. Styremedlem eller dagleg leiar som er usamd med styret sitt vedtak, kan krevje sitt syn protokollført.

§ 12 Styret sine fullmakter

Forvaltninga av selskapet ligg under styret.

Styret er ansvarleg for at selskapet blir drive i samsvar med selskapet sitt formål, selskapsavtalen og dei rammer og retningslinjer som er vedteke av representantskapet, og skal sjå til at bokføringa og økonomiforvaltninga er gjenstand for forsvarleg kontroll.

Styret er ansvarleg for at representantskapet er orientert om vesentlege forhold som gjeld selskapet si verksemd, slik at representantskapet har tilstrekkeleg oversyn og i tide kan førebu nødvendige tiltak.

Styret representerer selskapet utetter og teiknar selskapet sitt firma. Styret kan gi styremedlem eller dagleg leiar fullmakt til å teikne selskapet sitt firma.

Styret tilset dagleg leiar og selskapet sitt personale. Styret skal føre tilsyn med dagleg leiar si leiing av selskapet.

§ 13 Dagleg leiar (arkivsjef)

Dagleg leiar står for den daglege leiinga av selskapet og skal følgje dei retningslinjene og pålegg som er gitt av styret. Dagleg leiar representerer selskapet utetter i saker som gjeld arkivfaglege spørsmål og elles i samsvar med dei fullmaktene som er gitt av styret.

Dagleg leiar skal halde styret løypande orientert om alle vesentlege forhold som gjeld selskapet si verksemd, økonomi og personale. Dagleg leiar er sekretær og saksbehandlar for styret, og har tale- og forslagsrett på styremøta, med mindre styret for behandlinga av ein særskilt sak har vedteke noko anna.

§ 14 Inhabilitet

For tilsette i selskapet og medlemer i selskapet sin styrande organ gjeld reglane i *kommunelova § 40 nr. 3*.

§ 15 Budsjettbehandlings

Representantskapet vedtar årleg budsjettføresetnader og budsjettrammer for påfølgjande kalenderår.

Styret førebur representantskapet si behandling av budsjettføresetnader og budsjettrammer. Dersom styret sitt framlegg går ut over tidlegare vedtekne føresetnader og rammer, eller har konsekvensar som går ut over deltakarane sine økonomiplanar, skal styret gjere deltakarane og representantane merksame på dette. Det same gjeld om styret fremjer framlegg til endringar i vedtekne budsjettføresetnader.

Styret vedtar detaljert budsjett på grunn av representantskapet sine budsjettvedtak, inkludert rammer for fordeling av selskapet sitt arbeid for kvar einskild deltakar.

Ferdigbehandla budsjett skal sendast deltakarane innan 1. juli. Dersom budsjettet føreset tilskot frå deltakarane, er ikkje budsjett endeleg før deltakarkommunane sine budsjett er behandla etter *kommunelova § 45 nr. 4*, for så vidt gjeld tilskotet.

Representantskapet skal kvart år vedta selskapet sin økonomiplan, som viser sannsynleg utvikling av kostnader og inntekter og prioriterte planar for ein fireårsperiode. Økonomiplanen skal sendast deltakarane som grunnlag for deira økonomiplanar. Styret utarbeider framlegg til økonomiplan.

§ 16 Økonomiforvaltning, rekneskap og revisjon

Selskapet sitt rekneskap, budsjett og økonomiforvaltning skal følgje regler i lov om interkommunale selskap og dei gjeldande forskrifter for slike selskap.

Selskapet sitt rekneskap kan jfr. bestemmelsane i selskapsavtalen, først etter kommunale rekneskapsprinsipp som følgjer av kommunelova og forskrifter for kommunale budsjett og rekneskap, dersom ikkje anna vert vedteke av styret. Styret har plikt til å ettersjå at det føres lovmessige rekneskap og at det vert føreteke revisjon av selskapet.

Selskapet sin revisor vert valt av representantskapet. Representantskapet vedtar økonomireglement for selskapet.

§ 17 Låneopptak og garantitilsegn

Selskapet kan ta opp lån innanfor ei ramme på kr. 2 000 000 for selskapet sitt samla låneopptak. Selskapet kan berre ta opp lån til kapitalformål eller til konvertering av eldre gjeld. Selskapet kan ta opp lån til likviditetsføremål når dette blir innfridd før rekneskapsavslutning i same budsjettår.

Vedtak om låneopptak skal gjerast av representantskapet. Slike vedtak skal godkjennast av departementet, jf. *kommunelova § 50 nr. 1*.

Selskapet kan ikkje stille garanti eller pantsetje eigendelar til trygd for andre sine lån. Selskapet kan ikkje låne ut pengar.

Dersom deltakarkommunane skal stille garanti for selskapet sitt låneopptak, må vedtak om dette gjerast av kommunestyra, jf. *kommunelova § 51 nr. 2*.

(Endra ramme for låneopptak frå 500 000 kr til 2 000 000 på representantskapsmøte 29.4.2010)

§ 18 Revisjon

Representantskapet vedtek økonomireglementet.

§ 19 Arbeidsgjevaransvar

Styret har det formelle arbeidsgivaransvaret for dei tilsette i selskapet. Styret har ansvaret for at arbeidstakarane sine rettar etter arbeidsmiljølova blir ivaretekne. Styret kan vedta arbeidsreglement for selskapet. Dagleg leiar representerer selskapet i lokale lønnsforhandlingar med arbeidstakarane.

§ 20 Administrativt arkiv og offentlegheit

Føresegnene i forskrift om offentlege arkiv gjeld for selskapet sitt administrative arkiv. Selskapet sine saksdokument er offentleg tilgjengelege etter føresegnene i offentlegheitslova. I tilsetjingssaker gjeld *Forvaltningslova* og reglane i *forskrift om partsoffentlegheit* i saker om tilsetjing i offentleg forvaltning.

§ 21 Endring av selskapsavtalen

Selskapsavtalen skal godkjennast av alle deltakarar med vedtak i kommunestyret.

Endringar av selskapsavtalen som gjeld dei punkta som i *lov om interkommunale selskap § 4 tredje ledd* blir sett som minimumsinnhald i selskapsavtalen, skal godkjennast av alle medlemmer med vedtak i kommunestyret. Andre endringar i selskapsavtalen kan gjerast av representantskapet.

Framlegg til endringar i selskapsavtalen kan fremjast av deltakarar, representantskapet eller styret. Styret skal ha høve til å uttale seg om slike endringsframlegg før dei blir behandla.

§ 22 Oppseiing og oppløysing

Ein deltakar kan seie opp sitt deltakarforhold i selskapet med minimum 1 års varsel. Oppseiing må kome inn til styret innan 1. januar.

Framlegg til oppløysing av samarbeidet skal godkjennast av alle deltakarkommunar med vedtak i kommunestyra og av departementet. Avviklinga av selskapet skal skje i samsvar med *lov om interkommunale selskap § 32 – 38*.

Fordeling av aktiva og passiva i samband med oppløysing eller oppseiing av deltakarforhold skal skje i samsvar med *lov om interkommunale selskap § 30*.

§ 23 Andre reglar

For område som ikkje er regulert gjennom selskapsavtalen gjeld *lov om interkommunale selskap* og forskrifter gitt i medhald av denne lova.

Vedteke på representantskapsmøte 22.5.2002 med endringar vedteke på representantskapsmøte 29.4.2004, 27.4.2006, 10.5.08, 29.4.2010, 26.04.12 og 27.4.16

4 Stiftingar - vedtekter

4.1 Kvam bustadstifting

Vedtekne av Kvam Bustadstifting på styremøte 23. august 2010.

§ 1

Kvam Bustadstifting er ein sjølveigande institusjon som er skipa av Kvam herad, og har som føremål å skaffa bustader (eventuelt servicebygg) for tidsavgrensa utleige utan eige økonomisk føremål.

Kvam Bustadstifting vert organisert som eit eige selskap med eige styre og ikkje ein avdeling innan den kommunale organisasjon.

Bustadene vert skaffa ved oppføring eller erverv, og skal leigast ut utan innskot eller lån frå leigebuaren. Bustadene kan berre leigast ut til særleg vanskelegstilte grupper som eldre, funksjonshemma, studentar og skuleelevar eller vanskelegstilt ungdom, herunder ungdom i etableringsfasen samt flyktningar/innvandrarar med opphald på humanitært grunnlag.

For leigeforholdet gjeld særreglane som avgrensar leigaren sin disposisjonsrett over bustaden etter husleigelova § 41.

Styret kan fastsetja nærare reglar for utleige av bustadene m.a som tilgjenge til å ta opp personar i leigarens hus, og tilgjenge til mellombels utleige eller framleige av bustader til andre enn dei som er nemnde i andre ledd, når det ligg føre særlege grunnar for dette.

Kostnadene med stiftinga sitt arbeid skal dekkast av leigeinntektene og eventuelle tilskot frå styresmaktene.

§ 2

Bustadene kan ikkje seljast utan samtykkje frå Kvam formannskap.

§ 3

Stiftinga har forretningskontoret sitt i Kvam herad.

§ 4

Stiftinga har ein grunnkapital på kr 200.000,-.

§ 5

Stiftinga skal ha eit styre på fem medlemmer med personlege varamedlemmer valde av Kvam Heradstyre for den kommunale valbolken. Styret kan setjast saman med ein representant frå kvart av fylgjande komitè/utval:

1. Kvam formannskap
2. Komite for Helse og sosial
3. Komite for utvikling
4. Komite for oppvekst
5. Representant frå leigebuarane (oppnemnt av administrasjonen)

Representanten for leigebuarane skal vera helse- og sosialsjefen eller den han/ho oppnemner. Heradsstyret vel leiar og nestleiar. Eit styremedlem vert sitjande inntil nytt styremedlem er valt, sjølv om tenestetida er gått ut.

§ 6

Styret skal forvalta stiftinga og det som vedkjem den i samsvar med føremål og vedtekter, lov om stiftingar og andre lover eller forskrifter som styrer verksemda.

Styret representerer stiftinga utad og har fullmakt til å signera dokument på vegne av stiftinga. Styret gjer vedtak i møte. Som styret sitt vedtak gjeld det som fleirtalet av dei møtande har røysta for.

Styret skal føra møtebok.

Møteboka skal innehalda dei vedtaka som styret gjer. Tid og stad for møta skal gå fram av boka, likeeins ulike meiningar mellom dei styremedlemene som er til stades.

§ 7

Stiftinga skal ha ein dagleg leiar (forretningsfører).

Dei oppgåvene som ligg til dagleg leiar/forretningsfører vert kjøpt på det private marknad.

Kostnadene ved desse funksjonane går inn i dei totale kostnadene for dette prosjektet. Leiaren skal førestå den daglege leiinga og skal fylgja dei retningslinjer og pålegg som styret gjev. Han skal syta for at rekneskapsføringa er i samsvar med lover og vedtekter og at forvaltninga av formuen er ordna på ein trygg måte. Den daglege leiaren kan alltid representera stiftinga utad i saker som fell innanfor rådveldet hans.

§ 8

Styret i stiftinga har plikt til å sjå til at bokføring og forvaltning av formuen er gjenstand for

betryggjande kontroll. Rekneskapet skal fylgja kalenderåret og skal avsluttast seinast 3 månader etter utgangen av året. Rekneskapslova av 17.juli 1998 vert nytta.

Stadfest avskrift av årsrekneskapen, attestert av revisor, skal innan ein månad etter at årsrekneskapen er fastsett, sendast til fylkesmannen. Dersom dette ikkje gjev tilstrekkelege opplysningar, skal styret leggja ved ei kort melding om stiftinga si verksemd i rekneskapsåret samt revisjonsmeldinga.

§ 9

Møtegodtgjerdse m.v til styremedlemene skal fylgja heradet sine satsar for godtgjerdse til folkevalde.

§ 10

Stiftinga skal ha statsautorisert eller registrert revisor. Avtale med revisor skal gjerast av stiftaren eller den han gjev fullmakt.

§ 11

Revisor skal med dagsett påskrift attestera årsrekneskapen. Han skal stadfesta at dei attesterte verdiane er til stades i dei høve dette ikkje går fram av depotoppgåva frå bank eller saldooppgåve for bankinnskot.

Elles skal revisjonen utførast i samsvar med reglane i lov av 15. januar 1999 om revisjon og revisorar og forskrift gjeve i medhald av denne lova.

§ 12

Stiftinga sine eigneluter skal haldast fråskilde frå andre midlar.

Verdipapir skal overlatast til forvaltning i ein bank som er godkjend etter vergemålslova § 62 tredje ledd. Kassebeholdninga skal stå i ein bank eller på postgiro, unntak er midlar det er trong for til daglege utbetalingar.

§ 13

Stiftinga kan skipast om og vedtektene endrast i samsvar med stiftelseslova kap. VI. På dei vilkår som fylgjer av stiftelseslova §§ 35 og 36 kan stiftaren sjølv endra vedtektene §j 4 i stiftinga sin grunnkapital, §5 første ledd første punktum om antal styremedlemer og § 5 andre ledd om medlemene si tenestetid.

§ 14

Vert stiftinga oppheva, skal midlane nyttast til stiftinga sine føremål eller til andre liknande føremål.

4.2 Stiftinga Hardanger Fartøyvernssenter

Vedteke 16.4.2015

§ 1.

Stiftinga sitt namn er Stiftinga Hardanger fartøyvernssenter.

Stiftinga vart skipa den 26. september 1984 og hadde på skipingstidspunktet namnet Stiftinga Hardangerjakt av 1984. Frå 04.05.1994 vart namnet endra frå Stiftinga Hardangerjakt av 1984 til Stiftinga Hardanger fartøyvernssenter.

Stiftinga vart skipa ved at stiftingskapitalen vart skoten inn fordelt på partar innbetalt av privatpersonar og kommunar. Kvar skipar kunne skyta inn så mange partar å kr 200 som han ynskte. Kvar skipar har ei røyst på årsmøtet.

§ 2. Mål

Hardanger fartøyvernssenter skal vera eit nasjonalt senter for fartøyvern, driftar av museumsfartøy og eit spesialmuseum for båt og fartøykulturen. Stiftinga Hardanger fartøyvernssenter kan stille anlegget og eigenlutar til disposisjon for sosialpedagogisk arbeid.

Stiftinga Hardanger fartøyvernssenter kan overlata drifta av Hardanger fartøyvernssenter til Hardanger og Voss museum. Stiftinga Hardanger fartøyvernssenter skal framleis eiga dei faste eigedomane og eigenlutar som Stiftinga Hardanger fartøyvernssenter er eigar av.

§3. Grunnkapital

Grunnkapitalen er kr. 200.000,00

§ 4. Styret

Stiftinga Hardanger fartøyvernssenter har eit styre på 5 medlemmer med varamedlemmer.

Eigarstyret sin leiar vert valt av styret for eit år i gongen.

Eit av styremedlemmene med varamedlem skal veljast blant dei tilsette i Hardanger og Voss museum som har sitt faste arbeid på Stiftinga Hardanger fartøyvernssenter sitt anlegg.

Val av dei andre styremedlemmene blir føreteke av skiparane på årsmøtet.

2 styremedlemmer skal veljast i år med oddetal. 2 styremedlemmer skal veljast i år med partal.

3 varamedlemmer er på val kvart år og skal veljast i prioritert rekkefølge.

Eigarstyret er vedtaksført når minst 3 medlemmer er tilstade. Styreleiaren har dobbel røyst ved røystelikskep.

Direktøren ved Hardanger og Voss museum har møte og talerett i eigarstyret. Direktøren eller den direktøren delegerer ansvaret til er sekretær for styret.

Eigarstyret er stiftinga sitt høgaste organ.

§ 5. Eigarstyret sine oppgåver

- a. Eigarstyret har ansvar for Stiftinga Hardanger fartøyvernssenter sine eigenlutar. Eigarstyret skal sjå til at eiga vert forvalta på forsvarleg vis.
- b. Eigarstyret skal jobbe for å fremje Stiftinga Hardanger fartøyvernssenter sine interesser lokalt og i samfunnet elles.
- c. Eigarstyret har ansvar for å arbeida med vidareutvikling av Hardanger Fartøyvernssenter, i samarbeid med Hardanger og Voss museum. Eigarstyret skal engasjera seg aktivt i budsjett og planarbeid i regi av Hardanger og Voss museum som vedkjem Stiftinga Hardanger fartøyvernssenter sine eigenlutar.
- d. Eigarstyret skal sjå til at den konsoliderte eininga følgjer opp ansvaret med vidareutvikling av Hardanger fartøyvernssenter.
- e. Eigarstyret skal sjå at utviklinga av Hardanger fartøyvernssenter er i tråd med dei vedtekne målsettingane og kan dersom utviklinga tilseier det eller stiftinga sine interesser vert misligheldt vedta utmelding frå Hardanger og Voss museum.
- f. Eigarstyret kan foreslå arbeidsoppgåver til administrasjonen.
- g. Styreleiar for eigarstyret samt 1 styremedlem har signatur for Stiftinga Hardanger fartøyvernssenter.
- h. Eigarstyret skal minimum ha tre møter pr. år.

§ 6. Årsmøte for skiparane

Årsmøtet med skiparane skal haldast årleg innan utgangen av april. Forslag til årsmøte skal vera eigarstyret v/ styreleiar i hende innan 20. februar.

Eigarstyret syter for innkalling med minst 10 dagars varsel. Varsel om årsmøte med sakliste skal kunngjerast i lokalpressa.

Berre saker nemnde i innkallinga kan handsamast på møtet.
Sakene vert avgjort ved vanleg fleirtal.

Årsmøtet skal handsama dei sakene som er nemnde i innkallinga og skal ta stilling til/ velje:

1. Gje uttale til årsmelding og rekneskap
2. Velja styremedlemmer og varamedlemmer
3. Velja 2 rådsmedlemmer med varamedlemmer til rådet for Hardanger og Voss museum
4. Velja medlemmer til valnemnda
5. Velja revisor
6. Gje uttale ved omdanning av stiftinga og endring i stiftinga sine vedtekter

§ 7. Omframnt årsmøte

Omframnt årsmøte skal haldast når eigarstyret eller minst 20% av skiparane krev det, eller om det ikkje lukkast å velja alle styremedlemmene på årsmøtet.
Innkalling etter reglane for vanleg årsmøte.

§8. Valnemnd

Årsmøte skall velja ei valnemnda på 2-3 personar med leiar.
Valnemnda sitt mandat er å finna fram til aktuelle kandidatar til dei styreverva som er på val.

Valnemnda bør så langt det er mogleg, leggja vekt på å syta for fagleg og interessemessig spreiding i forslaget til styresamansetjing.
Leiaren i valnemnda legg fram nemnda si innstilling på årsmøtet.

§ 9. Rekneskap

Det skal førast årleg rekneskap for Stiftinga Hardanger fartøyvernsenter, som skal omfatta balanserekneskap og driftsrekneskap.
Stiftinga Hardanger fartøyvernsenter skal ha registrert eller statsautorisert revisor.

§ 10. Andre organ

Eigarstyret kan vedta å oppretta eigne arbeidsgrupper for særlege prosjekt, eventuelt også oppretta særlege verv i eigarstyret eller i tillegg til eigarstyret.

§ 11. Oppløysing

Stiftinga kan berre oppløysast etter godkjenning frå Stiftingstilsynet.
Dersom oppløysinga vert vedteken, skal det veljast ei avviklingsnemnd på i alt 3 personar.
Denne skal greia ut skuld og driva inn uteståande fordringar.

Stiftinga Hardanger fartøyvernssenter sine eignelutar tilfaller Hardanger og Voss museum ved oppløysing

§12. Stiftingslova

Så langt noko anna ikkje er fastsett i vedtektene, gjeld lov nr.59 av 15. juni 2001, om stiftingar m.m.

Vedteke av eigarstyret den 16.4.2015

4.3 Stiftinga Hardanger og Voss Museum

Fastsett i styremøte 24.februar 2015

§ 1 Namn

Namnet på stiftinga er Hardanger og Voss museum.

§ 2 Føremål

Stiftinga Hardanger og Voss museum skal ivareta museumsfunksjonar for dei institusjonane som har særskilde avtaler med stiftinga. Museet skal driva innsamling, bevaring, forskning og formidling tufta på kulturuttrykk frå fortid og samtid.

Gjennom dokumentasjon av variasjon og fellestrekk skal museet vera med å synleggjera Hardanger og Voss lokalt, nasjonalt og internasjonalt. Med utgangspunkt i rolla som samfunnsminne skal museet vera ein open møtestad der publikum kan studera, oppleva og finna utfordringar. Hardanger og Voss museum skal arbeida for ei samordning av arkiv, bibliotek- og museumstenestene i regionen.

Hardanger og Voss museum skal driva eit nasjonalt senter for fartøyvern. Hardanger og Voss museum har ansvar for drifta av kunsthuset Kabuso, som skal formidla musikk, kunst og kulturimpulsar på høgt kvalitativt nivå, der kunsten mellom anna kan fungera som ein dialog mellom Noreg og verda. Kabuso skal arbeida i spenningsfeltet mellom tradisjon og samtid, og arbeida i nært samarbeid med kunstmuseum, festivalar og andre kulturinstitusjonar regionalt, nasjonalt og internasjonalt.

Museet skal vera medlem i Norges Museumsforbund og fylgja ICOM sitt museumsetiske regelverk og ta del i regionalt, nasjonalt og internasjonalt museumsnettverk.

Museet skal yta fagleg hjelp i museums- og kulturminnevernspørsmål til kommunane Eidfjord, Granvin, Jondal, Kvam, Odda, Ullensvang, Ulvik og Voss.

§3 Grunnkapital

Grunnkapitalen er kroner 228 600.

§ 4 Organisasjon

Hardanger og Voss museum er eit konsolidert museum som etter særskilde avtaler har ansvar for økonomi, personal og anna drift ved Stiftelsen Agatunet, Granvin Bygdemuseum, Hardanger Fartøyvernssenter, Hardanger Folkemuseum, Ingebrigt Vik Museum, Kvam Bygdemuseum, Tusenårsstaden i Hordaland Kabuso og Voss folkemuseum.

Hardanger og Voss museum kan etter søknad ta opp nye institusjonar i Hardanger og Voss som har eit føremål som samsvarar med eit konsolidert Hardanger og Voss museum.

Som konsolidert museum har stiftinga driftsansvar for nemnde museum. Det skal vedtakast særskilde avtalar mellom dei enkelte musea og stiftinga Hardanger og Voss museum.

Hardanger og Voss museum har arbeidsgjevaransvar for alle tilsette. Kvart einskild museum har sjølv eigedomsretten til bygningar, gjenstandar, arkiv o.a. i avdelingane.

§ 5 Styret

Styret har 7 medlemmer og 4 varamedlem som vert valde på følgjande måte:

1 medlem med varamedlem vald av Hordaland fylkeskommune

4 medlemmer og to varamedlem i prioritert rekkefylgje vald av rådet for Hardanger og Voss museum.

2 medlemmer med varamedlemmer vert valde av og mellom dei tilsette.

Styret blir vald for 4 år rekna frå årsskiftet. Styremedlem som har sete samanhengande i 8 år, kan ikkje veljast på nytt. Funksjonstida for representanten frå Hordaland Fylkeskommune fylgjer den fylkeskommunale valperioden. Første gongen skal tre av styremedlemane, etter loddtrekking, veljast for 2 år.

Styret bør vere representert med minst 40% av kvart kjønn.

Styret held møte når leiar finn det naudsynt eller når minst 3 av styremedlemane ber om det.

Styret er vedtaksført når minst 4 styremedlemmer er til stades på møtet. Ved likt røystetal har leiaren avgjerande røyst.

§ 6 Styret sitt ansvar og mynde

Styret er stiftinga sitt øvste organ, og skal leie arbeidet med stiftinga i samsvar med føremålet.

Styret sine oppgåver er å

1. Tilsetja direktør
2. Vedta budsjett, årsmelding og rekneskap.
3. Vedta langtidsplanar og årsplanar.
4. Velja revisor i tråd med § 11.
5. Handsama saker vert lagd fram for styret av direktør eller styremedlemer.
6. Styret skal utarbeida styreinstruks

§ 7 Direktør

Direktør skal følgja dei retningslinene og pålegg som styret gjev. Vedkomande skal syta for at stiftinga sitt rekneskap er i samsvar med lov og forskrifter, og at formueforvaltninga er ordna på ein trygg måte. Direktør er sekretær for styret og tek del i styremøta med tale - og framleggsrett.

§ 8 Rådet

For å sikra lokal forankring, fagleg breidde, god kommunikasjon og informasjonsutveksling mellom Hardanger og Voss museum, dei enkelte museumsstyra og kommunane, skal det vera eit råd for Hardanger og Voss museum. Representantar for styret tek del i rådet sine møte med talerett. Tilsette kan ikkje veljast til rådet.

Rådet skal ha 19 medlemer som skal oppnemnast på følgjande måte:

- ✓ Ordførarane i Hardanger og Voss er faste medlemer i rådet, med varaordførarane som varamedlemer
- ✓ Årsmøtet i Agatunet vel 1 medlem og 1 varamedlem
- ✓ Styret ved Granvin Bygdemuseum vel 1 medlem og 1 varamedlem
- ✓ Styret for Ingebrigt Vik Museum vel 1 medlem og 1 varamedlem
- ✓ Styret for Kvam Bygdemuseum vel 1 medlem og 1 varamedlem
- ✓ Medlemsmøtet i Hardanger Folkemuseum vel 2 medlemer og 2 varamedlemer
- ✓ Partseigarane i Hardanger fartøyvernsenter vel 2 medlemer og 2 varamedlemer

- ✓ Tusenårsstaden i Hordaland/Hordaland fylkeskommune vel 1 medlem og 1 varamedlem
- ✓ Styret i Voss folkemuseum vel 2 medlemmer og 2 varamedlemmer

Dei valde rådsmedlemene og varamedlemene vert valde for 4 år om gongen rekna frå årsskiftet. Første gong skal halvparten etter loddtrekking vera på val etter 2 år. Ordførarane i rådet fylgjer den kommunale valbolken. Rådet vel sjølv leiar og nestleiar for 2 år om gongen.

Ny § 9 Rådet sitt ansvar og mynde

1. Rådet skal velja 4 styremedlemmer og 2 varamedlemmer i prioritert rekkefylgje til styret i Hardanger og Voss museum.
2. Rådet vel styreleiar og nestleiar for 2 år av gongen.
3. Rådet skal velja medlemmer til valnemnda og utarbeide retningslinjer/kompetansekrav for nemnda i samarbeid med styret.

Rådet skal gje uttale til styret om:

1. Årsrekneskap og årsmelding
2. Langtidsplanar og årsplanar
3. Andre planar som styret legg fram for rådet

Rådsleiar kallar inn til møte i rådet minst ein gong i året, eller oftare dersom styret eller rådsleiaren finn det nødvendig.

Ny § 10 Valnemnd

Hardanger og Voss museum skal ha ei valnemnd med 3 medlemmer. Valnemnda blir valt av rådet og sit i 3 år. Kvart år går den ut som har fungert lengst, dei to fyrste åra ved loddtrekking.

Valnemnda si oppgåve er å førebu vala som skal utførast av rådet.

Valnemnda arbeider etter instruks vedtatt av rådet.

§ 11 Revisor

Revisor for museet skal vera registrert/statsautorisert og skal veljast kvart år.

§ 12 Eigedom

Stiftinga har bruksretten til museumsgjenstandar, eigedomar og bygningar i tillegg til maskiner og driftsutstyr elles. Eigedom retten ligg hjå heimelshavarane som inngår samarbeidsavtaler med stiftinga Hardanger og Voss museum. Hardanger og Voss museum har eigedom retten til museumsgjenstandar, eigedomar og bygningar innkjøpt av Hardanger og Voss museum etter 1.1.2012.

§ 13 Vedtektsendringar

§ 2 og § 13 kan berre endrast etter samrøystes vedtak i styret.

Elles kan styret når alle møter, gjera vedtak om endring av vedtekter med 5 av 7 røyster.

Framlegg til vedtektsendringar skal sendast til rådet for uttale før endeleg vedtak i styret.

§ 14 Oppløysing.

Oppløysing av stiftinga skal følgja reglane i lov om stiftingar som gjeld på det aktuelle tidspunkt. Dette gjeld også fordeling av eigedom som stiftinga har ved dette tidspunktet.

5 Andre – vedtekter kommunale føretak

5.1 Kvam Kvammabadet KF

§ 1 Namn og selskapsform

1.1 Føretaket sitt namn er Kvam Kvammabadet KF.

1.2 Føretaket er eit kommunalt føretak oppretta av Kvam heradsstyre, sak xx/18 i medhald av lov om kommunar og fylkeskommunar av 25.09.1992 nr. 107, kap. 11 §§ 61 – 75.

§ 2 Lokalisering

2.1 Føretaket har sitt forretningskontor i Kvam herad.

§ 3 Føremål

3.1 Kvam Kvammabadet KF skal stå for drift av anlegg til skulebading. Seksjonen til Kvam Kvammabadet KF utgjer saman med tilstøytane seksjonar opplevingssenteret Hardangerbadet. Når bassenganlegget ikkje vert nytta til kommunale føremål, kan Kvam Kvammabadet KF leiga ut seksjon X til kommersiell drift.

§ 4 Rammer for drifta til Kvam Kvammabadet KF

4.1 Kvam Kvammabadet KF er eigar av seksjon X i gnr Bnr, i Øystese, som utgjer den offentlege delen av Hardangerbadet, og som består av garderobeanlegg, trenings- og konkurransebasseng (25x12,5m) og opplærings- og terapibasseng (12,5m), med tilhøyrande driftsmidlar i Hardangerbadet. Kvam Kvammabadet KF skal stå for drift av anlegget til skulebading. Når Kvam Kvammabadet KF sin seksjon ikkje vert nytta kommunalt kan Kvam Kvammabadet KF leiga ut seksjon X til Hardangerbadet AS som skal stå for den kommersielle drifta av Hardangerbadet. Det er ein føresetnad at Kvam herad ikkje vert påført netto driftskostnadar som følgje av den operasjonelle drifta av Hardangerbadet.

4.2 Føretaket si verksemd skal baserast på følgjande målsettingar:

- Mest mogleg effektiv og rasjonell drift
- Sikre god tryggleik for brukarane av badet
- Vareta tilsette på ein trygg og god måte
- Vareta bygg og utstyr
- Utvikle drifta slik at det bidreg til høgt og stabilt besøk med god økonomi

4.3 Føretaket kan etablera tilgrensande eller supplerande tilleggstenester dersom dette styrker føretaket sin økonomi.

§ 5 Rettsleg status

5.1 Kvam Kvammabadet KF er ikkje eit eige rettssubjekt. Verksemda er eigd av Kvam herad som heftar for føretaket.

5.2 Føretaket skal registrerast i føretaksregisteret.

§ 6 Styrande organ

6.1 Styret er føretaket sitt styrande organ. Kvam heradsstyre er overordna føretaket sine organ og skal vedta budsjett, økonomiplan, årsrapport og godkjenna rekneskapen for føretaket.

§ 7 Styret si samansetting

7.1 Føretaket skal ha eit styre på 5 medlemer med 4 varamedlemer. Alle 5 medlemer, 4 varamedlemer samt styreleiar m/vara, vert valde av heradsstyret. Valperioden for dei faste styremedlemene er fire år. Valperioden for leiar, nestleiar og varamedlemer er to år. Styremedlemer fungerer inntil nytt medlem er vald. Ved fyrste gongs val vert likevel to av dei faste styremedlemene valde for to år.

§ 8 Styret sine møte

8.1 Styret sin leiar kallar inn til styremøte med minimum 14 dagars varsel. Innkallinga med sakliste skal òg sendast til ordførar og rådmann. Ved ekstraordinære høve kan styret innkallast på kort varsel. Dersom ikkje styret fastset anna, har dagleg leiar møte- og uttalerett på styremøta.

8.2 Ordførar, rådmann (personleg eller ved ein av sine underordna), har møte- og talerett, jamfør kommunelova § 23 nr. 3 og § 9 nr 4.

8.3 Styremøta er opne med mindre ein handsamar saker som er underlagt lovbestemt teieplikt, saker som av personvernomsyn er unnateke offentlegheit eller saker som er av tungtvegande forretningsmessig karakter.

8.4 Styremøta vert leia av styreleiar. Ved fråvær, vert møtet leia av nestleiar. Dersom ingen av desse er til stades, vel styret møteleiar.

8.5 Styret fattar vedtak med alminneleg fleirtal. Ved stemmelikskap tel møteleiar si stemma dobbelt. Styret er vedtaksført når minst halvparten av medlemene er til stades, inklusiv møtande vararepresentantar.

8.6 Kommunelova sine reglar om habilitet skal følgjast ved handsaming av saker i styret. Tilsvarande gjeld for aktuelle reglar i offentleglova og forvaltningslova.

8.7 Det skal førast protokoll frå styremøta og protokollen skal leggjast fram for godkjenning i neste styremøte. Styremedlem eller dagleg leiar som ikkje er samd i styret sitt vedtak, kan krevja å få si meining ført i protokollen. Sakliste og protokoll frå styremøta skal sendast ordførar og rådmann.

8.8 Styret kan, dersom det er fulltalig, fatta vedtak i sak som ikkje er oppført på saklista. Vedtak om å ta opp ei slik sak til handsaming, må vere samrøystes.

§ 9 Styret sine oppgåver

9.1 Styret sine overordna oppgåver er å realisera føremålet for føretaket. Styret skal vidare setja sine eigne mål, laga planar og strategiar samt utøva styring gjennom heile driftsåret. Styret skal sjå til at verksemda vert driven i samsvar med vedtekter, økonomiplan, årsbudsjett og andre vedtak eller retningsliner fastsett av kommunestyret.

9.2 Styret disponerer bygg og uteområde og er ansvarleg for tilhøyrande funksjonar som utleige, drift, vedlikehald, reinhald og vaktmeister tenester, samt tryggleik for tilsette og brukarar.

9.3 Styret har ansvar overfor offentlege kontrollstyresmakter. Styret tilset dagleg leiar og kan delegere mynde til dagleg leiar.

9.4 Verksemda pliktar å fylgje den til ei kvar tid gjeldane arbeidsgjevarpolitikk hjå Kvam herad. Tingingar og drøftingar i samsvar med Hovudtariffavtalen, vert gjennomførte av Kvam herad i samsvar med delegasjonsreglement og etter innspel frå styret.

9.5 Styret skal årleg utarbeida framlegg til budsjett og ev økonomiplan og levere dette innan fristar fastsett av Kvam herad. Heradsstyret vedtek årsbudsjett og økonomiplan. Framlegg til investeringstiltak og låneopptak skal innarbeidast som ein del av styret sitt budsjettframlegg.

9.6 Styret skal årleg utarbeide årsrapport og rekneskap innan 1.februar. Kommunestyret vedtek årsrapport og rekneskap. Styret skal syta for at saker som skal handsamast i kommunestyret er tilstrekkeleg førebudde.

9.7 Styret har fullmakt til å gjennomføra investeringsprosjekt, kjøp og sal av produkt/tenester og låneopptak innanfor rammer godkjende av kommunestyret. Kommunen sine reglar for innkjøp og finansforvaltning, her under bruk av kommunen sine innkjøps- og bankavtalar, skal nyttast.

§ 10 Dagleg leiar sine oppgåver

10.1 Dagleg leiar representerer verksemda utad i samsvar med kommunelova §§ 71 og 73 punkt 3.

10.2 Dagleg leiar har ansvaret for den daglege drifta av føretaket og at denne vert utført i samsvar med vedtektene, vedtak og eventuelle pålegg.

10.3 Dagleg leiar er styret sin sekretær og ansvarleg for sakshandsaming overfor styret. Dagleg leiar fører protokoll frå styremøta.

§ 11 Tilhøvet til rådmannen

11.1 Rådmannen har ikkje instruksjons- eller omgjeringssmynde overfor føretaket sin dagleg leiar eller styret sitt myndeområde. Rådmannen kan likevel instruere føretaket si leiding om at iverksetting av ei sak skal utsetjast til heradsstyret har handsama saka, jamfør KommuneLova §72.

11.2 Før styret treff vedtak i sak som seinare skal handsamast av heradsstyret, skal rådmannen få høve til å uttala seg om saka før styret fattar sitt vedtak. Rådmannen sin uttale skal leggjast fram for styret ved handsaming av saka.

§ 12 Representasjon

12.1 Styret representerer elles verksemda utad, inngår avtalar på heradet sine vegne innanfor verksemda sitt føremål. Verksemda pliktar ved underteikning av både styreleiar og dagleg leiar. Styret kan delegera representasjonsretten til dagleg leiar.

§ 13 Godtgjersle

13.1 Styregodtgjersle vert fastsett av heradsstyret kvart år i samband med årleg budsjetthandsaming.

§ 14 Økonomi

14.1 Føretaket skal ha økonomiforvaltning i samsvar med forskrifter som gjeld for kommunale føretak. Føretaket skal betala vederlag for tenester frå Kvam herad.

14.2 Rekneskap skal førast i KOSTRA etter kommunelova.

§ 15 Revisjon

15.1 Føretaket skal til ei kvar tid ha same revisor som Kvam herad.

§ 16 Oppløysing av føretaket

16.1 Kvam heradsstyre kan på eit kvart tidspunkt vedta oppløysing av føretaket. Føretaket sine samla plikter og verdiar vert i så fall overførte til Kvam herad.

§ 17 Andre vilkår

17.1 Elles gjeld den til ei kvar tid gjeldande kommunelov.

**VEDTEKTER
FOR
KVAM ENERGI AS**

(Vedteke ved skipinga den 27. september 2019)

§ 1. Namn

Selskapet sitt namn er Kvam Energi AS.

§ 2. Føremål

Selskapet sitt føremål er å eige selskaper som driver innen energiforsyning og energioptimalisering, herunder blant annet:

- a) produksjon av energi
- b) kjøp og sal av energi
- c) eige og drive overføringsanlegg og syte for ei rasjonell og sikker energiforsyning
- d) stimulere til gjennomføring av ENØK-tiltak
- e) anna verksemd som naturleg har tilknytning til ovannemnde føremål og som kan gje inntekter
- f) utføre det lokale el-tilsyn
- g) delta i eller samarbeide med andre verksemdar som har same eller liknande føremål

§ 3. Forretningskontor

Selskapet sitt forretningskontoret skal vere i Kvam herad. Selskapet si målform er nynorsk.

§ 4. Aksjekapital

Selskapet sin aksjekapital er på kr 10 000 000,00 fordelt på 1 000 aksjer, kvar pålydande kr.10 000,00 fullt innbetalt.

§ 5. Krav om samtykke ved eigarskifte

Alle kjøp/sal av aksjer må godkjennast av selskapet si generalforsamling med minst 2/3 fleirtal.

§ 6. Forkjøpsrett

Aksjeeigarane har rett til å overta ein aksje som skal avhendast eller skifter eigar, på dei vilkår som går fram av dei til ei kvar tid gjeldande lovverk.

§ 7. Utbytte.

Selskapet skal drivast på ein sunn forretningsmessig basis med vekt på verdiskaping for aksjonærane samt ivaretaking av forsvarleg eigenkapital. Avkastninga bør minst tilsvare eigar si alternative avkastning på midlar til same risiko.

Med mindre det til ei kvar tid gjeldande aksjelovverk er til hinder for det, skal minst 40% av årsoverskottet etter skatt utbetalast som utbytte.

§ 8. Leiing.

Selskapet skal leiast av eit styre.

Den daglege leiinga høyrer under ein administrerande direktør.

Adm.direktør har det daglege ansvaret for at selskapet vert leia i samsvar med gjeldande lover, vedtekter og etter vedtak som vert gjort i selskapet sine formelle organ

§ 9. Styre

Styret skal ha fem medlemmer og tre varamedlemmer.

Fire styremedlemmer med to varamedlemmer skal veljast av generalforsamlinga. Ein styremedlem og ein observatør med varamedlemmer skal veljast av og mellom dei tilsette. Alle medlemmene vert valde for to år om gongen. For dei styremedlemmene som skal veljast av generalforsamlinga gjeld likevel at fyrste gongen skal to styremedlemmer og ein varamedlem trekkjast ut ved lutdraging etter eit år for å kome på val. Generalforsamlinga vel styreleiaren og nestleiarane mellom medlemmene valde av generalforsamlinga.

§10. Styremøte

Styremøte vert halde så ofte møteleiaren finn det turvande, eller når ein styremedlem eller adm. direktør krev det.

Leiaren kaller inn til styremøte, og innkallinga skal nemne dei saker som ein skal ha føre. Styret er vedtaksført når tre medlemmer er til stades, mellom dei leiaren eller nestleiarane. Det skal førast protokoll frå styret sine møte. Styret sine vedtak vert gjort med simpelt fleirtal. Ved likt stemmetal, har styreleiaren dobbeltstemme.

Adm.direktør har rett og plikt til å møte i styremøta med forslag- og talerett, dersom styret i einskildhøve ikkje avgjer noko anna.

§ 11. Styret sine gjeremål

Styret leier selskapet i samsvar med lover og vedtekter. Forvaltninga av selskapet høyrer under styret, som skal syte for ei forsvarleg organisering av selskapet si verksemd.

Under dette óg:

- a) Gjera vedtak om kraftavtaler med bindingstid på meir enn eitt år. Fastsetje rammer og vilkår for kjøp og levering av energi.
- b) Fastsetje budsjett og langsiktige planar for selskapet i samsvar med vedteken strategiplan.
- c) Tilsetje og sei opp administrerande direktør. Styret fastset løn og utformer instruks for administrerande direktør.
- d) Val av medlemskap i arbeidsgjevarorganisasjon.
- e) Avskriving av fordringar utover budsjetttramma.
- f) Andre ting av uvanleg art og stor verdi.

Innan ramma av § 6-14, 3.lekk i aksjelova av 1997, kan styret delegere deler av sin kompetanse til administrerande direktør.

Styreleiaren saman med ein styremedlem teiknar selskapet sitt firma. Styret kan tildele prokura.

§ 12. Generalforsamling

Kvam heradsstyre er generalforsamling.

Ordinær generalforsamling skal haldast kvart år innan 20.juni.

Ekstraordinær generalforsamling skal haldast når styret krev det.

Det skal og kallast inn til ekstraordinær generalforsamling innan 14 dagar til handsaming av eit særleg emne, når det er kravd skriftleg av selskapet sin revisor, eller av aksjonærar som representerer minst ein tiendepart av aksjekapitalen.

Generalforsamlinga vert innkalla skriftleg av styreleiaren med minst 14 dagars varsel.

Innkallinga skal nemne dei saker som skal vere føre på møtet, og saksdokumenta skal sendast ut i god tid før møtet.

Styreleiaren opnar generalforsamlinga. Deretter vel generalforsamlinga møteleiar.

Generalforsamlinga avgjer sakene med simpelt fleirtal, når ikkje anna er fastsett i vedtekter eller lov.

Endring av vedtektene krev 2/3-dels fleirtal så vel av dei avgitte stemmene som av den aksjekapitalen som er representert på generalforsamlinga.

§13. Generalforsamlinga sine gjeremål

Ordinær generalforsamling skal handsame og treffe avgjerder i fylgjande saker:

- a) Vedtektsendring, føremål og strategi for selskapet
- b) Kjøp og sal av kraftverk og annan eigedom av vesentleg verdi
- c) Handsaming av styret si årsmelding
- d) Fastsetjing av resultatrekneskap og balanse for føregåande rekneskapsår.
- e) Gjere vedtak om disponering av overskott, eller dekking av underskott i samsvar med den fastsette balansen og om utdeling av utbytte.
- f) Val av styre med styreleiar og nestleiar.
- g) Etter framlegg frå styret velje revisor. Revisor skal vere statsautorisert.
- h) Fastsetje godtgjersle til styre og revisor.
- i) Gjere vedtak i andre saker som er nemnt i saklista og saker som etter lov eller vedtekter høyrer under generalforsamlinga.

§ 14. Generelt

Ein viser elles til den til ei kvar tid gjeldande aksjelovgjeving.

§ 10. Valnemnda

Valnemnda for Kvam herad er også valnemnd for Kvam Energi AS.

Kvam herad

Sakspapir

SAKSGANG

Utval	Møtedato	Saknr
Kvam formannskap	10.06.2020	058/20
Kvam heradsstyre	16.06.2020	072/20

Avgjerd av:	Arkiv: N-671	Arkivsaknr
Saksh.: Botnen, Olav	Objekt:	17/1169 - 9

Eigarmelding for 2020-2023

Behandling i politiske utval:

10.06.2020, FSK- 058/20 Vedtak:

Kvam heradsstyre vedtek at «Eigarmelding for 2020-2023» skal leggjast til grunn for eigarpolitikken til kommunen og utforming av eigarstrategiar.

16.06.2020, HST- 072/20 Vedtak:

Kvam heradsstyre vedtek at «Eigarmelding for 2020-2023» skal leggjast til grunn for eigarpolitikken til kommunen og utforming av eigarstrategiar.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kvam heradsstyre vedtek at «Eigarmelding for 2020-2023» skal leggjast til grunn for eigarpolitikken til kommunen og utforming av eigarstrategiar.

Samandrag:

Eigarmeldinga skal medverka til god politisk styring og kontroll i tillegg til å leggja rammene for korleis kommunen skal utøva sitt eigarskap. Vidare handlar det blant anna om

forventningar eigar har til samfunnsansvar, premisser for val av selskapsstyre og forventningar om utbyte og avkastning.

Eigarmeldinga skal vera:

- eit grunnlag for gjennomtenkt eigarskap og ansvar knytt til det
- eit grunnlag for selskap til å driva aktivitet i tråd med strategi frå eigar
- eit styringsgrunnlag for eigar og selskap når det skal gjerast konkrete val og vedtak

Forventningane i eigarpolitikken gjeld alle selskap kommunen har eigarinteresser i, uavhengig av om det er kommunale føretak (KF), selskap som Kvam herad eig åleine eller saman med andre.

Eigarmeldinga er utforma om lag på same måte som for 2019. Eigarmeldinga skal handsamast av Kvam heradsstyre minst ein gong per valperiode. Sidan det er lite endringar i eigarmeldinga over år, foreslår rådmannen i denne saka å endra handsaming av eigarmeldinga til gjeld for valperioden. Dersom det kjem lovendringar eller andre erfaringar tilseier at eigarmeldinga bør reviderast i perioden, må dette gjerast.

I tillegg til eigarmeldinga, har Kvam herad utforma eigarstrategiar for den enkelte organisasjonen som kommunen har eigarinteresser i. Eigarstrategiar vert utforma med utgangspunkt i eigarmeldinga, og handsama årleg av heradsstyret.

Stiftingar er sjølveigande, og inngår ikkje i eigarstyringa til Kvam herad. Kvam herad har nokre stiftingar dei vel styre til og har innbetalt stiftingskapital til, som står oppført i balansen til kommunen. Stiftingar er difor med i nokre oversikter, men då berre til informasjon.

Vedlegg i saka:

Dok.id	Tittel
683605	Eigarmelding 2020-2023

10.06.2020 Kvam formannskap

Saksordførar: Svein Johannes Stuve

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke

FSK- 058/20 Vedtak:

Kvam heradsstyre vedtek at «Eigarmelding for 2020-2023» skal leggjast til grunn for eigarpolitikken til kommunen og utforming av eigarstrategiar.

16.06.2020 Kvam heradsstyre

- Styresamansetjing i konsernmodell Styremedlemmer i morselskap bør ikkje sitja i styret til dotterselskap. Konserndirektør kan vera representert i dotterselskapa sine styre.

- Oppnemning av vararepresentantar Kvam herad har som hovudregel numerisk valde vararepresentantar til styret for å sikra kontinuitet og kompetanse. 1. vararepresentant bør som hovudregel vera invitert til styremøta.
- Selskap bør gjera ei konkret vurdering om behovet for styreforsikring. Forsikringa dekker økonomisk ansvar, ikkje eit strafferettsleg ansvar. Styremedlemmer bør ikkje ta på seg oppgåver for det aktuelle selskapet i tillegg til styreverv
- Kvam herad skal gje dei folkevalde obligatorisk opplæring og informasjon om eigarskap og eigarskapsstyring. Dei folkevalde som representerer Kvam herad i selskap, bør få eiga opplæring i styrearbeid
- Kvam herad vil oppfordra dei enkelte styra i selskap til å gjennomføra styre opplæring for nye styremedlemmer innan 6 mnd etter tiltredelse i styreværvet.

Tilråding frå FSK vart samrøystes vedteke

Framlegg frå Ottar Randa, tilråding frå FSK med tilleggspunkt, fekk 3 røyster og fall mot 23 røyster

HST- 072/20 Vedtak:

Kvam heradsstyre vedtek at «Eigarmelding for 2020-2023» skal leggjast til grunn for eigarpolitikken til kommunen og utforming av eigarstrategiar.

Saksopplysningar:

x

Vurdering:

x

Eigarmelding 2020-2023



JUNI 2020

Innhald

1.	Eigarmelding.....	3
2.	Eigarforvaltning	4
2.1	Roller	4
2.2	Eigarmøter	5
2.3	Generalforsamling	5
3	Eigarpolitikk i Kvam herad	6
3.1	Prinsipp for god eigarstyring i Kvam herad	7
3.2	Utbytte, resultat og avkastningsmål	8
3.3	Styret si rolle og ansvar	9
3.4	Samfunnsansvar	11
4	Om Eigarstrategiar	12
4.1	Aksjar og partar per 31.12.2019	13

1. Eigarmelding


Eigarmeldinga til Kvam herad er eit verktøy for at heradsstyret kan utøva ein målretta, oversiktleg og langsiktig eigarpolitikk. Gjennom eigarmeldinga etablerer heradsstyret ein del overordna prinsipp for korleis heradet vil forvalta sine eigarposisjonar.

Eigarmeldinga skal medverka til god politisk styring og kontroll i tillegg til å leggja rammene for korleis kommunen skal utøva sitt eigarskap. Vidare handlar det blant anna om forventningar eigar har til samfunnsansvar, premisser for val av selskapsstyre og forventningar om utbyte og avkastning.

Eigarmeldinga skal vera:

- eit grunnlag for gjennomtenkt eigarskap og ansvar knytt til det
- eit grunnlag for selskap til å driva aktivitet i tråd med strategi frå eigar
- eit styringsgrunnlag for eigar og selskap når det skal gjerast konkrete val og vedtak

Forventningane i eigarpolitikken gjeld alle selskap heradet har eigarinteresser i, uavhengig om det er kommunale føretak (KF), selskap som Kvam herad eig åleine eller saman med andre. Grad av påverknad for Kvam herad, og organisasjonen kommunen har eigarinteresser i, varierer i høve val av organisasjonsmodell, illustrert i modell frå KS sine tilrådingar om eigarstyring, selskapsleiing og kontroll:



§ 27 styre utgår i ny kommunelov, men vil eksistera ei tid framover pga. overgangsreglar. Stiftingar er sjølvseigande selskap som ikkje inngår i eigarstyringa. Kvam herad har nokre stiftingar dei vel styre til, og har innbetalt stiftingskapital til, som står oppført i balansen til kommunen. Stiftinga er difor med i nokre oversikter saman, men då berre til informasjon.

Eigarstyringa i Kvam er forankra politisk på fleire nivå. Overordna styring ligg i eigarmeldinga. I tillegg skal det vera ein eigarstrategi for kvart einskilde selskap. Eigarstrategien skal mellom anna etablera mål med eigarskapen, utbyte- og avkastningsforventningar og føringar for strategisk retning med meir. Eigarstrategiane er individuelle og vert tilpassa kvart einskild selskap. Politisk kontroll vert lagt til formannskapet, medan administrativ kontroll vert lagt til rådmannen. Formannskapet er heradet sitt formelle eigarorgan.

Eigarmeldinga skal handsamast av Kvam heradsstyre minst ein gong per valperiode, medan eigarstrategiane vert handsama årleg.

2. Eigarforvaltning

Hovudformålet med eigarforvaltninga er å sikre ei god utvikling for selskapa, langsiktig verdiskaping og god og planlagt stying, samt syta for å følgja opp vedteken eigarpolitikk og eigarstrategiar.

2.1 Roller

Løpande eigarforvaltning medfører regelmessig og formalisert kontakt mellom kommunen og selskapa/føretaka, sikrar god rapportering på grunnlag av mål og forventningar, sikrar gode prosessar ved gjennomføring av val, strategiendringar m.m. Heradsstyret, formannskapet og rådmannen har i den samanheng viktige og ulike roller:

Heradsstyret

- Vedtek kommunen sin eigarpolitikk gjennom behandling av eigarmelding for Kvam herad
- Vedtek kommunen sine eigarstrategiar for selskap og føretak
- Gjennomfører val til styre (1)
- Vedtek kommunen sin økonomiplan og tilhøyrande rapportar
- Vedtek rutinar for samhandling med kommunale føretak

Formannskapet (kommunen sitt eigarorgan)

- Innstiller til heradsstyret i saker som handlar om kommunen som eigar, jf. heradsstyret si rolle nemnt ovanfor
- Gjennomfører eigarmøte med selskap og føretak.

Rådmannen

- Skal setja i verk heradsstyret sin vedtekne eigarpolitikk
- Laga framlegg til eigarstrategiar til politisk handsaming
- Etablera rutinar for løpande eigaroppfølging, under dette styringsdialog med styre, rutinar for styreval, førebuing til møte i eigarorgan, eigarmøte i formannskapet m.m.

Kommunale føretak (KF) går inn i kommunen sine årshjul for budsjettering og rapportering. Budsjettarbeidet i føretaka skal vera tilpassa framdriftsplanen for Kvam herad sin for årleg rullering av økonomiplanen. Styrehandsama forslag skal fremjast som ein del av rådmannen sitt forslag til årsbudsjett og økonomiplan. Heradsstyret fattar vedtak om økonomiske rammevilkår og investeringsbudsjett for kommunale føretak.

Den faste rapporteringa frå kommunale føretak til eigar skjer gjennom tertialrapportar og årsrekneskap/årsmelding. Rapportering skal vera tilpassa framdriftsplanar for

tertialrapportering og årsmelding i heradet, og skal leggjast fram for heradsstyret i samband med forslag til tertialrapportar og årsmelding frå rådmannen. Styret må i samband med tertialrapporteringa fremja konkrete forslag om endringar i dei vedtekne drifts- og investeringsrammene dersom dette vert vurdert som nødvendig.

Generalforsamling og representantskap i hhv. aksjeselskap og interkommunale selskap vert gjennomført normalt i perioden april – juni.

2.2 Eigarmøter

Eigarmøte med leiinga i selskap/føretak gjev formannskapet høve til dialog om strategiar, men er ikkje eit forum for avgjersler. Eigarmøta er ikkje lovregulerte, men er ein arena for å samtala om styret driv verksemd på ein måte som byggjer under føremålet til selskapet/føretaket og kommunen sine mål med eigarskapen, og for å auka forståing mellom føretak og del-/eigar.

Det er berre eigarmøte for dei føretaka der kommunen har relativt stor eigarandel, som Hardanger AKS, Kvam Energi AS og det kommunale føretaket, Kvammabadet KF. Eigarmøta vert avvikla i samband med formannskapsmøter.

Tidspunkt/dato for eigarmøta vert lagt inn i møteplanen til Kvam herad på <https://www.kvam.no/innsyn/postliste/politisk-moteplan/>.

Spørsmål formannskapsmedlemmer har til føretaket bør sendast på epost til ordførar med kopi til rådmann innan ei veka før møtet. Presentasjon, referat, spørsmål og svar til møtet vert presentert på same stad som eigarmøtet.

2.3 Generalforsamling

Rammene for eigarskapen til det enkelte føretaket, vert sett i eigarstrategien. Strategiet vert førande for eventuelle styremedlemmer som vert utpeika av Kvam heradsstyre for å ta i vare kommunen sine interesser. Styremedlemmer er likevel personleg valde, og personleg ansvarlege for styrearbeidet sitt. Val av styre til aksjeselskap (AS) og interkommunale selskap (IKS) vert gjennomført av hhv. generalforsamling og representantskap.

Etter at heradsstyret er konstituert, vel det kommunen sine representantar til generalforsamling for heradsstyreperioden.

3 Eigarpolitikk i Kvam herad

Føremålet med eigne selskap kan vera fleire:

- å auka forretningsmessig kompetanse og styringa på visse område
- å avgrense den økonomiske effekten av eit tiltak for andre kommunale aktivitetar
- å avgrensa økonomisk ansvar for kommunen ved å organisera tiltak utanfor ordinær kommunal drift
- å avgrensa økonomisk ansvar eller effektar av samarbeidstiltak med andre kommunar/fylke.

Det er viktig at dei folkevalde har kunnskap om eigarskap og konsekvensar av val av organisasjonsform, og opplæring skal gjevast innan dei fyrste 6 månadane i ny heradsstyreperiode. Ein eventuell ny gjennomgang av eigarpolitikken/opplæringa bør vurderast når det er gått om lag 2 år.

Kvar gong kommunen skipar eit selskap som skal ta hand om kommunale oppgåve, er det eit dilemma at omorganiseringa reduserer direkte politisk styring og kontroll med korleis oppgåva vert løyst. Når kommunen etablerer eit nytt selskap vert aktiviteten i større grad fristilt. Kommunen gjev slepp på tradisjonell form for forvaltningsstyring og styring må skje i samsvar med rammer som følgjer til dømes av selskapslovgjeving. For å kompensera for ulemper med redusert direkte styring, er styring gjennom eigarstrategiske dokument med mål og forventningar, eit prinsipp og eit viktig verktøy. Til saman dannar dette ein styringsmodell. Modellen gjev rammer som skal vera førande for arbeidet til styret i eit selskap. I arbeidet med å følgja opp selskap/føretak vert det lagt vekt på økonomistyring, måloppnåing og evaluering av styre.

3.1 Prinsipp for god eigarstyring i Kvam herad

Prinsippa skal mellom anna avklara roller og visa tydeleg retning for korleis heradet skal opptre som eigar. Prinsippa kjem i tillegg til gjeldande lover på området. Vilkår omkring eigarstyring for det einskilde selskapet vert gjort i vedtekter, aksjonæravtalar eller eigarstrategiar.

Prinsipp for eigarstyring i Kvam herad

1. For selskap som opererer i ein marknad skal det setjast opp utbyte- og avkastningskrav. For selskap som har andre spesifikt definerte mål, vil avkastningsforventingar verta erstatta av andre mål, som til dømes effektivitetsmål.
2. Kommunen sin eigarskap skal fremja samfunnsansvarleg forretningsdrift og berekraftig samfunnsutvikling. I selskap som kommunen har eigarinteresser i, skal all aktivitet kvila på same normer og etiske retningslinjer som for Kvam herad.
3. Kommunen som eigar skal gje klare og langsiktige mål for selskap/føretak gjennom selskapsvisе eigarstrategiar. Styret er ansvarleg for at måla vert realiserte.
4. Styret skal ha ein uavhengig kontrollfunksjon. Kvam herad fremjar sine interesser overfor selskap gjennom generalforsamling, representantskap og eigarmøte.
5. Godtgjersle til styra i selskapa skal vera på eit moderat nivå, men høgt nok til at det fremjar verdiskapning og er rimeleg ut i frå styret sitt ansvar, kompetanse, tidsbruk og kompleksiteten i arbeidet.
6. Lønnsnivået for leiar i selskap der kommunen eig ein vesentleg del, skal liggja på eit konkurransedyktig nivå, men ikkje vera lønnsleiande.
7. Kapitalstrukturen i eit selskap skal vera tilpassa føremålet med eigarskapen og selskapet sin aktuelle situasjon.
8. Det skal nyttast valkomité i samband med val av medlemer til aksjeselskap og interkommunale selskap. Styret skal vera kjenneteikna av kompetanse, kapasitet og mangfald ut frå eigenarten til selskapet/føretaket og kommunen sine mål med eigarskapen.
9. Det skal vera opne forhold omkring eigarskapen til Kvam herad og aktiviteten i selskapa.
10. Kvam heradsstyre har både eit tilsyn- og kontrollansvar for å sikra at kommunen når måla sine, at regelverket vert etterlevd og at det vert teke etiske omsyn. Tilsyn/kontroll vert utført gjennom blant anna rekneskapsrevisjon, forvaltingsrevisjon og selskapskontroll. Kontrollansvaret gjeld og der verksemda er skilt ut i egne selskap.

3.2 Utbytte, resultat og avkastningsmål

For kommunale selskap er primæroppgåva å driva lønnsamt og effektivt. For kommersielle verksemdar gjeld det å sikra ei god verdiutvikling bygd på forretningsmessig prinsipp i eit langsiktig perspektiv. Kvam herad har eit strategisk og langsiktig perspektiv med sitt eigarskap og det skal vera tydelege mål med eigarskap i enkeltbedrifter. Forventningar til avkastning, utbytte og resultat skal vera ein sentral del av dialogen med selskapa. For selskap som har andre spesifikt definerte mål enn reint forretningsmessige, og som ikkje opererer i ein marknad, vil avkastningsforventningar kunne verta erstatta av andre mål, som for eksempel effektivitetsmål.

Utbytte

Som eigar gjev Kvam herad uttrykk for forventningar til utbytte frå eit selskap. Forventningar til utbytte skal reflektera kva Kvam herad meiner er rett balanse mellom utbytte og overskot som vert halde tilbake i selskapet (auka eigenkapital). Eit sentralt omsyn når utbyttet vert fastsett, er at selskapet bør ha ein eigenkapital som er tilpassa mål, strategi og risikoprofil. Rådmannen arbeidar ut forventning til utbytte. I selskap der det er aktuelt med utbytte i tråd med vedteken eigarstrategi, vert det kommunisert til styret.

Avkastningsmål

Verdien av Kvam herad sitt eigarskap er vesentleg. Kvam herad har investert i og overført store verdiar til selskap og føretak som kommunen ventar medverkar til effektivisering av kommunen sin økonomi, og som gjev avkastning på investeringar.

For selskap som i stor grad har forretningsmessige mål, er avkastning eit sentralt element for eigar. Kvam herad ynskjer ei positiv verdiutvikling av sine investeringar og eit viktig mål for slike selskap er at dei oppnår høg avkastning på investert kapital. Avkastningsmål er den avkastninga eigar kan forventa å få på sine investeringar over tid, i høve til risikoen knytt til investeringane.

Resultatmål

For selskap der det ligg føre andre spesifikt definerte mål, og som ikkje opererer i ein marknad, vil forventningane til avkastning kunna verta erstatta av andre mål, som til dømes effektivitetsmål. Ulike selskapsformer er valde for å realisera ulike føremål. I nokre tilfelle er det å ta vare på særskilte samfunnsoppgåver ei betre målsetjing enn reine resultatkrav. Kommunen sikrar god eigarstyring gjennom å setja tydelege mål og resultatkrav til kvart selskap. Det er gjennom godt arbeid med strategi for kvart einskild selskap at grunnlaget for ein tydelege og unik eigarstrategi vert lagt.

3.3 Styret si rolle og ansvar

Styret skal ta vare på ein uavhengig kontrollfunksjon. Kvam herad fremjar sine interesser overfor selskapa gjennom generalforsamling, representantskap og eigarmøte.

Val av styre

Styret har ansvar for forvaltning av selskapet. Styret syt for organisering, tilset administrerande direktør og fører tilsyn med dagleg leiing og selskapet generelt. Styret har ansvar for å følgja opp forventningar frå eigar til selskapet, i den samanheng legg eigar til grunn at styret greier ut om eventuelle avvik. Val av kompetente styre er avgjerande for best mogeleg forvaltning av verdiane i eit selskap og er ei prioritert oppgåve frå Kvam herad si side.

Styret skal vera kjenneteikna av kompetanse, kapasitet og mangfald ut frå selskapet sin eigenart og heradet sitt føremål med eigarskapen. Kunnskap må ofte arbeidast opp gjennom aktivt styrearbeid. For å skapa godt fungerande styre ynskjer Kvam herad kontinuitet i styrearbeidet. Det vil sikra at opparbeida kompetanse ikkje forsvinn.

Styret skal som kollegium ha erfaring og kompetanse innanfor følgjande område:

1. Kunnskap om aktiviteten i selskapet, under dette føremål, organisering, historie, forretningsområde, lover/forskrifter, strategi, avtalar m.m.
2. Bransjekunnskap, under dette kunnskap om trendar og utviklingstrekk i bransjen og kunnskap om konkurrerande verksemdar.
3. Spesialkompetanse og erfaring innan område som juss, økonomi/finans/rekneskap, risikostyring, marknadsføring, HMS, tekniske fag mv.
4. Leiarerfaring og kompetanse knytt til organisasjonsmessige endringsprosessar.
5. Kompetanse og erfaring knytt til offentleg forvaltning.
6. Kompetanse og erfaring knytt til styrearbeid.
7. Kjønnsmessig balanse
8. Ved val til styre, uansett selskapsform, vert styremedlem normalt valt for ein to-årsperiode i samsvar med hovudregelen i aksjelova.

Valkomité for styreutnemningar i aksjeselskap og interkommunale selskap

For interkommunale selskap er det etablert ei ordning med valkomité. Tilsvarande ordning er ikkje fullt ut gjennomført for aksjeselskap. Valkomitear kan vera eit nyttig organ for å få fram kandidatar, og det vil vera naturleg å bruka valkomité ved val av styremedlemer til aksjeselskap. Valkomiteen har ansvar for å levera eit grunngjeve framlegg til eigarorganet om kandidatar til styret for eit selskap.

Val av styre for interkommunale selskap skjer i representantskapsmøta vanlegvis i april/mai. Aksjeselskap held sine ordinære generalforsamlingar med val, innan utgangen av juni. Val av styrerepresentantar til kommunale føretak skal som hovudregel gjennomførast på vårparten.

Der det vert utpeika vararepresentantar til styret, bør ordninga med numeriske vararepresentantar nyttast for å sikra kontinuitet og kompetanse i styret.

Godtgjersle til styret

Godtgjersle til styret i eit selskap bør vera utforma slik at det fremjar verdiskaping og verkar rimeleg ut i frå ansvar, kompetanse, tidsbruk og kompleksiteten i arbeidet. Godtgjersla bør liggja på eit moderat nivå og når den er oppe til justering, reflektera alminnelege lønns- og prisutvikling i samfunnet.

I aksjeselskapa og dei interkommunale selskapa er det hhv. generalforsamling og representantskap som årleg tek stilling til storleiken på godtgjersla. Styregodtgjersle for kommunale føretak vert fastsett av heradsstyret.

Forventningar til styret

Styret har ansvar for at eit selskap vert forvalta i tråd med eigar sine interesser. Styret skal ta vare på den strategiske leiinga av selskapet innanfor dei rammene som er gjeve av eigar. Styret skal vera ein viktig diskusjonspartnar og støttespelar for leiinga i større saker, men må òg kunna utfordra administrerande direktør og verksemda på ein konstruktiv måte slik at det vert teke gode avgjerder. Styret må ha ei uavhengig rolle til leiinga og kontrollera leiinga på grunnlag av vedtekne målsetjingar.

For å sikra utvikling av nødvendig kompetanse i styret blir det tilrådd at styret etablerer følgjande rutinar:

- Fastset styreinstruks og instruks for dagleg leiar med særleg vekt på ei klar intern ansvars- og oppgåvefordeling.
- Gjennomfører eigenevaluering kvart år.
- Vurderer behovet for ekstern styreopplæring. Nye styremedlemar må få opplæring om ansvar, oppgåver og rollefordeling.
- Gjennomfører eigne styreseminar om roller, ansvar og oppgåver
- Fastset ein årleg plan, medrekna møteplan, for arbeidet sitt med vekt på mål, strategi og gjennomføring.
- Etablerer faste rutiner for å handtera moglege habilitetskonfliktar
- Styremedlemmer er registert i www.styrevervregisteret.no

3.4 Samfunnsansvar

Bedrifter har ei viktig samfunnsrolle og påverkar samfunnsutviklinga og nærmiljøet som dei opererer i. Kvam herad utøver sitt samfunnsansvar gjennom bl.a. etiske retningslinjer, overordna arbeidsgjevarpolitikk, ulike miljøtiltak m.m. Når det gjeld AS og IKS, er det styret i selskapa og føretaka som har ansvar for ta hand om samfunnsansvaret. Gjennom vedtekne eigarprinsipp har kommunen klare formuleringar om at alle selskap skal ta eit samfunnsansvar og Kvam herad som eigar legg til grunn at alle styre tek samfunnsansvar og at det er integrert både i dagleg drift og i strategiar.

Samfunnsansvaret handlar om å ta sosiale og miljømessige omsyn ut over det som er pålagt ved lov. Selskapa skal utvikla eigne haldningar på område som etikk, førebygging av korrupsjon, miljø, likestilling og integrering.

Opne forhold omkring heradet sitt eigarskap er viktig av demokratiske omsyn. Alle viktige saker som handlar om endringar i kapital, mål eller har budsjettkonsekvensar skal leggjast fortløpande fram for heradsstyret. Kvam herad vil i årsmeldinga visa ei oversikt over samla portefølje av selskap og det skal vera nøkkeltal for kvart selskap.

I tillegg til det generelle ansvaret, er det nokre forhold som heradet legg vekt på i dialog med selskap og som heradet ventar at styret tek med i sine vurderingar:

Arbeidsgjevarpolitikk

Arbeidsgjevarpolitikken til Kvam herad gjev føringar for korleis eit selskap skal gjennomføra konkrete tiltak innan HMS, lønnspolitikk, rekruttering, leiarutvikling, mangfald og inkludering, kompetanseutvikling m.m. Kommunen legg til grunn at alle selskap har ein god arbeidsgjevarpolitikk og at denne vert følgt opp på ein systematisk og tillitsvekkjande måte.

Miljø

Kvam herad forventar at alle selskap tek eit miljøansvar. Arbeid med miljøspørsmål i eit selskap må vera systematisk og dekkja heile verdikjeda i verksemda. Mål, gjennomføring og evaluering av miljøarbeid må koma fram. Selskap og føretak er ulike når det gjeld i kva grad dei påverkar ytre miljø. Dette vil naudvendigvis påverka kor omfattande rutinar og system dei ulike selskapa må utvikla for å sikra at verksemda tek nødvendige miljøomsyn.

Etikk

Kommunale selskap forvaltar fellesskapet sine ressursar. Forvaltinga skal skje på ein måte som samsvarer med befolkninga sine oppfatningar om rett og galt. Kommunane sitt omdømme er påverka av korleis ein forvaltar samfunnsansvaret sitt gjennom bedriftene sine. Etikk er ein viktig del av å driva eit selskap, fordi dei etiske haldningane legg grunnlaget for korleis ein faktisk handlar. Etiske retningslinjer bør derfor utarbeidast i dei einskilde selskap. Retningslinjene bør diskuterast og eventuelt reviderast årleg.

Korrupsjon

Kvam herad ventar at selskap kommunen har eigardel i har nulltoleranse for korrupsjon. Strenge krav til opne forhold i eit selskap er effektivt verkemiddel mot korrupsjon. Heradet er oppteken av at selskap som heradet har eigarinteresser i, er opne om dilemma knytt til korrupsjon, interessekonfliktar og inhabilitet. Kommunen har reglar, rutinar og system som gjev styring og kontroll med kommunen si forvaltning av verdiane til fellesskapet.

4 Om Eigarstrategiar

For Kvam herad vil vedtekne eigarstrategiar vera viktige styringsverktøy. Eigarstrategi legg grunnlag for aktiv oppfølging av verdiane som ligg i eit selskap. Strategien skal danna plattform for ein god styringsdialog og fastsetja mål og ein klar retning på kva eigarane vil med selskapet. Eigarstrategien kan regulera forhold som kommunikasjon med selskapet, informasjonsbehov, forventa avkastning, utbytteforventningar, strategisk retning og kjerneverksemd, mål, tvisteløysningar mellom eigarane m.m. Eigarstrategiane er individuelle og vert tilpassa kvart einskild selskap. Alle eigarstrategiar skal vera forankra i heradsstyret, og vert handsama årleg.

Delt eigarskap gjev spesielle utfordringar knytt til samordning av ulike eigarinteresser. For selskap med fleire eigarar, er felles oppfatning av eigarstrategi viktig for å ta hand om ulike synspunkt. Eigarstrategi gjev felles haldningar til retning og utvikling av eit selskap. Eigarstrategi er eit viktig verktøy for å regulera eventuelle usemjer. Gjennom eigarstrategien kan eigarane avtala formelle føringar og former for tvisteløysningar. Eigarstrategi kan også forplikta til å etablera forum på administrativt nivå der dei ulike interessene til eigarane vert drøfta og avklara for å unngå at det kjem ulike styringssignal til selskapet.

4.1 Aksjar og partar per 31.12.2019

Selskap	Selskapsform	Eigardel
BIR AS	AS	0,33 %
BKK AS	AS	0,9 %
E134 Haukelivegen AS	AS	2,2 %
Hardanger AKS AS (Storeholmen)	AS	45,50 %
Hardangerrådet IKS AS	IKS AS	26 %
Hardangervegen AS	AS	13,69 %
Kommunekraft AS	AS	0,313 %
Kvam Energi AS (konsern med m.a. Kvam kraftverk AS og Kvam Energi Nett AS)	AS	100 %
LL det norske teateret	AS	Under 0 %
Næringshagen i Hardanger AS	AS	9,52 %
Vann vest AS (erstattar DIHVA IKS)	AS	5,55 %
Visit Hardangerfjord AS	AS	6,89 %
Øystese kraft AS (oppløyst)	AS	24,40 %
Biblioteksentralen SA	Samvirkeføretak	0,002 %
Tørvikbygd Vasslag SA	Samvirkeføretak	
Vikøy vasslag SA	Samvirkeføretak	
Driftsassistansen i Hordaland – vann og avløp IKS (under avvikling)	IKS	2,20 %
Interkommunalt arkiv i Hordaland IKS	IKS	3,63 %
Sjølveigande stiftingar:		
Kvam bustadsstifting	Stifting	Uavhengig stifting
Stiftinga Hardanger fartøysenter	Stifting	Uavhengig stifting
Stiftinga Hardanger og Voss museum	Stifting	Uavhengig stifting

I tillegg til aksjar og partar lista opp ovanfor, har kommunen eigenkapitalinnskott i pensjonsselskapet KLP. Dette innskottet kjem som følgje av at kommunen nyttar KLP som pensjonsleverandør (i tillegg til Storebrand). Per 31.12.2019 var eigenkapitaltilskottet på 16,54 mill.kr., medan kommunen sin eigarandel av KLP er rekna til 27,4 mill.kr. KLP leverer sjølv informasjon til den delen av eigarmeldinga som kommunen har valgt å skilja ut i eigarstrategiar, og ligg som vedlegg i eigarstratgisaka.

Kvam herad har eit kommunalt føretak, Kvammabadet KF. Eit kommunalt føretak er ikkje eigen juridisk eining, men del av kommunen som rettssubjekt, og årsrekneskap/årsmelding vert rapportert som del av konsernet Kvam herad. Føretaket har eige styre, som rapporterer til heradsstyret, og det vert halde 1-2 eigarmøte med Kvam formannskap i løpet av året.

Kvam herad

Sakspapir

SAKSGANG

Utval	Møtedato	Saknr
Kvam heradsstyre	16.06.2020	085/20

Avgjerd av:	Arkiv: N-0	Arkivsaknr
Saksh.: Mæland, Jorunn Drægne	Objekt:	16/396 - 78

Plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020 - 2024 for Kvam herad

Behandling i politiske utval:

16.06.2020, HST- 085/20 Vedtak:

1. Forslag til plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020-2024 for Kvam herad vert vedteken slik den ligg føre.
2. Planen erstattar plan forvaltningsrevisjon for perioden 2016-2020.
3. Planen gjeld for resten av valperioden og fram til ny plan etter intensjonen vert vedteken i 2024.
4. Heradsstyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å føreta endringar og omprioriteringar i planen, samt til å kunna definera og avgrensa konkrete prosjekt innafor dei utvalde områda i planen.
5. Planen skal evaluerast minst ein gong i valperioden. Heradsstyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å gjera denne evalueringa.
6. Kontrollutvalet skal rapportere resultatet av forvaltningsrevisjonar ti heradsstyret etter kvart.

Kontrollutvalet sitt framlegg til vedtak:

1. Forslag til plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020-2024 for Kvam herad vert vedteken slik den ligg føre.
2. Planen erstattar plan forvaltningsrevisjon for perioden 2016-2020.
3. Planen gjeld for resten av valperioden og fram til ny plan etter intensjonen vert vedteken i 2024.
4. Heradsstyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å føreta endringar og omprioriteringar

i

planen, samt til å kunna definera og avgrensa konkrete prosjekt innafor dei utvalde områda

i planen.

5. Planen skal evaluerast minst ein gong i valperioden. Heradsstyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å gjera denne evalueringa.
6. Kontrollutvalet skal rapportere resultatet av forvaltningsrevisjonar ti heradsstyret etter kvart.

Samandrag:

Føremålet med denne saka er å legg fram sak om plan for forvaltningsrevisjon for Kvam herad for perioden 2020 – 2024.

Vedlegg i saka:

Dok.id	Tittel
---------------	---------------

684350	Plan for forvaltningsrevisjon - Kvam herad 2020-2024
--------	--

684351	Kvam herad - risiko og vesentlegvurderingar for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll
--------	--

16.06.2020 Kvam heradsstyre

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke

HST- 085/20 Vedtak:

1. Forslag til plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020-2024 for Kvam herad vert vedteken slik den ligg føre.
2. Planen erstattar plan forvaltningsrevisjon for perioden 2016-2020.
3. Planen gjeld for resten av valperioden og fram til ny plan etter intensjonen vert vedteken i 2024.
4. Heradsstyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å føreta endringar og omprioriteringar i
i
planen, samt til å kunna definera og avgrensa konkrete prosjekt innafor dei utvalde områda
områda
i planen.
5. Planen skal evaluerast minst ein gong i valperioden. Heradsstyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å gjera denne evalueringa.
6. Kontrollutvalet skal rapportere resultatet av forvaltningsrevisjonar ti heradsstyret etter kvart.

Saksopplysningar:

Bakgrunn for saka

Kommunelova § 23-3 Forvaltningsrevisjon lyder slik:

«Forvaltningsrevisjon innebærer å gjennomføre systematiske vurderinger av økonomi, produktivitet, regeletterlevelse, måloppnåelse og virkninger ut fra kommunestyrets eller fylkestingets vedtak.

Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden, og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan som viser på hvilke områder det skal gjennomføres forvaltningsrevisjoner. Planen skal baseres på en risiko- og vesentlighetsvurdering av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet og virksomheten i kommunens eller fylkeskommunens selskaper. Hensikten med risiko- og vesentlighetsvurderingen er å finne ut hvor det er størst behov for forvaltningsrevisjon.

Planen skal vedtas av kommunestyret og fylkestinget selv. Kommunestyret og fylkestinget kan delegere til kontrollutvalget å gjøre endringer i planen.»

Dette betyr at kontrollutvalet innan utgangen av 2020 må syta for:

- å utarbeida ein plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon i perioden 2020 – 2024
- å gjennomføra ein risiko- og vesentlegvurdering (ROV) av heradet si verksemd og verksemda i heradet sine selskap som planen skal baserast på
- at planen vert vedteken av heradsstyret som kan delegera til kontrollutvalet å foreta endringar i planperioden.

Med dette som bakgrunn fatta kontrollutvalet slik vedtak 27.11.2019:

1. *Prosjektplan for risiko og vesentlegvurderingar og plan for forvaltningsrevisjon vert godkjent slik den ligg føre / evt. med endringar gjort i møte, herunder at timeressursen vert sett til 150 timar for arbeid relatert til dei to planane som går fram av prosjektplanen.*
2. *Kontrollutvalet sluttar seg til framdriftsplan for arbeid med risiko og vesentlegvurderingar og plan for eigarskapskontroll.*
3. *Kontrollutvalet ber om at prosessmøte nr. 1 vert gjennomført på neste møte.*

Deloitte har i sitt arbeid med risiko- og vesentlegvurdering m.a. gjennomført dokument- og statistikkanalyse, gjennomgang av selskapsopplysningar i bedriftsdatabase, elektronisk spørjeundersøking for administrative leiarar og heradsstyret, intervju med administrative og politiske leiarar i heradet og prosessmøter med kontrollutvalet. Det er difor gjort eit godt grunnlagsarbeid for utarbeiding av risiko- og vesentlegvurdering som ligg til grunn for forslag til plan for forvaltningsrevisjon.

Det er gjennomført to prosessmøte med kontrollutvalet. I møtet 09.03.20 vart det sett fokus på risikoar innanfor heradet sine ansvarsområde og knytt til selskapa der heradet har eigarinteresser. I møtet 27.04.20 vart det gjort ei førebels prioritering av dei viktigaste område det kan vera aktuelt å gjennomføre forvaltningsrevisjon innan.

Analysegrunnlag for plan for forvaltningsrevisjon blei lagt fram i kontrollutvalet sitt møte 27.04.20.

Utkast til risiko- og vesentlegvurdering er meint som underlagsmateriale i samband med utveljing av forvaltningsrevisjonsprosjekt i Kvam herad, og skal i første rekke vera eit arbeidsdokument for kontrollutvalet. Det er gjort nokre justeringar i dette dokumentet etter førre møte i kontrollutvalet og ny versjon av dokumentet ligg ved som vedlegg 1.

Det føreligg også utkast til plan for forvaltningsrevisjon som ligg ved saka som vedlegg 2. Denne skal gjennomgåast av kontrollutvalet i dette møtet og tilrådde prosjekt skal endeleg prioriterast. Forslag til plan for forvaltningsrevisjon skal vidare til heradsstyret som fattar endeleg vedtak.

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse for å dra i gang og gjennomføre planprosessen, m.a. gjennom vedtak i denne saka.

Når utkast til plan for forvaltningsrevisjon 2020 - 2024 ligg føre, etter gjennomført prosess, skal kontrollutvalet innstille til heradsstyret, som vedtar plan for forvaltningsrevisjon, jf. kommunelova § 23-3.

Vurderingar og verknader

Det går fram at denne planen gjeld i perioden 2020 – 2024. Planen skal utarbeidast innan året etter kommunevalet. Neste kommuneval er i 2023, medan ferdigstilling av plan for forvaltningsrevisjon for neste periode truleg skjer i 2024, med nasjonal frist ved utgangen av 2024.

Ved utarbeiding av plan for forvaltningsrevisjon er det viktig å fokusera på risiko- og vesentlegvurderingar. I dette ligg det at det skal verta gjort ei vurdering av på kva område av heradet si verksemd og verksemda i heradet sine selskap det er risiko for vesentlege avvik i høve dei vedtak, føresetnader og mål som er sett for verksemda.

Gjennom arbeid med risiko- og vesentlegvurderingar har ein vore innom 32 område som kan vera aktuelle for framtidige forvaltningsrevisjonar. Det er gjort forslag om å sette opp ei prioritert gruppe for 8 av områda i prioritert rekkefølge. Dei resterande områda vert sett i ei uprioritert gruppe. Kontrollutvalet må ut frå dette ta stilling til om dei er einige i forslag til prioritering som no ligg føre.

Den førre planen for forvaltningsrevisjon i kvam herad blei utarbeidd i 2016, og skulle gjelda for perioden 2016 - 2020. I denne planen vart det delegert til kontrollutvalet å gjera endringar, definera og avgrensa prosjekt, slik kommunelova opnar for. Dette vert tilrådd vidareført av praktiske omsyn, bl.a. for å kunna ta omsyn til ny aktualitet, utan å gå vegen om ein ny planprosess. Vidare bør det bli gjennomført ei evaluering av planen midt i planperioden for å få vurdert om det har skjedd endringar i risikobiletet som gjer at planen bør endrast.

Kontrollutvalet pleier å senda forvaltningsrevisjonsrapportar over til heradsstyret for endeleg

handsaming, etter kvart som innstilling føreligg frå utvalet. Dessutan vert kontrollutvalet si årsmelding rekna som ein del av den lovpålagte rapporteringa frå utvalet til heradsstyret. Sekretariatet skriv utkast til årsmelding på utvalet sine vegne, og vil som grunnlagsarbeid stilla spørsmål til administrasjonen om oppfølging av heradsstyret sine vedtak i samband med forvaltningsrevisjonsrapportar. Sekretariatet tilrår at denne oppfølginga skjer frå sekretariatet si side, og at det kan vera eit samspel med revisjonen der dette vert funne føremålstenleg. Det vert og synt til kommunelova § 23-7 der det m.a. står dette:

«Sekretariatet skal påse at de sakene som behandles av kontrollutvalget, er forsvarlig

utredet, og at utvalgets vedtak blir iverksatt.»

Vurdering:

Konklusjon

Sekretariatet meiner at utkast til plan for forvaltningsrevisjon 2020 – 2024 som ligg føre, er eigna for at ein no kan invitera kontrollutvalet til å gjera endeleg prioritering av prosjekt i planen.

Kontrollutvalet står fritt til å gjera endringar innafor forslag til plan, ein kan endra på rekkjefølgje når det gjeld prioriteringar, trekka frå eller leggja til prosjekt i planen. Etter at kontrollutvalet har gjort sine prioriteringar skal planen leggjast fram for heradsstyret for endeleg avgjerd.

Kvam herad

Sakspapir

SAKSGANG

Utval	Møtedato	Saknr
Kvam formannskap	10.06.2020	071/20
Kvam heradsstyre	16.06.2020	088/20
Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne og eldre	08.06.2020	015/20
Kvam Ungdomsråd	11.06.2020	022/20

Avgjerd av:	Arkiv:	Arkivsaknr
Saksh.: Botnen, Olav	Objekt:	20/51 - 11

Kvam herad - 1. tertialrapport 2020

Behandling i politiske utval:

08.06.2020, RMNFE- 015/20 Vedtak:

Kvam heradsstyre vedtar følgjande:

1. Rapporten for 1. tertial 2020 vert teken til vitande
2. Driftsbudsjettet vert justert i samsvar med tabellen for «2020 - Resultatoppstilling» som ligg i rapporten, og fordeling per Kostra-tema i skjema 1B.
3. Investeringsbudsjettet vert justert i samsvar med tabellane for «Status investering og finansiering» og "Status investeringar" som ligg i rapporten.
4. Budsjetterte tilskot til ulike kulturarrangement på til saman kr 215.000, vert tildelt, sjølv om arrangement ikkje vert avvikla på grunn av koronapandemien.
5. Ramma til grunnskule vert utvida med opp til eit årsverk for å imøtekomme krava til lærartettleik for skuleåret 2020/2021. Rådmannen kjem attende i 2. tertial med storleik på rammeutvidinga, og finansiering av denne.

10.06.2020, FSK- 071/20 Vedtak:

Kvam heradsstyre vedtar følgjande:

1. Rapporten for 1. tertial 2020 vert teken til vitande
2. Driftsbudsjettet vert justert i samsvar med tabellen for «2020 - Resultatoppstilling» som ligg i rapporten, og fordeling per Kostra-tema i skjema 1B.
3. Investeringsbudsjettet vert justert i samsvar med tabellane for «Status investering og

finansieringa» og "Status investeringar" som ligg i rapporten.

4. *Budsjetterte tilskot til ulike kulturarrangement på til saman kr 215.000, vert tildelt, sjølv om arrangement ikkje vert avvikla på grunn av koronapandemien.*
5. *Ramma til grunnskule vert utvida med opp til eit årsverk for å imøtekoma krava til lærartettleik for skuleåret 2020/2021. Rådmannen kjem attende i 2. tertial med storleik på rammeutvidinga, og finansiering av denne.*

11.06.2020, URÅD- 022/20 Vedtak:

Kvam Ungdomsråd tek tertialrapporten til vitande

16.06.2020, HST- 088/20 Vedtak:

Kvam heradsstyre vedtar følgjande:

1. *Rapporten for 1. tertial 2020 vert teken til vitande*
2. *Driftsbudsjettet vert justert i samsvar med tabellen for «2020 - Resultatoppstilling» som ligg i rapporten, og fordeling per Kostra-tema i skjema 1B.*
3. *Investeringsbudsjettet vert justert i samsvar med tabellane for «Status investering og finansieringa» og "Status investeringar" som ligg i rapporten.*
4. *Budsjetterte tilskot til ulike kulturarrangement på til saman kr 215.000, vert tildelt, sjølv om arrangement ikkje vert avvikla på grunn av koronapandemien.*
5. *Ramma til grunnskule vert utvida med opp til eit årsverk for å imøtekoma krava til lærartettleik for skuleåret 2020/2021. Rådmannen kjem attende i 2. tertial med storleik på rammeutvidinga, og finansiering av denne.*

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kvam heradsstyre vedtar følgjande:

1. *Rapporten for 1. tertial 2020 vert teken til vitande*
2. *Driftsbudsjettet vert justert i samsvar med tabellen for «2020 - Resultatoppstilling» som ligg i rapporten, og fordeling per Kostra-tema i skjema 1B.*
3. *Investeringsbudsjettet vert justert i samsvar med tabellane for «Status investering og finansieringa» og "Status investeringar" som ligg i rapporten.*
4. *Budsjetterte tilskot til ulike kulturarrangement på til saman kr 215.000, vert tildelt, sjølv om arrangement ikkje vert avvikla på grunn av koronapandemien.*
5. *Ramma til grunnskule vert utvida med opp til eit årsverk for å imøtekoma krava til lærartettleik for skuleåret 2020/2021. Rådmannen kjem attende i 2. tertial med storleik på rammeutvidinga, og finansiering av denne.*

Samandrag:

Rådmannen legg fram rapport om den kommunale økonomien etter 1. tertial 2020.

For fyrste gong vert tertialen publisert i ei nettløysing, med ein rekkje tilleggsinformasjon

som status per vedtak og detaljar frå dei ulike tenestekområda.
Rapporten er publisert på følgjande lenkje:

<https://pub.framsikt.net/2020/kvam/mr-202004-t1/>

I tillegg er det lagt ved eit dokument til sakspapira, med utdrag frå netttinnhaldet, som skal vera tilstrekkeleg til å gje innblikk i det mest sentrale i tertialrapporten.

BCM sine tertialrapportar for plasseringar og gjeld, er òg lagt med som vedlegg til saka.

Vedlegg i saka:

Dok.id	Tittel
684768	1.tertial 2020-framsikt
682922	Kvam herad gjeldsrapport 30.04.2020
682923	Kvam herad - rapport obligasjonar - 1. tertial 2020 - pr. 30.04.20

08.06.2020 Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne og eldre

Framlegg til vedtak vart samrøystes teke til vitande

RMNFE- 015/20 Vedtak:

Kvam heradsstyre vedtar følgjande:

1. Rapporten for 1. tertial 2020 vert teken til vitande
2. Driftsbudsjettet vert justert i samsvar med tabellen for «2020 - Resultatoppstilling» som ligg i rapporten, og fordeling per Kostra-tema i skjema 1B.
3. Investeringsbudsjettet vert justert i samsvar med tabellane for «Status investering og finansiering» og "Status investeringar" som ligg i rapporten.
4. Budsjetterte tilskot til ulike kulturarrangement på til saman kr 215.000, vert tildelt, sjølv om arrangement ikkje vert avvikla på grunn av koronapandemien.
5. Ramma til grunnskule vert utvida med opp til eit årsverk for å imøtekoma krava til lærartettleik for skuleåret 2020/2021. Rådmannen kjem attende i 2. tertial med storleik på rammeutvidinga, og finansiering av denne.

10.06.2020 Kvam formannskap

Saksordførar: Jostein Ljones

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke

FSK- 071/20 Vedtak:

Kvam heradsstyre vedtar følgjande:

1. Rapporten for 1. tertial 2020 vert teken til vitande
2. Driftsbudsjettet vert justert i samsvar med tabellen for «2020 - Resultatoppstilling» som ligg i rapporten, og fordeling per Kostra-tema i skjema 1B.
3. Investeringsbudsjettet vert justert i samsvar med tabellane for «Status investering og finansiering» og "Status investeringar" som ligg i rapporten.

4. Budsjetterte tilskot til ulike kulturarrangement på til saman kr 215.000, vert tildelt, sjølv om arrangement ikkje vert avvikla på grunn av koronapandemien.
5. Ramma til grunnskule vert utvida med opp til eit årsverk for å imøtekoma krava til lærartettleik for skuleåret 2020/2021. Rådmannen kjem attende i 2. tertial med storleik på rammeutvidinga, og finansiering av denne.

11.06.2020 Kvam Ungdomsråd

Framlegg frå Håvard Botnen, leiar:

Kvam Ungdomsråd tek tertialrapporten til vitande

Røysting:

Framlegget frå Håvard Botnen, Leiar vart samrøystes vedteke med 9 røyster

URÅD- 022/20 Vedtak:

Kvam Ungdomsråd tek tertialrapporten til vitande

16.06.2020 Kvam heradsstyre

Tilråding frå FSK vart samrøystes vedteke

HST- 088/20 Vedtak:

Kvam heradsstyre vedtar følgjande:

1. Rapporten for 1. tertial 2020 vert teken til vitande
2. Driftsbudsjettet vert justert i samsvar med tabellen for «2020 - Resultatoppstilling» som ligg i rapporten, og fordeling per Kostra-tema i skjema 1B.
3. Investeringsbudsjettet vert justert i samsvar med tabellane for «Status investering og finansiering» og "Status investeringar" som ligg i rapporten.
4. Budsjetterte tilskot til ulike kulturarrangement på til saman kr 215.000, vert tildelt, sjølv om arrangement ikkje vert avvikla på grunn av koronapandemien.
5. Ramma til grunnskule vert utvida med opp til eit årsverk for å imøtekoma krava til lærartettleik for skuleåret 2020/2021. Rådmannen kjem attende i 2. tertial med storleik på rammeutvidinga, og finansiering av denne.

Saksopplysningar:

x

Vurdering:

x

1.tertial 2020 Kvam herad

Innhald

Forord	2
Omorganisering Pleie og Omsorg.....	6
Sal av kraft.....	8
Framlegg til endringar i 1. tertial 2020	10
Forklaring til framlegg endringar investering per 1. tertial	10
Hovudoversikt Drift per 1.tertial 2020	13
2020 Status investering og finansiering (2A)	14
2020 Status investeringer (2B)	14
Del 2 Tilskudd til andres investeringer	17
Del 3 Investeringer i aksjer og andeler	18
Del 4 Utlån.....	18
2020 Status drift for kommunen (1A)	19
2020 Status drift for tjenesteområdene (1B).....	20
Økonomiske hovudlinjer.....	21
Sentrale inntekter.....	27
Totaloversikt økonomi.....	27
Finansinntekter og -utgifter	28
Sykefravær	28

Forord

Dei økonomiske utfordringane kommunen har møtt i 1. tertial, ville normalt har vorte svara med å dra i nødbremsen. I staden har kommunane fått beskjed om å trø på gassen.

Til trass for inntektsfall og nye, store utgifter så langt i 2020, har kommunane ikkje permittert og elles prøvd å oppretthalda så mykje som mogleg av tenesteproduksjonen. Forventninga er i tillegg at kommunane helst skal skunda fram og auka omfanget av kjøp av varer og tenester frå næringslivet, for å halda flest mogleg av hjula i samfunnet i gang. For å motverka effektane av krisa, har Stortinget innvilga fleire tiltakspakkar til privatpersonar, næringsliv og kommunar, og det ligg ein stor auke i rammetilskot frå staten til kommunane i regjeringa sitt framlegg til revidert nasjonalbudsjett (RNB). Når dei førebelse prognosane for Kvam herad vert vurdert i 1. tertial, viser det seg at dette likevel ikkje er nok til å kompensera for tapet. Fleire tiltakspakkar er lova, men me står uansett igjen med at prognosane for 2020 og åra framover, er veldig usikre.

Det me veit i 1. tertial, er at me frå tidlegare hadde utfordringar med uvanleg låge kraftprisar. Etter pandemien har dei vorte rekordlåge. Samla medfører rekordlåge kraftprisar, pandemi og andre driftsutfordringar til at prognosen for 2020 for tida viser eit underskot på 35,8 mnok, som medfører ei kraftig tapping av fondsreservane til kommunen. Til trass for oppmodinga om å "gassa på", er prognosen så alvorleg at rådmannen meiner kommunen tvert om må starta på ein ny, større innsparingsprosess. På grunn av at den største innsatsfaktoren kommunen har, er personell, og tenestene som vert ytt er grunnleggjande for innbyggjarane, er det få raske og gode grep som kan gjerast. Framlegget til rådmannen er såleis å bruka mykje av dei oppspara fondsmidlane som "buffer" for å dempa effekten av krisa. Nokre mindre grep er gjort, som å setja nokre av tilsetjingsprosessane på vent.

Ein annan effekt av pandemien ein kan sjå når ein les rapporten, at det er knapt eit einaste teneseområde som ikkje har vorte påverka, ikkje berre økonomisk, men i ressursituasjone elles. Handtering av sjølv krisa, nye omfattande reinhaldsrutinar og heimekontor har ført til at mange andre oppgåver og prosessar måtte setjast på vent. No er ein heil del av prosessane i gang igjen, men me kjem noko til å merka effektane av krisa på andre måtar enn økonomisk òg, ei god stund framover.

På grunn av at reglar for klassesdeling og plassomsyn, må meir av tildelte rammer til grunnskulen, nyttast til dette for skuleåret 2020/2021. Det har medført at satsinga på skulesymjng vert redusert det komande året. Kommunen har framleis eit tilbod som er godt over minimumsnivå, men rådmannen finn det ikkje forsvarleg å omdisponera midlar frå andre tenester i den økonomiske situasjonen kommunen er i, til den planlagte satsinga. Samansetning av elevtalet det komande skuleåret, medfører òg at skulerramma på tilførst opp til eit årsverk for å stetta lovkrav. Dette kjem rådmannen attende til i 2. tertial, og budsjettet for 2021.

Utviklingsarbeidet og omorgansieringa i pleie- og omsorg held fram, men framdrifta har vorte ekstra utfordra på grunn av pandemien. Dette er eit spennande og viktig arbeid, som er med som eige tema i tertialrapporten.

Det er nokre lysglimt i horisonten, som lågare renteutgifter og inntekter frå Havbruksfond, som kan betra resultatet for 2020. Regjeringa kjem òg med nye tiltakspakkar som kan slå positivt ut for Kvam. Biletet er gjerne litt klarare og betre i 2. tertial. Likevel er det lite som tilseier at me ikkje må gjennomføra nye innsparingstiltak i Kvam, og sannsynlegvis raskare og meir omfattande enn me tidlegare har trudd.

Rådmannen er òg veldig nøgd med at administrasjonen kan presentera 1. tertialrapport i nytt verksemdssystem. Å få i gang eit nytt, omfattande rapporterings- og styringssystem, er krevjande, og

langt frå alt er på plass. Men programvara legg til rette for ei gradvis utvikling og utbetring, og rådmannen har tru på at både politikarar, innbyggjarar, leiarar og medarbeidarar vil få ha stor nytte av plattformen. Målet er å få til ein plattform som gjev lett tilgjengeleg informasjon på fleire nivå, med oppdatert informasjon, som er lett å vedlikehalda.

Med helsing, rådmann Anita Hesthamar

Covid-19

Korona-pandemien har prega 1.tertial i Kvam herad. Dette gjeld både dei kommunale tenestene, og ikkje minst kvardagen til kommunen sine innbyggjarar. Økonomisk usikkerheit, kostnadsauke og inntektstap er umiddelbare effektar for Kvam herad sin økonomi i 2020. Dei langsiktige effektane er endå ukjente.

Sjølv om det framleis er restsmitte i landet etter den fyrste bølga av korona-pandemien, er beredskapsarbeidet trappa kraftig ned. Det meste vert no løyst gjennom den "nye normale" drifta. Ved større potensielle smitteutbrot som me nyleg stod ovanfor, vart beredskapsarbeidet trappa opp ein kort periode, til dess situasjonen var avklara. No er me igjen i ein situasjon med gradvis nedtrapping og "normalisering" i påventa av eit nytt lokalt utbrot, ei ny bølge og/eller massevaksinasjon. Framleis krev situasjonen likevel fleire kostbare smitteverntiltak, som vil påverka kommunen sitt resultat i 2020.

Dei økonomiske konsekvensane av korona-pandemien kjem til å råka Kvam herad hardt i 2020. Situasjonen med eit nedstengt Norge, medfører både kostnadsauke og tapte inntekter. Så langt har dette vorte kompensert gjennom auke i ordinært rammetilskot, basert på innbyggjartal i kommunane. Redusert foreldrebetaling for barnehage og SFO i mars og april, er ca 1,6 millionar for Kvam herad. Det er i tillegg ekstrakostnader innan fleire tenesteområder å grunn av pandemien. Blant anna er det svært stort trykk på reinhaldstenester. I tillegg er det forventning til at kommunen skal yta tilskot og hjelp til lag, organisasjonar og bedrifter, ikkje permittera tilsette, og auka aktivitetar som inneber kjøp av varer og tenester frå private.

Sjølv om kommunen har hatt relativt lite smitte, har mellom anna pleie og omsorg fått auka utgifter til vikar og ekstrarhjelp på grunn av karanteneroglar, og kommunen har innført fleire tiltak for å hindra smittespreiing og oppretthalda mest mogleg av tenestene elles, som smittesporing og luftvegsklinikk. Den største effekten kjem likevel i forventa tapt i skatteinntekter, som er estimert ein reduksjon på 6 millionar i 2020. Tabellen nedanfor gjer eit estimat på kostnadsauke, tapte inntekter og ekstra rammetilskot per 1. tertial.

For Kvam herad ser det førebels ut til å verta eit netto tap på 3 millionar. Merk at dette er eit høgst usikkert estimat, då eventuelle smitteutbrot vil forverra reknestykket, og estimatet på tap i skatteinntekter er usikkert. I revidert nasjonalbudsjett som vart lagt fram i mai, viser regjeringa til reduksjon i arbeidsgjevaravgift, reduserte løns- og prisvekst. Dette er vurderingar som ikkje vil verta avklara før utpå hausten. Det som er sannsynleg, er at effekten pandemien har hatt på kraftinntektene, ikkje vil verta kompensert gjennom rammetilskot. Det vil heller ikkje ev. lokale tiltak, som tilskotsordningar til lag og organisasjonar, som ikkje er med i oversikten under.

Estimat økonomiske konsekvensar Corona pandemi	
Auke i rammetilskot 2020	-8 500 000
Reduksjon skatteinntekter	5 900 000
Reduksjon foreldrebetaling SFO og Barnehage	1 600 000
Estimat på meirkostnader per 1. tertial	4 000 000
Behov for auke i totalramme	3 000 000

Som eit av tiltak for å støtta kulturlivet i kommunen, tilrår rådmannen å tildela tilskot i 2020, sjølv om arrangementet ikkje vert helde. Tilskota ligg alt inne i budsjetta, slik at dersom vilkår vedr. arrangement ikkje vert fjerna, vil det gje ein innparing på opp til kr 215.000.

K016	Hardingtonar (merking)			60 000
K118	Bygdalarm merking)			65 000
K120	Ålvik Rock (merking)			20 000
K122	Kinck - dagane (merking)			10 000
K121	Hardanger frukt - og ciderfestival (merking)			15 000
K119	Hardanger Båtfestival (merking)			15 000
K139	Lydia (merking)			30 000

Omorganisering Pleie og Omsorg

Hausten 2018 vart det gjennomført ein analyse av tenesta i samarbeid med Agenda Kaupang. Bakgrunn for analyse var fleire år med meirforbruk utover budsjett i tenesta. Arbeidet har foregått i 2019 og 2020 og ny organisering er implementert frå 1.april 2020. Delprosjekt er fortsatt aktive og fortsett for å få ei meir robust og framtidsretta tenesteorganisering.

Hausten 2018 vart det gjennomført ein analyse av tenesta i samarbeid med Agenda Kaupang. Analysen peikar på utfordringsbilde kommunen står overfor og kjem med ei rekkje tilrådingar innan både praksis for tildeling av tenester, praksis for fordeling av ressursar og organisering. På bakgrunn av analysen vart utviklingsprosjektet «Eit godt liv der me bur- tenester for framtida, meistring og deltaking» oppretta. Utviklingsprosjektet skal vurdere tilrådingane i tenesteanalysen og koma med forslag til nødvendige tiltak. Kommunen må vri tenestetilbodet til tenester som bidrar til at fleire kan klara seg sjølve og bu heime lenger. Kommunen må også i større grad enn tidlegare vurdere dekningsgrad og tal lokasjonar med heildøgnsstenester og det må arbeidast vidare med heiltidskultur og kompetanseheving. Målet er å skapa omsorgstenester for framtida og meir satsing på tenester til heimebuande er sentralt i ny omsorgsmodell. I ny organisasjonsmodell er pleie og omsorg norganisert i dei tre fagavdelingane:

1. Tenester til heimebuande
2. Tenester til menneske med utviklingshemming.
3. Heildøgnsstenester

Fylgjande tema er sentrale i utviklingsprosjektet:

- sakshandsaming med god kvalitet etter BEON-prinsipp
- større ansvar for eiga helse - frå passiv mottakar til aktiv deltakar
- auka satsing på rehabilitering
- digitalisering og auka bruk av velferdsteknologi
- auka satsing på meistring og ambulante heimetenester
- struktur og organisering- arbeidstidplanlegging, gruppestørrelse, leiarspenn, heiltidskultur, kompetanse m.m.

Tenester til heimebuande

Ambulante heimetenester, dagtilbod, kreftkoordinator, lokalt hjelpemiddellager og korttidstilbod i institusjon er organisert i avdeling tenester til heimebuanded. Avdelinga har om lag 80 årsverk. Den ambulante heimetenesta ytt heimesjukepleie- og heimehjelpstilbod til om lag 310 brukarar. Det er dagtilbod for eldre på Strandebarmheimen, Øysteseheimen og i Ålvik omsorg. Lokalt hjelpemiddellager er lokalisert på Toloheimen. Servicemedarbeidar og ergoterapeut arbeider ved lageret og har ansvar for utlån av tekniske hjelpemiddel både for kortvarig og langvarig behov. Det lokale hjelpemiddellageret har nært samarbeid med Hjelpemiddelsentralen i Hordaland. Kreftkoordinator ytt tilbod til både heimebuande og dei som er på institusjon og har kontor på Toloheimen. Kvam rehabilitering-og behandlingsavdeling (KRB) er kommunen si korttidsavdeling og er lokalisert på Toloheimen. Avdelinga har 16 senger og gjev tilbod om utgreiingsopphald, behandling, rehabilitering, avlastning og omsorg ved livets slutt (palliasjon). 1 seng vert nytta til øyeblikkeleg hjelp døgntilbod (ØHD-seng). Kommunen tek i dag imot sjukare og meir behandlingskrevjande pasientar enn tidlegare. Pasientane er ofte alvorleg sjuke, har eit komplekst sjukdomsbilete som krev avansert behandling. Skal avdelinga fungera etter intensjonen, er det viktig med eit sterkt tverrfagleg fagmiljø og eit godt samarbeid med resten av pleie- og omsorgstenesta, ergo- og fysioterapitenesta og legetenesta. Det er også viktig at pasientar som er ferdigbehandla i avdelinga kan tildelast anna kommunalt tilbod utan ventetid, dersom dei ikkje kan tilbake til eigen heim. Det er 100% stilling for sjukeheimslege på Toloheimen. Sjukeheimslegen har

ansvar for både korttidsavdelinga og langtidsavdelinga og har oppgåver knytt til pasientar, systemarbeid og samarbeidsoppgåver, både internt og eksternt. Tenesta har avtale med ekstern leverandør om middagservering til heimebuande.

Tenester til menneske med utviklingshemming

Det er om lag 60 brukarar og 60 årsverk i avdelinga. Tenestene er organisert i tre grupper og brukarane får hjelp frå ambulant heimeteneste eller i bufelleskap i Norheimsund og Øystese. Dagtilbod for brukargruppa er lokalisert på Øysteseheimen og har pr. dd 6 plassar. Tenesta har tett samarbeid med Hardanger AKS der fleire av brukarane har tilrettelagt arbeid.


Heildøgnsstenester

Avdelinga har 126 heildøgns plassar i institusjon og omsorgsbustad. 57 langtids plassar i institusjon er fordelt på Strandebarmheimen, Toloheimen og Øysteseheimen, alle einsengsrom. Om lag halvparten av plassane er tilrettelagt for personar med demenssjukdom. Det er 32 heildøgns plassar i Tolo omsorg og 37 på Mikjelsflaten, 6 av desse er bustad for ektepar. Tenesta har om lag 80 årsverk. Det er sjukeheimslege både på Toloheimen, Øysteseheimen og Strandebarmheimen. Pleie og omsorg har avtale med ekstern leverandør om middagservering både i institusjon og heildøgnsstenesta.

Sal av kraft


Kvam herad disponerer årleg ei kraftmengde på 167,5 GWh, av dette er 106,6 GWh heimfallskraft og 60,9 GWh konsesjonskraft. Kraftmengda gjev Kvam herad ei vesentleg ekstra inntekt som ein middels stor kraftkommune. Når kraftprisane vinteren 2020 har vore på rekordlåge nivå, slår dette hardt inn i budsjett 2020.

Kvam herad disponerer ei fast mengde årleg kraft. Den vert forvalta etter månedsblokk-modellen, som gjev oss eit fast volum kvar måned, både for konsesjonskraft og heimfallskraft. Kvam herad sin uttaksprofil ser sånn ut i Mwh:



Volumet er størst om vinteren, når forbruket er høgast. Denne produksjonsprofilen er fast, og det er dermed kva salspris kommunen oppnår som er hovudvariabelen for kva inntekt me får. Sjølv om volumet er fast innanfor ein måned, har den som sel krafta på vegne av kommunen fleksibilitet til å selja volumet innanfor kva tid på døgnet prisen er høgast og inngå fastprisavtalar i kortare eller lengre periodar. Strategi for sal av kraft som kraftforvaltar skal forhalda seg til, vert vedteke av heradsstyret i eiga sak.

I 2018 og 2019 var prisane særst høge og heradet fekk 65 mnok og 69 mnok i kraftinntetker. Kraftoverskotet vart 24 og 29 milionar kr. I 2020 er inntektsprognosene redusert til 33 millionar og berre 8 millionar i overskot. Figuren under syner dette:



Grunnrenteskatt og overskotsskatt på sal av heimfallskraft er også avhengig av prisnivået. Derfor er estimert overskot på kraft i 2020 redusert frå nærare 20 millionar til ca 8 millionar. Låge salsprisar har heldigvis ein motpost med redusert skattetrykk. Derfor er nedgangen mindre enn sjølve reduksjonen i inntekt.

Kvam herad har i tillegg ei årleg inntekt på ca 4,4 millionar i form av konsesjonsavgift. Denne inntekta er eit fast årleg beløp som konsesjonærane betaler heradet, og midlane blir satt av på næringsfondet. Kvam herad eig også Kvam Kraftverk og har ein eigarandel i BKK. Utbytte frå 2019 vert utbetalt i 2020. Her er nivået redusert med 3 millionar i 2020 i forhold til opprinneleg budsjett. I sum er kraftrelatert inntekter kraftig redusert i 2020. Kommunen har tidlegare sett av midlar frå gode år til disposisjonsfond over fleire år, som no vert brukt til å kompensera for reduksjonen.

Framlegg til endringar i 1. tertial 2020

Forklaring til framlegg endringar drift per 1. tertial

Estimat for Kvam herad sitt netto driftsresultat 2020 er forverra med 20 mnok frå 15 mnok til 35,8 mnok i minus. Eit krevande utgangspunkt har vorte kraftig forverra i 1. tertial. Det er inntektssida til kommunen som treff oss hardest denne våren.

Sum driftsinntekter er redusert med 18,5 mnok. Rammetilskot er auka med 9,3 mnok, inntekts- og formueskatt er redusert med 6 mnok, andre overføringa og tilskot frå staten er redusert med 22 mnok og er reduksjon i inntekt frå heimfallskrafta. Reduksjonen i sals- og leigeinntekter er fråfall av SFO- og barnehage-betalingar på grunn av korona-tiltak og har motpost i auka rammetilskot. Overføringar er auka med blant anna 1,5 mnok for Kvam herad si deltaking i pilotprosjektet fritidskort 20/21, og 1,5 mnok i junioforskarprosjektet. Reduksjonen i konsesjonskraftinntekt kjem i posten for salsinntekter og er redusert med nesten 5 mnok i 2020.

Sum driftsutgifter er redusert med 6,9 mnok. Lønnsutgiftene er auka med 9 mnok og er i hovudsak auka lønnsutgifter relatert til ekstravakter og vikarbruk under corona-nedstenginga i Pleie og omsorg, reinhald og auke i utgifter til ressurskrevande brukarar på 2,8 mnok. Sosiale utgifter er redusert pga estimert lågare pensjonspremie i 2020. Overføringar og tilskot til andre er redusert med 13 mnok, og skuldast reduksjon i grunnrenteskatt og overskotsskatt ved sal av heimfallskraft.

Netto finansutgifter er auka med 5 mnok. 2 mnok er redusert forventa renteinntekter frå obligasjonsporteføljja, og 3 mnok er reduserte utbytte frå Kvam Energi AS og BKK AS. Renteutgiftene er ikkje redusert i 1. tertial. Kommunar har refinansiert, og skal refinanseiera eit lån til i 2020, og oppdatert estimat på renteutgifter kjem i 2.tertial. Det er forventa at det vil verta ein reduksjon ut frå kva rentevilkår me får i refinansieringsrunden.

Det negative netto driftsresultat på 35,8 mnok inneheld 2 mnok i netto avsetningar til bundne driftsfond, i hovudsak VA. Dette medfører at netto bruk av disposisjonsfond i 2020 er estimer til 37,8 mnok, noko som tappar store deler av dei oppsparte fondsmidlane til kommunen.

Forklaring til framlegg endringar investering per 1. tertial

P62183 Ombygging av Tolomarka barnehage

Utbygging av ny omsorgs- og avlastningsbustad ved gamle Tolomarka barnehage, sjå eiga politisk sak i HST 16.juni. Totaltramme er i overkant av 20 mnok, fordelt på 7 mnok i 2020 og 14 i 2021. Kommunal finansiering med lån på ca 0,9 mnok, utanom momskompensasjon, tidlegare avsett fondsmidlar til føremålet og tilskot frå Husbanken.

P61193 Utbygging av Strandebarm Omsorg

Kostnadsramma for prosjektet er auka frå 127 til 150 mnok, sjå eiga sak. På grunn av den økonomiske situasjonen og omfanget av prosjektet, tilrår rådmannen at det vert gjort ein behovsanalyse før me går

vidare med prosjektet. Nye prognoser er likevel innarbeidd i tertialen, fordelt med 10 mnok i 2020, 80 mnok i 2021 og 60 mnok i 2022. 2020 er redusert med 14,9 mnok i forhold til opprinneleg vedtak. Finansiering vert løyst med investeringstilskot frå Husbanken, sal av eigedomar, mva. kompensasjon og låneopptak innanfor godkjende kommunale budsjettammer. Det er nytta 1 mnok i 2019 til prosjektering, graving for arkeologisk kartlegging, hjortegjerde mm.

P61199 Oppgradering av kommunale kaiar

Prosjektering og oppstart skjer i 2020, medan arbeidet vert ferdigstilt i 2021. I 1. tertial 2020 er det forskyvd 8,1 mnok til 2021.

P61143 Veg Sandvenhagen/Sæland

Utbetring av veg Sandvenhagen/Sæland med ei totalramme på 10,65 mnok inkl. mva. Finansierte med 0,6 mnok i mva.kompensasjon og 2,4 mnok frå Bustadfeltfondet. Prosjektrammer utover prosjektering vert tidsforskyvd frå 2019 til 2020/2021, bl.a. pga. dialog med grunneigarar om løysingar. Arbeidet vil starta opp i 2020 og det er forskyvd 5,65 mnok til 2021.

P60096 - Komp.midlar veg - Skjering, Bakka

Gjaldt arbeid med veg, finansierte av kompensasjonsmidlar, 2,5 mnok, konto 25140005. Prosjektet låg inne for gjennomføring i 2021, men i HST- 065/19 vart bruk av kompensasjonsordninga for auka arbeidsgjevaravgift omprioritert til prosjektet Odland-Lidarende. Frå tilsagnsbrevet frå Hordaland Fylkeskommune 12.12.2019 vert det løyvd inntil kr 1 060 000 av komp.midlane til Bakka/Breievne. Prosjektet måtte leggjast inn igjen ved 1. tertial 2020. Det er nytta 0,05 mnok til prosjektering i 2019.

P65180 Brannstasjon KVBR

Prosjekt for grunnerverv, regulering og prosjektering/bygging av ny brannstasjon i KVBR. Totalramme er 23,1 mnok inkl. mva. Arbeidet startar i 2020 og ferdigstilling av ny brannstasjon er i 2021. I 1. tertial 2020 er det forskyvd 16,6 mnok til 2021.

P61203 Høgdebasseng Torpe

Prosjektering 0,2 mnok eks. mva. i 2020. Oppdatert anslag er 3,75 mnok, og auka opp i 1.tertial 2020. Finansierte med bruk av sjølvfinansierende lån. Brukt eit mindre beløp til prosjektering i 2019.

P16200 Årleg IKT prosjekt i skule og barnehage

Nytt prosjekt for årleg investering i skule og barnehage. Sikre nødvendig investering i digitale hjelpemiddel som pc, ipad, pc-skjerm m.m. Årleg 1 mnok til grunnskule og 500 til barnehage

P62204 Modulbygg ved Kvam ungdomskule

0,47 mnok i modulbygg pga store elevkull og plassmangel ved Kvam ungdomskule.

P60204 Ny vidaregåande skule i Norheimsund

Nytt investeringsprosjekt på totalt 28,2 mnok, til vaksenopplæring, bibiloteke og kontorlokale til kulturskuleadministrasjon i nytt bygg for Kvam VGS. I 2020 ligg det inn 0,2 mnok til prosjektleiarressurs.

Husbanklån

Auke i ramma til 25 mnok. Budsjettvedtak 2020 låg inne med 15 mnok, men investeringstabell synte 10 mnok. Derfor ein auke på 15. mnok. Det er for tida stor førespurnad etter Husbanklån.

Hovudoversikt Drift per 1.tertial 2020

Beløp i 1000					
	Rekneskap 2020	Rev. bud. 2020	Oppr. bud. 2020	Rekneskap 2019	Endring opp. Bud. og rev.bud.
Rammetilskudd	-	-314 631	-305 351	-296 357	-9 280
	120 951				
Innteks- og formuesskatt	-73 123	-232 054	-238 049	-234 746	5 995
Eiendomsskatt	-22 703	-41 878	-41 878	-41 025	0
Andre skatteinntekter	-37	-4 400	-4 400	-4 488	0
Andre overføringer og tilskudd fra staten	-10 916	-42 469	-64 986	-75 315	22 517
Overføringer og tilskudd fra andre	-24 064	-97 900	-93 817	-113 379	-4 083
Brukerbetalinger	-7 964	-25 985	-27 907	-29 434	1 923
Salgs- og leieinntekter	-31 138	-93 846	-98 921	-97 194	5 075
Sum driftsinntekter	-	-853 164	-875 310	-891 938	22 147
	290 896				
Lønnsutgifter	167 313	473 433	464 281	455 956	9 152
Sosiale utgifter	48 912	124 564	126 441	126 002	-1 877
Kjøp av varer og tjenester	59 294	162 262	159 961	165 649	2 301
Overføringer og tilskudd til andre	38 892	78 890	95 420	91 292	-16 531
Avskrivninger	0	46 738	46 738	49 333	0
Sum driftsutgifter	314 411	885 887	892 841	888 231	-6 954
Brutto driftsresultat	23 516	32 723	17 531	-3 707	15 192
Renteinntekter	-2 280	-3 455	-5 455	-8 355	2 000
Utbytter	-4	-12 600	-15 600	-15 541	3 000
Gvinster og tap på finansielle omløpsmidler	-100	200	200	-1 371	0
Renteutgifter	11 480	24 385	24 385	23 301	0
Avdrag på lån	0	41 300	41 300	37 400	0
Netto finansutgifter	9 096	49 830	44 830	35 434	5 000
Motpost avskrivninger	0	-46 738	-46 738	-49 333	0
Netto driftsresultat	32 612	35 815	15 623	-17 606	20 192
Disponering eller dekning av netto driftsresultat					
Overføring til investering	0	0	0	20	0
Netto avsetninger til eller bruk av bundne driftsfond	-731	2 011	3 440	8 588	-1 429
Netto avsetninger til eller bruk av disposisjonsfond	0	-37 827	-19 063	822	-18 763
Sum disponeringer eller dekning av netto driftsresultat	-731	-35 815	-15 623	9 429	-20 192
Fremført til inndekning i senere år (merforbruk)	31 880	0	0	-8 177	0

2020 Status investering og finansiering (2A)

Beløp i 1000			
	Rekneskap 2020	Rev. bud. 2020	Endring opp. Bud. og rev.bud.
Investeringer i varige driftsmidler	27 499	162 341	186 647
Investeringer i aksjer og andeler i selskaper	0	3 000	3 000
Utlån av egne midler	8 354	25 000	10 000
Avdrag på lån	978	2 500	2 500
Sum investeringsutgifter	36 831	192 841	202 147
Kompensasjon for merverdiavgift	-4 001	-19 061	-26 054
Tilskudd fra andre	-4 883	-5 424	-1 660
Salg av varige driftsmidler	-407	-4 717	-5 600
Mottatte avdrag på utlån av egne midler	-958	-2 200	-2 200
Bruk av lån	-8 354	-143 916	-145 567
Sum investeringsinntekter	-18 604	-175 318	-181 081
Overføring fra drift	0	0	0
Netto avsetninger til eller bruk av bundne investeringsfond	0	-7 394	-8 366
Netto avsetninger til eller bruk av ubundet investeringsfond	0	-10 129	-12 700
Sum overføring fra drift og netto avsetninger	0	-17 523	-21 066
Fremført til inndekning i senere år (udekket)	18 227	0	0

Tabellen syner det samla finansieringsbehovet til kommunen, og korleis investeringane er finansierte. Finansieringsbehovet er fordelt per prosjekt i skjema 2B.

2020 Status investeringer (2B)

Beløp i 1000				
	Rekneskap 2020	Rev. bud. 2020	Oppr. bud. 2020	Endring opp. Bud. og rev.bud.
Bustader	0	10 100	2 100	8 000
Parkering Bjørketeigen	29	0	0	0
Sigevatn Tolomarka	945	0	0	0
Trykkaukestasjon	15	0	0	0
Løyning i Øystese				
Barnehage - Øystese	12	0	0	0
Ombygging Øystese barneskule	51	0	0	0
Prosjekt mangler	1 468	10	0	10
Sum	2 520	10 110	2 100	8 010
Oppvekst				
IKT prosjekt i skule og barnehage	0	1 500	0	1 500
Sakssystem PPT	0	125	125	0
Oppgradering varepumper ved kvam ungdomsskule	0	1 500	1 500	0
Modulbygg ved Kvam ungdomsskule	0	469	0	469
Sum Oppvekst	0	3 594	1 625	1 969
Helse og omsorg				
Ombygging av Tolomarka barnehage	33	7 165	100	7 065
Sum Helse og omsorg	33	7 165	100	7 065
Teknisk				
Andre investeringar	1 051	0	0	0
IT-investeringar 2020	172	1 800	1 800	0
IKT i skule og barnehage	70	0	0	0
Hardangerbadet	130	700	700	0
Kommunikasjonsløyning skule - foreldre	0	313	313	0
Dagsenter Strandebarne	0	750	750	0
Dagsenter Øystese	0	13	13	0
Ny vassleidning, Fosse	0	1 900	1 900	0
Utfylling i sjø - Øystese sentrum	5 003	5 000	5 000	0
Offentleg toalett Norheimsund	4	328	328	0
Oppgradering av VA- leidningskart	0	1 000	1 000	0
Utskifting av hovudvassleidning Skålheim - Mo i Øystese	0	2 200	2 200	0
Tilfluktsrom/arkivrom	0	438	438	0
Asfaltering 2020	0	1 875	1 875	0
Fornyning teknisk utstyr 2020	523	625	625	0
Fornyning teknisk utstyr VAR 2020	0	500	500	0
Komp.midlar veg , Odland-Lidarende	0	6 250	6 250	0
Skifte av SD - anlegg i kommunale bygg	0	1 000	1 000	0
Ny pumpestasjon P5, Tolo	0	1 468	1 468	0
Felles slamavskiljar Vikøy	0	1 300	1 300	0

Oppgradering hovudrenseanlegg avløp	450	5 300	5 300	0
Oppgr. av eksisterende vassverk i Kvam	12	500	500	0
Reserveforsyning vatn	17	1 700	1 700	0
Kryss Tolo - Buspareklubben	27	7 226	7 226	0
VA-pumpestasjon ved Fartøyvernseieret	0	750	750	0
Opning av dam på Solhaug	13	4 313	4 313	0
Utsifting til LED i veglys	89	1 250	1 250	0
Rekkverk kommunale bruer	0	313	313	0
VA-sanering Norheim del II	81	0	0	0
Oppgradering av pumpestasjonar i Steinsdalen	0	4 950	4 950	0
Oppgradering av kummar i heradet - avlaup	0	600	600	0
Oppgradering av kummar i heradet - vatn	64	1 500	1 500	0
Oppgradering av reduksjonskummar	0	2 187	2 187	0
Rassikringstiltak	293	1 875	1 875	0
VA-sanering ved rådhuset/Norheimsund skule	0	1 000	1 000	0
VA-sanering i Skårdalsvegen i Øystese	0	950	950	0
Pumpestasjon Evjo i Øystese	2 062	3 500	3 500	0
VA-sanering norheim del III	109	15 000	15 000	0
Tolo reinseanlegg - byte av sil	0	1 160	1 160	0
Kjøp av liten og stor hjullastar	1 022	2 500	2 500	0
Drikkevassledning Tolo - Straumbrua	0	2 150	2 150	0
Rekkverk kommunale vegar	0	156	156	0
Varmepumpe Øystesehallen	626	938	938	0
Varmepumpe Strandebarm skule	0	625	625	0
Spyle og sugevogn ettdrift Tolomarka	0	1 385	1 385	0
Utsifting glas og fasade rådhus	384	2 375	2 375	0
Oppgradering av brannvarslingsanlegg i kommunale bygg	0	950	950	0
Modulbustader til ROP	1 517	1 875	1 875	0
Oppgradering bygg 2020	1 576	1 250	1 250	0

Oppgradering av varmeanlegg ved Mikkjelsflaten	0	750	750	0
Forprosjekt KVBR	0	5 060	5 060	0
Kvam vgs-samlokalisasjon tenester	0	75	75	0
Dagsturhytte	0	1 000	1 000	0
Digitalisering egedomsarkiv	0	2 500	2 500	0
Norheimsund skule - uteområde	0	500	500	0
Sum Teknisk	15 294	105 622	105 622	0
Teknisk og informasjon				
Velferdteknologi	182	2 500	2 500	0
Digitalisering og samordning av adm. fagsystem	0	100	100	0
Ombygging og ny barriere Strandebarm vassverk	464	1 200	1 200	0
Infrastruktur ind.område Sandvenhagen del II	5 861	1 250	1 250	0
Veg Sandvenhagen/Sæland	112	5 000	10 650	-5 650
Kloakksanering Ålvik	0	450	450	0
Utbygging av Strandebarm Omsorg	3 468	10 000	24 900	-14 900
Oppgradering av kommunale kaiar	0	625	8 750	-8 125
Høgdebasseng Torpe	24	3 750	250	3 500
VA- sanering Sandvenhagen - Mo	0	700	700	0
Brannstasjon KVBR	39	6 250	23 125	-16 875
Sum Teknisk og informasjon	10 149	31 825	73 875	-42 050
Samfunn og utvikling				
P60096 - Komp.midlar veg - Skjering, Bakka	0	3 825	3 325	500
Ny vidaregåande skule i Norheimsund	0	200	0	200
Sum Samfunn og utvikling	0	4 025	3 325	700
Sum 2B	27 996	162 341	186 647	-24 306

Del 2 Tilskudd til andres investeringer

Beløp i 1000				
	Rekneskap 2020	Rev. bud. 2020	Oppr. bud. 2020	Endring opp. Bud. og rev.bud.
Sum 2B	0	0	0	0

Del 3 Investeringer i aksjer og andeler

Beløp i 1000				
	Rekneskap 2020	Rev. bud. 2020	Oppr. bud. 2020	Endring opp. Bud. og rev.bud.
Eigenkapital KLP	0	2 500	2 500	0
0/1* Hardangertunnelen - frå ide til røyndom	0	500	500	0
Investeringer i aksjer og andeler i selskaper	0	3 000	3 000	0

Del 4 Utlån

Beløp i 1000				
	Rekneskap 2020	Rev. bud. 2020	Oppr. bud. 2020	Endring opp. Bud. og rev.bud.
Utlån startlån Husbanken	0	0	0	0
Husbanklån	8 354	25 000	10 000	15 000
Utlån av egne midler	8 354	25 000	10 000	15 000

2020 Status drift for kommunen (1A)

Beløp i 1000				
	Rekneskap 2020	Rev.bud. 2020	Oppr. bud. 2020	Endring opp. Bud. og rev.bud.
Rammetilskudd	-120 951	-314 631	-305 351	-9 280
Inntekts- og formuesskatt	-73 123	-232 054	-238 049	5 995
Eiendomsskatt	-22 703	-41 878	-41 878	0
Andre generelle driftsinntekter	-10 953	-46 619	-69 136	22 517
Sum generelle driftsinntekter	-227 730	-635 182	-654 414	19 232
Korrigert sum bevilgninger drift, netto	251 245	621 168	625 207	-4 039
Avskrivninger	0	46 738	46 738	0
Sum netto driftsutgifter	251 245	667 906	671 945	-4 039
Brutto driftsresultat	23 516	32 723	17 531	15 192
Renteinntekter	-2 280	-3 455	-5 455	2 000
Utbytter	-4	-12 600	-15 600	3 000
Gevinster og tap på finansielle omløpsmidler	-100	200	200	0
Renteutgifter	11 480	24 385	24 385	0
Avdrag på lån	0	41 300	41 300	0
Netto finansutgifter	9 096	49 830	44 830	5 000
Motpost avskrivninger	0	-46 738	-46 738	0
Netto driftsresultat	32 612	35 815	15 623	20 192
Overføring til investering	0	0	0	0
Netto avsetninger til eller bruk av bundne driftsfond	-731	2 011	3 440	-1 429
Netto avsetninger til eller bruk av disposisjonsfond	0	-37 827	-19 063	-18 763
Sum disponeringer eller dekning av netto driftsresultat	-731	-35 815	-15 623	-20 192
Fremført til inndekning i senere år (merforbruk)	31 880	0	0	0

Tabellen syner inntektene og fondsdisponeringane til kommunen, som vert fordelt på dei ulike rammeområde (KOSTRA-tema) i skjema 1B. Tal i 1.000. Budsjettendringane er kommentert under «Økonomisk hovudoversikt – drift»

2020 Status drift for tjenesteområdene (1B)

Beløp i 1000					
	Rekneskap 2020	Rev. bud. 2020	Oppr. bud. 2020	Rekneskap 2019	Endring opp. Bud. og rev.bud.
Manglende oppsett	66	0	0	0	0
Finans og fellespostar	1 036	-15 322	-20 548	-10 885	5 227
Styring og kontrollverksemd	1 881	5 169	5 188	6 289	-19
Administrasjon	17 038	42 791	43 230	40 362	-439
Barnehagar	29 787	83 803	84 177	76 649	-373
Grunnskuleopplæring	54 268	161 896	162 166	151 062	-270
Kommunehelse	12 842	34 273	33 916	33 179	357
Pleie og omsorg	84 459	222 070	217 564	215 661	4 506
Sosialteneste	10 706	32 137	32 231	32 638	-94
Barnevern	6 212	19 318	19 423	19 736	-105
Vatn og avlaup, avfall og renovasjon	-6 635	-6 293	-6 293	-5 530	0
Plansak, byggesak, oppmåling, kulturminner, natur og nærmiljø	3 736	13 783	13 951	11 672	-168
Kultur	8 857	25 160	24 999	26 261	161
Kulturbygg	0	13	13	0	0
Kyrkja	2 212	6 028	6 028	5 828	0
Samferdsel	4 488	12 403	12 336	13 241	66
Bustad	-1 634	-5 090	-4 397	-2 666	-693
Kommunal næringsforvaltning og konsesjonskraft	17 471	10 969	23 417	16 744	-12 449
Brann- og ulykkesvern	3 571	11 008	12 184	12 658	-1 176
Tenester utanfor ordinært kommunalt ansvarsområde	12	2 041	2 042	1 283	-1
Sum bevilgninger drift, netto	250 372	656 157	661 625	644 183	-5 468
Herav:					
Avskrivinger	0	46 738	46 738	49 333	0
Netto renteutgifter og -inntekter	-105	555	555	261	0
Netto avsetninger til eller bruk av bundne driftsfond	-768	-2 389	-960	3 407	-1 429
Netto avsetninger til eller bruk av disposisjonsfond	0	-9 915	-9 915	-7 443	0
Korrigert sum bevilgninger drift, netto	251 245	621 168	625 207	598 626	-4 039

Tabellane syner korleis midlane frå skjema 1A er fordelt på KOSTRA tema for Kvam herad. Normalforbruket per 1. tertial er 36,8% på fastløn og 33,3% for jamne utgifter. På grunn av at dei store utgiftene og inntektene ikkje kjem jamleg gjennom året, vil forbruksprosenten ofte avvika frå normalforbruket.

Økonomiske hovudlinjer

Risikomatrise for budsjettavvik, oversikt over sentrale inntekter, fordeling på tenesteområder, finansutgifter og detaljer om sjukefråvær på aggregert nivå i Kvam herad er inkludert i dette kapittelet.

Risiko for budsjettavvik

Når risikoen for dei ulike delene av driftsbudsjettet til kommunen vert gjennomgått, vert som regel risikoen for dei fleste områda lågare, då me har fått ein del avklaringar i løpet av våren som me ikkje hadde om hausten. I denne tertialen har risikoen for budsjettavvik auka for fleire av områda på grunn av pandemien.

	BUD-20	1T20	1T20	1T20	
Føresetnader og risiko for vesentleg meirforbruk utover rammer i budsjettåret	Risiko-nivå (0-9)	Sann-syn (0-3)	Konse-kvens (0-3)	Risiko-nivå (0-9)	Avbøtande tiltak
Prisnivå brukarbetalingar/ salsinntekter Statlege satsar på barnehageplass og HO-tenester Fastsett husleigeauke, % frå 1.5. (konsumprisindeks august - august) Satsar sjølvfinansierande tenester er fastsett v/bruk av sjølvkostprogram Sal konsesjonskraft basert på prognose frå kraftmeklar (CA 370 kr /Mwh)	6	2	3	6	Det store fallet i kraftprisar vinter og vår 2020 har redusert inntektene frå konsesjonskraft. Det er inngått ulike fastprisavtaler tidleg i 2020, og per 1. tertial er estimert porteføljepreis 278,5 kr/Mwh.

Etterspurnad brukarbetalingar/salsinntekter Som regel stor etterspurnad etter alle kommunale tenester – heller avgrensa av kapasitet og regelverk enn underforbruk	2	2	1	2	
Refusjonsinntekter Inntektene er som regel forsiktig budsjettert. Det vil seia at dei fyrst vert lagt inn i budsjettet når dei er tildelt. Endringar i inntekta medfører som regel tilsvarande endring i utgifter som mva.kompensasjon	4	2	2	4	Passa på å tilpassa utgifter til endringar i refusjonsinntekter
Rammetilskot Kommunen nyttar KS sin prognosemodell Endring etter Stortinget si handsaming Endring etter folketal	6	2	3	6	Auke i rammetilskot basert på KS sin modell. Stor fare for auken ikkje er nok til å dekke meirkostnader og tape skatteinntekter
Andre statlege overføringar Sal heimfallskraft basert på prognose frå kraftmeklar (ca. 360 kr/Mwh)	6	3	3	9	Dei låge kraftprisane i 2020 slår hardt inn i Kvam herad sine estimat. Prisestimat 2020 er redusert til 145,1 kr/Mw.
Andre statlege overføringar Vertskommunetilskot	4	2	2	4	Tilpassa utgifter viss fall i inntekter

Tilskot flyktningar – mottak fleire/færre					
Andre statlege overføringar	1	1	1	1	
Havbruksfond.					Det er ikkje lagt inn midlar i økonomiplanen, då storleiken er svært usikker. Dersom me mottek midlar, vil det koma som ei ekstra inntekt, slik at risikoen er vurdert til 1.
Andre overføringar	4	2	2	4	Tilpassa utgifter viss fall i inntekter
Skatt på inntekt og formue	6	3	3	9	
No representations, warranties or undertakings (express or implied) are given as to the accuracy or completeness of the information in this communication, and none of DTTL, its member firms, related entities, employees or agents shall be liable or responsible for any loss or damage whatsoever arising directly or indirectly in connection with any person relying on this communication. DTTL and each of its member firms, and their related entities, are legally separate and independent entities.



Kvam herad

Sekretariat for kontrollutvalet
Saksframlegg

Saksnr: 2018/49-11
Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Kvam herad	25/20	21.09.2020

Kurs i regi av Deloitte hausten 2020

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet ber om at Deloitte gjennomfører kurs innan i samband med møte i kontrollutvalet
2. Sekretariatet vert bedne om å ta seg av alt det praktiske med organisering, kunngjering og avvikling av kurset, gjerne i samarbeid med administrasjonen i Kvam herad.

Samandrag

Denne saka vert lagt fram for kontrollutvalet på bakgrunn av at Kvam herad har avtale med Deloitte AS om å levere 1 kursdag pr. år inkludert i fastprisen.

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Roald Breistein
seniorrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg
1 Kurstilbod 2020

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kvam herad har avtale med Deloitte AS. I kontrakten som er inngått går dette frem av vedlegg B kravspesifikasjon punkt 4.0 opplæring:

«REVISOR skal leggje fram forslag om, og halde kurs for kontrollutvalet sine medlemmar eller for medarbeidarar i administrasjonen. Tema skal avtalast ved det einskilde høve. Omfang skal reknast til 1 kursdag pr. år. Slike kurs skal som ein hovudregel haldast i heradet.»

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalget har vedtakskompetansen i denne saken.

Vurderingar og verknader


Det blir no lagt fram sak om kva kurs kontrollutvalet skal velga i hausthalvåret 2020. Deloitte sitt forslag til kurs som kan vera aktuelle å halde for kontrollutvalet og/eller administrasjonen i Kvam herad ligg ved saka.

I samband med møte i kontrollutvalet 27.05.2020 vart det gjennomført kurs i kommunelova og tilhøyrande forskrifter.

I møtet bør kontrollutvalet drøfte seg fram til kva kurs ein ønskjer å få gjennomført våren 2020. Det normale til no har vore at kurskvoten for slike kurs har blitt fordelt på to halve dagar pr. år, kvar av dei med ein varighet på 2 timar og dei har blitt halde i samband med eit kontrollutvalsmøte.

Konklusjon

Sekretariatet tilrår at kontrollutvalet diskuterer kva kurs dei vil at Deloitte skal gjennomføre hausten 2020. Videre bør utvalet be sekretariatet ta seg av det praktiske med organisering og avvikling av kurset, gjerne i samarbeid med administrasjonen i Kvam herad.



**Kva kurs kan Deloitte tilby til
kontrollutvala?**

	Tema	Stikkord	
1	Innføring i kommunerekneskap	– Grunnleggjande innføring	
2	Offentlege innkjøp	– Kva er hovudprinsippa i regelverket?	
3	Meirverdiavgift og meirverdiavgiftskompensasjon	– Innføring i kompensasjonsordninga – Praktiske eksemplar	
4	Justeringsplikt og -rett	– MVA. ved (fylkes-)kommunens overtaking av bygg og anlegg	
5	Habilitet	– Kurset vil gi ei innføring i regelverk knytt til habilitet, korleis desse vurderingane kan gjerast og korleis (fylkes-) kommunen kan etablere gode rutinar for å sikre at tilsette ikkje handsamar saker kor dei er inhabile	
6	Kommunelova (eller utvalde deler av den lova) og tilhøyrande forskrifter	– Kva er dei viktigaste delane av lova som gjeld for arbeidet til kontrollutvalet? – Her kan vi sjå nærare på utvalde delar	
7	GDPR	– Skjerpa krav til informasjonstryggleik	
8	Arkivering, journalføring og offentlegheit		
9	Utvalde tema knytt til forvaltningsrevisjon og selskapskontroll	– Kva er forvaltningsrevisjon og/eller selskapskontroll? – Korleis gjere ei god bestilling? – Korleis følgje opp ein gjennomført revisjon?	
10	Roller og rolleforståing i kommunal eigarskapsforvaltning	– Roller og rolleforståing i kommunal eigarskapsforvaltning – Kva roller har kommunen sin eigarrepresentant, valte styremedlemmar mv.	

	Tema	Stikkord	
11	Avstemming av rekneskapen	- Kva bør ei avstemming innehalde? - Kor ofte bør avstemmingar utarbeidast? - Kva avstemmingar skal utarbeidast? - Kva regelverk gjeld på området?	
12	Internkontroll - Økonomi eller - Overordna (knytt til ny paragraf i kommunelov)		
13	Innberetning av lønn	- Kva ytingar er avgiftspliktige og kva er oppgåvepliktige?	
14	Investeringsrekneskap	- Krav til investeringsrekneskap - Skilje mellom driftsrekneskap og investeringsrekneskap - Kva skal bokførast i driftsrekneskapen? - Kva kriterium skal vere oppfylt for bokføring i investeringsrekneskapen?	
15	Andre rekneskapsmessige problemstillingar	- Tilpasse den enkelte kommune	
16	Leverandørrevisjonar - kva er kontrollutvalet si oppgåve og korleis skil desse seg frå andre revisjonar?	- Sjå i samband med nye innsynsmoglegheiter i kommunelova	
17	Roller og oppgåver i den kommunale eigenkontrollen - Ei innføring	- Kva er kontrollutvalet sin rolle og oppgaver - Korleis kan kontrollutvalet ivareta sine kontrolloppgåver	

Deloitte AS and Deloitte Advokatfirma AS are the Norwegian affiliates of Deloitte NSE LLP, a member firm of Deloitte Touche Tohmatsu Limited ("DTTL"), its network of member firms, and their related entities. DTTL and each of its member firms are legally separate and independent entities. DTTL (also referred to as "Deloitte Global") does not provide services to clients. Please see www.deloitte.no for a more detailed description of DTTL and its member firms.

Deloitte Norway conducts business through two legally separate and independent limited liability companies; Deloitte AS, providing audit, consulting, financial advisory and risk management services, and Deloitte Advokatfirma AS, providing tax and legal services.

Deloitte is a leading global provider of audit and assurance, consulting, financial advisory, risk advisory, tax and related services. Our network of member firms in more than 150 countries and territories serves four out of five Fortune Global 500® companies. Learn how Deloitte's approximately 286,000 people make an impact that matters at www.deloitte.no.

This communication contains general information only, and none of Deloitte Touche Tohmatsu Limited, its member firms, or their related entities (collectively, the "Deloitte Network") is, by means of this communication, rendering professional advice or services. Before making any decision or taking any action that may affect your finances or your business, you should consult a qualified professional adviser. No entity in the Deloitte Network shall be responsible for any loss whatsoever sustained by any person who relies on this communication.



Kvam herad

Sekretariat for kontrollutvalet

Saksframlegg

Saksnr: 2019/46-22
Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Kvam herad	26/20	21.09.2020

Bestilling av forvaltningsrevisjon

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet ønskjer at det vert gjennomført forvaltningsrevisjon innan
2. Deloitte vert beden om å levere forslag til prosjektplan i tråd med dei føringar utvalet har gjeve, inkl. føremål, problemstillingar, ev. avgrensingar, ressursbruk og leveringstidspunkt.
3. Forslag til prosjektplan bes levert sekretariatet seinast innan 05.10.2020.
4. Kontrollutvalet gjev leiar i utvalet, i samråd med sekretariatet, fullmakt til å godkjenne prosjektplanen.

Samandrag

Føremålet med denne saka er at kontrollutvalet skal ta stilling til kva område neste forvaltningsrevisjon skal gjennomførast innan.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
seniorrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kvam heradsstyre vedtok i sak 85/20 Plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020 – 2024 i møte 16.06.2020, der desse 8 prosjekta var sett opp i prioritert rekkefølge:

1. Barnehagar: Sjukefråvær og bruk av vikarar
2. Vedtaksoppfølging
3. Innkjøp
4. Berekraft, klima og miljø
5. Hardanger AKS AS (Storeholmen)
6. Leverandør- og kontraktsoppfølging
7. Investeringar
8. Kvammabadet KF

Vedtakskompetanse

Det er kontrollutvalet som har ansvar for å gjennomføre slike revisjonar. Det er likevel kommunestyret som har avgjersmynde i saka, etter innstilling frå kontrollutvalet, når revisjonsrapport ligg føre, jf. kommunelova § 23-3.

Vurderingar og verknader

Det er no tid for å bestille ein ny forvaltningsrevisjon. Kontrollutvalet skal for det første velga det nye prosjektet for gjennomføring av forvaltningsrevisjon. På bakgrunn av at heradsstyret nyleg har vedteke ein ny prioritert plan vil det vera naturleg av utvalet å velga det første prosjektet i planen; «Barnehagar: Sjukefråvær og bruk av vikarar». Det er sjølv sagt også mogleg å velga eit av dei andre prosjekta dersom det viser seg at det har skjedd ting som gjer at risikobiletet har endra seg etter at planen vart vedteke.

Når utvalet har bestemt kva prosjekt dei vil bestilla, bør dei formulera eit føremål med prosjektet. Vidare bør utvalet definera og avgrensa prosjektet nærare, t.d. ved å formulere problemstillingar/moment som ein vil at revisor skal finna svar på.

I dette arbeidet kan utvalet dra veksle på omtale av dei tre første prosjekta, slik det kjem fram i den vedtekte plan for forvaltningsrevisjon, og analysedokumentet som ligg til grunn for den:

Nr.	Prosjekt	Tema
1	Barnehagar: Sjukefråvær og bruk av vikarar	• Omfang av sjukefråvær og vikarbruk • Tiltak, system og rutinar ved fråvær og vikarbruk • Ivaretaking av pedagogisk tilbod og tryggleik <u>Frå analysedokumentet:</u> Heradet erfarer at det er utfordrande å få tak i kvalifiserte vikarar. Stort sett får ein alltid tak i vikarar, men dei er ikkje kvalifiserte. Når det gjeld sjukefråvær i heradet, utpeikar barnehagane seg med for høgt sjukefråvær. Dette er noko heradet har undersøkt sjølve og funne ut at sjukefråværet i barnehagane i liten grad er arbeidsrelatert. Nasjonale bemanningsnormar blir følgt, men KOSTRA-tal viser at del barnehagelærarar i høve til grunnbemanning er noko lågare i Kvam enn i kostragruppa og landet elles. • Risiko for at born i barnehagar ikkje får tilstrekkeleg oppfølging.

		• Risiko for uforsvarleg drift. • Risiko for regelbrot.
2	Vedtaksoppfølging	• System for oppfølging og iverksetting • Effektiv rapportering • Oversikt over vedtak <u>Frå analysedokumentet:</u> Det er fleire som etterlyser eit betre system for å halde oversikt over vedtak. Det kan opplevast som utfordrande for politikarane å leite opp informasjon om kva som er prosess og status for vedtak som er fatta. I tillegg er det arbeidskrevjande for administrasjonen å svare ut spørsmål knytt til vedtaka fordi politikarane ikkje finn denne informasjonen sjøve. Heradet har fram til no hatt ein oversikt over vedtaksoppfølginga i Excel, med tilbakemelding på kvart enkelt vedtak. Kommunen har kjøpt verksemdstyringsverktøyet Framsikt for å halde oversikt over vedtak i framtida. Alle vedtak skal inn i dette systemet. Ein er ikkje kome i gang med dette, og det manglar opplæring av administrasjonen i korleis ein skal bruke systemet og oppdatere statusen på vedtaka. • Risiko for unødig tidsbruk i administrasjonen. • Risiko for at vedtak ikkje blir iverksett og tilfredsstillande følgt opp.
3	Innkjøp	• System, rutinar og kompetanse for gjennomføring av innkjøp i samsvar med regelverk • Bruk av rammeavtalar <u>Frå analysedokumentet:</u> Regelverket for offentlege anskaffingar er komplekst og stiller strenge krav til innkjøparar. Det er slik ein ibuande regulatorisk risiko på området. I undersøkinga blir det ikkje peika på særskilt risiko knytt til innkjøp. Heradet har ein ein controllar og ein jurist arbeider med innkjøp. Ofte sterkt ønske blant tilsette om å nytte lokale leverandørar sjølv om kommunen ikkje har avtale med desse. Også døme på at einingar opplever at dei får svært gode tilbod som dei ønskjer å nytte, men oppfatninga er at desse tilfella blir fanga opp. • Risiko for brot på regelverket • Risiko for kostnadsineffektive innkjøp • Risiko for økonomiske mislegheiter knytt til innkjøp

Konklusjon

Det vert invitert til val av prosjekt i møtet, samt drøfting knytt til formulering av føremål, definering og avgrensing av prosjekt. Sekretariatet tilrår at kontrollutvalet ber Deloitte utarbeide forslag til prosjektplan i tråd med dei føringar utvalet har gjeve, inkl. føremål, problemstillingar, ev. avgrensingar, ressursbruk og leveringstidspunkt. For at Deloitte skal komme i gang med arbeidet, slik at delar av det vert utført i 2020, vert det tilrådd at kontrollutvalet gjev leiar i utvalet, i samråd med sekretariatet, fullmakt til å godkjenne prosjektplanen. Prosjektplanen vert å levere sekretariatet innan 05.10.2020.



Kvam herad

Sekretariat for kontrollutvalet
Saksframlegg

Saksnr: 2020/91-4
Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Kvam herad	27/20	21.09.2020

Budsjett for kontrollarbeidet i Kvam herad 2021

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet vedtek forslag til budsjett for kontrollarbeidet i Kvam herad for 2021 inkludert endringar som vert gjort i møtet.
2. Budsjettforslaget skal følgje sak med budsjettarbeid fram til handsaming i heradsstyret. Heradsstyret gjer endeleg vedtak om budsjett for kontrollarbeidet i 2021.

Samandrag

Føremålet med denne saka er at kontrollutvalet skal leggje fram forslag til budsjett for kontrollarbeidet i Kvam herad for 2021.

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Roald Breistein
seniorrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Budsjett for kontrollarbeidet i Kvam herad 2021 - Taldel

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Av forskrift for kontrollutvalg og revisjon kan en i § 2 «Kontrollutvalgets rolle i fastsettelsen av budsjett for kontrollarbeidet» lese:

«Kontrollutvalget skal utarbeide forslag til budsjett for kontrollarbeidet i kommunen eller fylkeskommunen. Forslaget skal følge innstillingen til årsbudsjettet etter kommuneloven § 14-3 tredje ledd til kommunestyret eller fylkestinget.»

Kontrollutvalet sine oppgaver: (Kommunelova)

§ 23-2 Kontrollutvalgets ansvar og myndighet

Kontrollutvalget skal påse at

- a) kommunens eller fylkeskommunens regnskaper blir revidert på en betryggende måte
- b) det føres kontroll med at den økonomiske forvaltningen foregår i samsvar med gjeldende bestemmelser og vedtak
- c) det utføres forvaltningsrevisjon av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet, og av selskaper kommunen eller fylkeskommunen har eierinteresser i
- d) det føres kontroll med forvaltningen av kommunens eller fylkeskommunens eierinteresser i selskaper mv. (eierskapskontroll)
- e) vedtak som kommunestyret eller fylkestinget treffer ved behandlingen av revisjonsrapporter, blir fulgt opp.

§ 23-3 Forvaltningsrevisjon

«Forvaltningsrevisjon innebærer å gjennomføre systematiske vurderinger av økonomi, produktivitet, regeletterlevelse, måloppnåelse og virkninger ut fra kommunestyrets eller fylkestingets vedtak.»

Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden, og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan som viser på hvilke områder det skal gjennomføres forvaltningsrevisjoner. Planen skal baseres på en risiko- og vesentlighetsvurdering av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet og virksomheten i kommunens eller fylkeskommunens selskaper. Hensikten med risiko- og vesentlighetsvurderingen er å finne ut hvor det er størst behov for forvaltningsrevisjon.

Planen skal vedtas av kommunestyret og fylkestinget selv. Kommunestyret og fylkestinget kan delegere til kontrollutvalget å gjøre endringer i planen.»

§ 23-4 Eierskapskontroll

«Eierskapskontroll innebærer å kontrollere om den som utøver kommunens eller fylkeskommunens eierinteresser, gjør dette i samsvar med lover og forskrifter, kommunestyrets eller fylkestingets vedtak og anerkjente prinsipper for eierstyring.

Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden, og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for hvilke eierskapskontroller som skal gjennomføres. Planen skal baseres på en risiko- og vesentlighetsvurdering av kommunens og fylkeskommunens eierskap. Hensikten med risiko- og vesentlighetsvurderingen er å finne ut hvor det er størst behov for eierskapskontroll.

Planen skal vedtas av kommunestyret og fylkestinget selv. Kommunestyret og fylkestinget kan delegere til kontrollutvalget å gjøre endringer i planen.»

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet skal utarbeide budsjettforslag for kontrollarbeidet, medan det er heradsstyret som har vedtakskompetansen i saka, jf. forskrift om kontrollutvalg og revisjon § 2.

Vurderingar og verknader

Kontrollutvalet er gjeve ansvaret i høve kommunelova § 2 til å utarbeida budsjettforslag for heradet sitt kontrollarbeid. Budsjettforslaget vert innstilt direkte til politisk organ då det er administrasjonen som i hovudsak vert gjenstand for kontroll og revisjon.

For revisjonstenestene er det teke utgangspunkt i inneverande budsjettår og avtale med ekstern revisor, og denne er konsumprisregulert i høve avtale.

Vidare er det lagt til grunn at det vanlegvis er 5 møter i kontrollutvalet for året, med om lag like stor saksmengde som «eit vanleg år». Møtegodtgjersle og tapt arbeidsforteneste for medlemene i kontrollutvalet er her budsjettert i høve reglement. Kostnader er medteke slik at medlemmar i kontrollutvalet kan delta på ein nasjonal fagleg kontrollkonferanse, medlemskap i Forum for Kontroll og Tilsyn (FKT), servering på utvalsmøta og ein diversepost. Det er lagt inn ein sum til ekstra tiltaksmidlar til eventuelle ad-hoc oppgåver som til dømes øvrig forvaltningsrevisjon, eigarskapskontroll, utgreiing og ekstra oppgåver som til dømes bestillingar frå heradsstyret og medieoppslag.

Pris for tenestene sekretariatet gjer for kontrollutvalet er lagt inn i høve avtale mellom Vestland fylkeskommune og Kvam herad.

Konklusjon

Sekretariatet tilrår at kontrollutvalet vedtek forslag til budsjett inkludert dei endringar som vert gjort i møtet.

Budsjettforslag kontrollutvalet i Kvam herad for 2021

Konto	Tekst	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Merknad
10800	Godtgjersle folkevalde	kr 25 000	kr 25 000	
10802	Tapt arbeidsforteneste	kr 11 000	kr 11 000	
	Feriepengar av tapt arbeidsforteneste	kr 1 320	kr 1 320	
10803	Frikjøp	kr 37 000	kr 37 000	Frikjøp leiar
	Delsum	kr 74 320	kr 74 320	
10990	Arbeidsgiveravgift (AGA)	kr 10 479	kr 10 479	
	Delsum	kr 84 799	kr 84 799	
11000	Diverse inkl abb	kr 5 000	kr 5 000	
11151	Servering på møta	kr 6 300	kr 6 300	
11207	Reiseutg.m.m. ikkje oppg. pl.			
11500	Kurs/konferanse	kr 18 000	kr 18 000	FKT og NKRF konferansane
11500	Folkevaldopplæring for kontrollutvalet	kr 20 000		Folkevaldopplæring kontrollutvalet, normalt kvart 2. år
11600	Reise- og opphaldsutgifter oppg.pl.	kr 14 000	kr 14 000	FKT og NKRF konferansane
11700	Persontransport	kr -	kr -	
11951	Kontingentar	kr 7 000	kr 7 000	Medlemskap FKT, jfr. årsmøtevedtak 2018
12700	Planarbeid			kr. 154 000 for 2020
12700	Kjøp av sekretariatstenester	kr 180 500	kr 196 000	I høve avtale med Kvam herad, brev sendt 2014
12700	Konkurransesetting av revisjon	kr 30 000	kr -	
12700	Ekstra tiltaksmidlar	kr 50 000	kr 50 000	
12700	Kjøp av revisjonstenester Deloitte AS	kr 603 473	kr 611 626	I høve avtale frå 01.07.2020
	Delsum	kr 934 273	kr 907 926	
14290	Meirverdiavgift	kr 228 808	kr 222 222	
17290	Moms-kompensasjon	kr -228 808	kr -222 222	
16900	Interne overføringer (VAR)	kr -30 954		
	Total budsjetttramme	kr 988 118	kr 992 725	



Kvam herad

Sekretariat for kontrollutvalet
Saksframlegg

Saksnr: 2019/19-16
Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Kvam herad	28/20	21.09.2020

Oppfølging - Forvaltningsrevisjon trygt og godt skulemiljø i Kvam herad

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet har merka seg at forbetningsarbeidet etter forvaltningsrevisjon innan «Arbeidet med å sikre eit trygt og godt skulemiljø og bruk av IKT i grunnskulen i Kvam» er vorte forseinka. Vidare har ein merka seg at grunnen til dette er at Korona-pandemien har ført til at ein del andre oppgåver måtte prioriterast, noko utvalet har stor forståing for.
2. Kontrollutvalet ber rådmannen om å komme med ny skriftleg status på oppfølging av denne forvaltningsrevisjonen til første møte i utvalet i 2021.
3. Tilbakemeldinga vert å sende sekretariatet 3 veker før møtedato.

Samandrag

Denne saka er kontrollutvalet si andre oppfølging av vedtak gjort i heradsstyret 17.12.2019 av forvaltningsrevisjonsrapport innan «Arbeidet med å sikre eit trygt og godt skulemiljø og bruk av IKT i grunnskulane».

Hogne Haktorsen
kontrollsjef

Roald Breistein
seniorrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Status i arbeidet med å sikra eit trygt og godt skulemiljø og arbei
- 2 Handlingsplan forvaltningsrevisjon revidert aug 2020, (1)

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Heradsstyret i Kvam herad gjorde slikt vedtak i sak 141/19 i møte 17.12.2019:

«På bakgrunn av forvaltningsrevisjonsrapporten; Arbeidet med å sikre eit trygt og godt skulemiljø og bruk av IKT i grunnskulane, ber heradsstyret rådmannen syta for:

- 1. at alle skulane har lovpålagt skulemiljøutval og gjennomfører møte i skulemiljøutvalet, samt arbeider for å synleggjere og tydeleggjere ytterlegare kva som kan og bør vere skulemiljøutvalet si rolle ved skulane.*
- 2. at det blir gitt tydelege føringar for korleis dei tilsette skal oppfylle aktivitetsplikta. Mellom anna må det i større grad utarbeidast skriftlege rutinar knytt til ivaretaking av dei ulike handlingsplanane.*
- 3. at det føreligg tydelege føringar knytt til ivaretaking av den skjerpa aktivitetsplikta, og at det på skulane blir retta merksemd mot den skjerpa aktivitetsplikta.*
- 4. at skulane har system for å jamleg informere om aktivitetsplikta og drøfte i personalet kva denne inneber, samt etablerer rutinar for å sikre at ulike yrkesgrupper som jamleg utfører arbeid ved skulane i kommunen også er informert om aktivitetsplikta.*
- 5. å tydeleggjera overfor skulane korleis ein kan sikre at eleven si røyst kjem fram ved utarbeiding av tiltak i aktivitetsplanen, og sikrar at det er etterprøvbart i kva grad involverte elevane har blitt høyrde og kva elevane har gitt uttrykk for.*
- 6. at skulane, gjennom erfaringsdeling og opplæring, får ein felles terskel for å opprette aktivitetsplanar, og at det alltid blir oppretta aktivitetsplan i dei tilfella lova krev det.*
- 7. å tydeleggjera korleis skulane skal dokumentere kva som er gjort for å oppfylle aktivitetsplikta i førekant av arbeidet med aktivitetsplan (kva informasjon som er av slik karakter at den skal dokumenterast og kven som har ansvar for å dokumentere), og sikrar at informasjon som inneheld personopplysningar blir dokumentert og oppbevart i tråd med krav til personvern.*
- 8. å sikra at sanksjonane som er skildra i ordensreglementa er i tråd med gjeldande regelverk.*
- 9. at mangel på digitale verktøy eller internett samband ikkje er hinder for at lærarane skal ta i bruk IKT i undervisninga.*
- 10. å utarbeide eit system som gjev lærarane i heradet betre oversikt over kva digitale læremiddel som er tilgjengeleg for dei i deira fag.*
- 11. at lærarane har tilstrekkeleg kompetanse innan IKT til å ta i bruk digitale verktøy og digitale læremiddel, slik at elevane får tileigna seg digitale ferdigheiter.*
- 12. Å laga ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 15.02.2020 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.»*

Kontrollutvalet har eit spesielt ansvar for å følgje opp at heradsstyret sine vedtak i samband med rapportar om forvaltningsrevisjon blir følgt opp, jf. kommunelova § 23-2, e der det står dette:

«Kontrollutvalget skal påse at:

e) vedtak som kommunestyret eller fylkestinget treffer ved behandlingen av revisjonsrapporter, blir fulgt opp.»

Rapportering til heradsstyret i tråd med dette skjer normalt i samband med at kontrollutvalet årleg legg fram si årsmelding for heradsstyret til godkjenning.

Handlingsplan i tråd med punkt 12 i vedtaket over vart handsama i møte i kontrollutvalet 09.03.2020 der det vart gjort slikt vedtak:

- 1. Kontrollutvalet har merka seg at det er sett i gang ein del positive prosesser for å bidra til å betre rutineane innan «Arbeidet med å sikre eit trygt og godt skulemiljø og bruk av IKT i grunnskulen i Kvam».*

2. *Kontrollutvalet ber rådmannen om å komme med ny skriftleg status på oppfølging av denne forvaltningsrevisjonen til møte i utvalet 14.09.2020. Tilbakemeldinga vert å sende sekretariatet innan 31.08.2020.*

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse til å følgje opp heraddstyret sine vedtak etter revisjonsrapportar, jf. kommunelova § 23-2, e.

Vurderingar og verknader

På bakgrunn av vedtaket over er tilbakemelding, dagsett 26.08.2020, motteke i sekretariatet. Tilbakemeldinga m/vedlegg ligg ved.

Av tilbakemeldinga går det fram at dei fleste fristane som var sett i handlingsplanen som vart handsama i møte i kontrollutvalet 09.03.2020 er vorte utsett. Det vert argumentert med at Korona-pandemien førte til at ein del andre oppgåver måtte prioriterast, noko sekretariatet har stor forståing for. Det går vidare fram av tilbakemeldinga at det meste av forbetningsarbeidet skal vera ferdig gjennomført innan utgangen av 2020. Vidare går det fram at resten av forbetningsarbeidet, som er av meir langsiktig karakter, skal vera i første halvår 2021. På bakgrunn av det som går fram over bør kontrollutvalet be om å få tilsendt ny skriftleg status på oppfølging av denne forvaltningsrevisjonen til første møte i 2021.

Konklusjon

Sekretariatet tilrår at kontrollutvalet merkar seg at forbetningsarbeidet etter forvaltningsrevisjon innan «Arbeidet med å sikre eit trygt og godt skulemiljø og bruk av IKT i grunnskulen i Kvam» er vorte forseinka. Vidare vert det tilrådd at utvalet har merka seg at grunnen til dette er at Korona-pandemien har ført til at ein del andre oppgåver måtte prioriterast og at utvalet har stor forståing for det.

Vidare tilrår sekretariatet at kontrollutvalet ber rådmannen om å komme med ny skriftleg status på oppfølging av denne forvaltningsrevisjonen til første møte i utvalet i 2021. Sakstilfanget vert å sende sekretariatet 3 veker før møtedato.



Kontrollutvalet Kvam herad

Vår ref.
19/660-12/N-212.0/HEIFOS

Dykkar ref.

Dato:
26.08.2020

Status i arbeidet med å sikra eit trygt og godt skulemiljø og arbeid med IKT i skulen

Rådmannen viser til vedtak i kontrollutvalet 09.03.2020 der utvalet bed om skriftleg status på oppfølging av forvaltningsrevisjonen.

Handlingsplanen som kontrollutvalet fekk tilsendt i februar 2020 er framleis gjeldande plan. Det er mindre endringar når det gjeld korleis dei ulike oppgåvene skal løysast. Det er gjort endringar i tidsfristane, då det er nokre manglar og arbeid som står att før tiltaka er ferdigstilte.

Administrasjonen er godt i gong med tiltaka. Det er eit omfattande og stort arbeid som krev mykje førebuing og der ein vidare er heilt avhengig av drøftingar og refleksjon saman med skuleleiinga ved dei ulike skulane i heradet. Ein del av intensjonen med arbeidet er at alle elevar i Kvam vert møtt på same gode, profesjonelle måte uavhengig av kva skule dei går på. Korona-pandemien førte mellom anna til at ein del andre oppgåver måtte prioriterast. Dette er noko av grunnen til at administrasjonen må forskyva tidsplanen noko. Revidert handlingsplan er lagt ved.

I handlingsplanen frå februar er eit av tiltaka at det skulle tilsetjast koordinator for digitalisering. Ein ser framleis trong for at dette arbeidet vert koordinert, men etter ein utlysingsrunde og erfaringane ein gjorde seg med fjernundervisning/heimeundervisning er dette sett på vent. Administrasjonen ynskjer å sjå meir på samansetjinga og mandatet for IKT-gruppa, samt gjera nokre nye vurderingar kring emnet digitalisering.

Det er tre hovudområde innan digitalisering det må lagast planar for:

1. Digital kompetanse tilsette i skulen: kva kompetanse treng tilsette, oversikt over kva dei treng av kurs/opplæring og korleis me sikrar lik kompetanseheving for alle tilsette i skulane i Kvam.
2. Digital kompetanse elevar: Plan for digital kompetanse hjå elevar frå 1.-10. trinn som samsvarar med kompetansemåla i Kunnskapsløftet 2020.
3. Digital infrastruktur og utstyr: Sikra at nettverk og maskinvare er oppdatert og i samsvar med behov, samt avgjera kva læringsplattformer, lisensar osb. skulane i Kvam herad skal ha.

Punkt 1 og 2 er arbeid som skal prioriterast å koma i gong med inneverande skuleår. Det er ein stor organisasjon med mange tilsette og der det kan vera sprik i kompetansenivået. Det skal vera rom for å gå framfor å visa veg og at ingen kjenner på stagnasjon medan det vert jobba med å heva nivået. Det viktigaste er at me veit korleis me sikrar at alle tilsette har tilstrekkeleg

kompetanse til å kunna nytta både digitale læremiddel og digitalt utstyr for å gje elevane dei beste føresetnadane for å utvikla digital kompetanse. Målet er å få oversikt og laga plan i inneverande skuleår. Opplæringa og kompetanseheving vil vidare vera ei kontinuerleg oppgåve.

Punkt 3 er samansett og gjeld både struktur, pedagogiske programvare og digitalt utstyr. Her er det utprøving og val innan pedagogisk programvare som administrasjonen må ta stilling til i nært samarbeid med brukarane. Målet er å få dette på plass i haust. Når det gjeld maskinvare og utstyr elles, er det større spørsmål som bør drøftast. I dag er det skilnad mellom skulane mellom anna når det gjeld tal maskiner i høve til elevtal.

Helsing

Heidi Fossdal

Skulefagleg rådgjevar

Telefon: 56553058

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:

Anita Hesthamar

Astrid-Anett Steine

Inga Lill Jensen Tolo

Vedlegg

26.08.2020

Tittel

Handlingsplan forvaltningsrevisjon revidert aug 2020, (1)

Handlingsplan etter forvaltningsrevisjon skule 2019:

“Arbeid med å sikre eit trygt og godt skulemiljø og bruk av IKT i grunnskulane”

I samsvar med vedtak 141/19, 19.12.2019 i heradsstyret «Laga ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 24.02.2020 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga», er det utarbeida fylgjande handlingsplan for det vidare arbeidet. (Handlingsplanen er revidert august 2020):

	Oppgåve	Tiltak	Ansvar	Prioritet/frist
1.	Alle skulane har lovpålagte skulemiljøutval og gjennomfører møte i Skulemiljøutvalet, samt arbeider for å synleggjera og tydeleggjera ytterlegare kva som kan og bør vera Skulemiljøutvalet si rolle ved skulane.	- Rutine for gjennomføring av SU/SMU vert laga og lagt i Compilo. Rutinen skal innehalda informasjon om kva type saker som skal opp i desse møta. - Gjennomføra møte i SU/SMU - Gjennomføring av møta vert lagt som oppgåve for rektor i 1310. - Kontrollera at oppgåvene i 1310 er utført i tråd med rutina.	Skuleeigar Rektor Skuleeigar Skuleeigar	01.09.20 15.10.20 01.09.20 (endra) 20.10.20
2.	Det blir gitt tydelege føringar for korleis dei tilsette skal oppfylle aktivitetsplikta. Mellom anna bør det i større grad utarbeidast skriftlege rutinar knytt til ivaretaking av alle dei ulike handlingspliktene.	- Utarbeida ny «Overordna plan for trygt og godt skulemiljø», (inkl. Handlingsplan mot krenkande åtferd) - Laga skriftlege rutinar knytt til dei ulike handlingspliktene. - Gjennomføring og kontroll vert lagt som oppgåve for rektor i 1310.	Skuleeigar Skuleeigar Skuleeigar	01.11.20 (endra)

3.	Det føreligg tydelege føringar knytt til ivaretaking av den skjerpa aktivitetsplikta, og at det på skulane blir retta merksemd mot den skjerpa aktivitetsplikta.	• Utarbeida eigen rutine som gjeld «Skjerpa aktivitetsplikt». • Gjennomføring vert lagt som oppgåve for rektor i 1310. • Kontrollera at oppgåve i 1310 er utført.	Skuleeigar Skuleeigar Skuleeigar	01.07.20 (fullført) 01.11.20 01.11.20
4.	a) Skulane har system for å jamleg informere om aktivitetsplikta og drøfta i personalet kva denne inneber, b)samt etablerer rutinar for å sikre at ulike yrkesgrupper som jamleg utfører arbeid ved skulane i kommunen også er informert om aktivitetsplikta.	• Oppgåve som gjeld informasjon og drøfting av aktivitetsplikta vert lagt inn i 1310. • Informasjon og drøfting vert gjennomført to gongar årleg, ved skulestart om hausten og innan 1. februar. • Utarbeida rutine om aktivitetsplikta til leiarar for ulike tenester som jamleg har oppgåver i skulane. Desse leiarane får ansvar for å dela denne informasjonen med sine tilsette og melda tilbake til skuleeigar når dette er gjort.	Skuleeigar Rektor Skuleeigar	01.11.20 (endra)
5.	Tydeleggjera overfor skulane korleis ein kan sikre at eleven si røyst kjem fram ved utarbeiding av tiltak i aktivitetsplanen, og sikrar at det kan etterprøvast i kva grad involverte elevar har blitt høyrd og kva elevane har gitt uttrykk for.	• Malen for Aktivitetsplan er endra. Elevmerknad er eit eige punkt i den endra malen. Dette sikrar at det kan etterprøvast om eleven er blitt høyrd. • Aktivitetsplan skal liggja i Compilo. Framtidige oppdateringar av planen skjer i dette kvalitetssystemet.	Skuleeigar Skuleeigar	01.09.20 (endra)
6.	Skulane skal, gjennom erfaringsdeling og opplæring, få ein felles terskel for å opprette aktivitetsplanar, og at det alltid	• Skuleigarnivå: § 9A vert fast tema på rektormøte. Dette vert lagt inn i malen for møtet. Erfaringsdeling og opplæring.	Skuleeigar	01.11.20 (endra)

	blir oppretta aktivitetsplan i dei tilfella lova krev det.	- Skulenivå: § 9A tema på møte rektor har med sine tilsette. (Viser til punkt 4) - Rapportering kvartalsvis til skuleeigar i Teams på tal aktivitetsplanar. - Arbeidsoppgåvene vert lagt inn i rutinen og som oppgåve i 1310.	Rektor Skuleeigar Skuleeigar	
7.	Tydeleggjera korleis skulane skal dokumentera kva som er gjort for å oppfylle aktivitetsplikta i førekant av arbeidet med aktivitetsplan (kva informasjon som er av slik karakter at den skal dokumenterast og kven som har ansvar for å dokumentera), og sikrar at informasjon som inneheld personopplysningar blir dokumentert og oppbevart i tråd med krav til personvern.	- Dokumentasjon vert lagt inn som eige punkt i ny rutine som gjeld aktivitetsplikt. Her skal det gå fram kva som skal dokumenterast, kvar det skal dokumenterast og kven som har ansvaret. - GDPR-protokollar skal utarbeidast.	Skuleeigar Skuleeigar/rektor	01.11.20 (endra)
8.	Sikra at sanksjonane som er skildra i skulane sine ordensreglement er i tråd med gjeldande regelverk.	- Ordensreglement – sanksjonane som gjeld å halda att mobil etter skuletid ved misbruk, er ikkje tråd med lova. Informasjon er sendt ut til rektorane. - Ordensreglement på skulane må endrast. - Kontrollera at oppgåva er utført.	Skuleeigar Rektor Skuleeigar	01.05.20
9.	Mangel på digitale verktøy eller internettsamband skal ikkje vera til	Måltal for pc-tettleik er henta inn. Ut frå tala skal det utarbeidast prioriteringsliste for komande innkjøp.	Skuleeigar/IT	01.07.20?

	hinder for at lærarane skal ta i bruk IKT i undervisninga.	• Alle skulane har no fått nytt Wifi, bortsett frå Strandebarm som får dette installert. • Samansetning og mandat for IKT-gruppa skal evaluerast	IT	01.09.20 (endra)
10.	Utarbeide eit system som gjev lærarane i heradet betre oversikt over kva digitale læremiddel som er tilgjengeleg for dei i deira fag.	• Laga oversikt/portal som syner digitale læremiddel som er tilgjengelege i heradet og på dei ulike skulane.	IKT-gruppa/IT	01.10.20
11.	Lærarane har tilstrekkeleg kompetanse innan IKT til å ta i bruk digitale verktøy og digitale læremiddel, slik at elevane får tileigna seg digitale ferdigheiter.	• Kartleggja status for bruk av digitale læremiddel ute i skulane, samt utarbeida kompetanseplan for IKT i skulen. Plan for digital kompetanse skal innehalda implementering, iverksetjing og vidare arbeid for å fornya/oppretthalda kompetansen hos dei tilsette. • Det skal gjennomførast ei undersøking/kartlegging av kompetansen til dei tilsette som gjev konkrete svar på kva som hindrar bruk av IKT. IT-avdelinga opplever no lite tilbakemeldingar på feil og manglar. • Utarbeida plan for kompetanseheving innan IKT, både for tilsette og elevar. Sjå punkt 11.	Skuleeigar/IKT-gruppe Skuleeigar/tilsette/IKT-gruppa Skuleeigar/IKT-gruppa	01.07.21 01.11.20 (endra) 01.02.21 (endra)

Utarbeida av Oppvekst stab, februar 2020

Revidert august 2020



Kvam herad

Sekretariat for kontrollutvalet

Saksframlegg

Saksnr: 2020/74-7

Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Kvam herad	29/20	21.09.2020

Gjennomgang av møteprotokollar

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar møteprotokollane som går fram av saksframstilling til orientering.

Samandrag

I denne saka er tanken at kontrollutvalet skal gjera ei vurdering av saker i møteprotokollar frå andre politiske utval i Kvam herad.

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Roald Breistein
seniorrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

I møte i kontrollutvalet 09.03.2020 vart kontrollutvalet samde om å fordele oppgåvene med å lese gjennom møteprotokollane slik:

Politisk organ:	Kontrollutvalsmedlem:
Heradsstyret	Anita Sørnes
Formannskapet	Håvard Gjerde og Svanhild A. Botnen
Miljø, plan og bygningsutval	Gjermund Stuve og Michael Iversen

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse i denne saka, jf. kommunelova § 23-2.

Vurderingar og verknader

I denne saka er tanken at kontrollutvalet skal gjera ei vurdering av saker i møteprotokollar frå andre politiske utval i Kvam herad. Møteprotokollane kan lastast ned frå heimesida til heradet på denne lenkja: <https://www.kvam.no/politikk-og-organisasjon/politikk/moteplan/>

Kontrollutvalet kan be om nærare informasjon om enkeltsaker og drøfte ulike problemstillingar som ein finn av særleg interesse i protokollane. Dette er ein av fleire måtar å gjera seg kjent med det politiske arbeidet i heradet på, og kunne fange opp saker som no eller på eit seinere tidspunkt kan vera eit aktuelt saksfelt for kontrollutvalet.

Til dette møtet er det desse møteprotokollane som er aktuell for gjennomgang:

- Heradsstyret 16.06.2020
- Formannskapet 10.06.2020
- Miljø, plan og bygningsutval 09.06.2020

Konklusjon

Dersom det ikkje kjem fram noko spesielt i gjennomgangen av protokollane vert det tilrådd at kontrollutvalet tar møteprotokollene som går fram av saksfremstillinga over til orientering.



Kvam herad

Sekretariat for kontrollutvalet

Saksframlegg

Saksnr: 2020/77-5

Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Kvam herad	30/20	21.09.2020

Eventuelt

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

Samandrag

Det vert lagt opp til å ha eventuelt på saklista for å ivareta det enkelte medlem i utvalet sin moglegheit til å sjølv å ta opp saker eller gjera vedtak i saker som ikkje er på sakslista.

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Roald Breistein
seniorrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Vedtak i kontrollutvalget 09.03.2020 i PS 10/20 der utvalet vedtok å ha eventuelt som sak i kvart møte.

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse i denne saka, jf. kommunelova § 11-3 og § 23-2

Vurderingar og verknader

Dersom det vert teke opp saker som krev nærare undersøkingar, eller innhenting av fleire opplysningar, før ein kan konkludere med at det er ei sak for kontrollutvalet, bør utvalet be sekretariatet førebu sak om dette til neste møte.

Konklusjon

Føremålet er å gje opning for å få nærare undersøkingar av saker som kontrollutvalet ønskjer å få utgreidd til neste møte, eventuelt til eit seinare møte i utvalet. Dessuten eventuelt å få orientering frå rådmannen eller andre i eit seinare møte.